

## Ti år etter terroren

Ei lesing av *22. juli - og alle dagene etterpå*  
av Tonje Brenna (2021)

ANNE N. KNUTSEN

RETTLEIAR

Unni Langås

**Universitetet i Agder, 2022**

Fakultet for humaniora og pedagogikk

Institutt for nordisk og mediefag



## Forord

Innleveringa av denne masteroppgåva er med på å markere at fem år på lektorstudiet ved Universitetet i Agder er over. Det har vore utruleg innhaldsrike, lærerike og fine år.

Skrijvinga av denne oppgåva har bydd på fleire krevjande stopp på vegen, men no er eg endeleg i mål. Tusen takk til min dyktige rettleiar, Unni Langås, for veldig nyttig rettleiing og enorm kunnskap. Det har vore utruleg lærerikt, og takk for alle ærlege tilbakemeldingar gjennom året.

Tusen takk til mamma, pappa og Johanne, og enormt med takk til tolmodige Isak. For støttande ord, motivasjon og inspirasjon frå start til slutt. De alle er heilt fantastiske, og eg er evig takknemleg.

Eg vil til slutt rette ei spesiell takk til alle på lesesalen i bygg 46. Kva hadde masterskrivinga vore utan sosiale lunsjstunder, kaffislabberas og motivasjonstaler? Kva hadde masterskrivinga vore utan dagskift, kveldsskift og nattskrift? De har vore med på å gjere masterprosessen til noko veldig fint. Lykke til vidare alle saman! Eg heier veldig på alle.

Anne N. Knutsen

Kristiansand, mai 2022

# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>5</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>6</b>
<b>1.0 Ti år etter terroren</b> .....	<b>7</b>
1.1 22.07.2011 .....	8
1.2 22. juli-litteraturen .....	8
1.3 Tidlegare forskning.....	11
1.4 Problemstilling og metodisk tilnærming.....	14
1.5 Strukturen i oppgåva .....	16
<b>2.0 Empirisk materiale</b> .....	<b>18</b>
2.1. 22. juli – og alle dagene etterpå.....	18
2.2 Sjangerdiskusjon.....	20
<b>3.0 Teoretisk grunnlag</b> .....	<b>27</b>
3.1 Traumeteori .....	27
3.1.1 Traume .....	27
3.1.2 Det individuelle traumet .....	30
3.1.3 Det kollektive traumet .....	33
3.2 Vitnesbyrd.....	36
3.2.1 Vitnesbyrd.....	36
3.2.2 Traume i det litteraturvitskaplege forskingsfeltet.....	40
3.3 Litterære framstillingar av traumatiske erfaringar i møte med ei politisk kontekst .....	44
3.3.1 Terrorerfaringar .....	44
3.3.2 Debatten om 22. juli-debatten.....	46
<b>4.0 Analyse</b> .....	<b>49</b>
4.1 Korleis fortel Brenna om det individuelle nivået i terrorerfaringa? .....	49
4.1.1 Det visuelle aspektet .....	49
4.1.2 Dei temporale forholda .....	51
4.1.3 Krisekretsar – «overlevande» .....	54
4.1.4 Gjennomleve dei personlege minna i skriveprosessen .....	57

<i>4.2 Korleis fortel Brenna om den kollektive dimensjonen i terrorerfaringa?</i> .....	60
4.2.1 Det kulturkontekstuelle møte mellom individ og samfunn etter 22. juli .....	60
4.2.2 Den sosiale dimensjonen i eit terrortraume .....	62
<i>4.3 Kvifor skrive vitnesbyrd ti år etter terrorerfaringa?</i> .....	65
4.3.1 Dreining av siktemål .....	66
4.3.2 Å skape ei felles tidslinje .....	68
4.3.3 Det «riktige» tidspunktet – for seg sjølv? .....	69
4.3.4 Den politiske etterdiskusjonen i bokform .....	70
4.3.5 Til minne .....	74
<b>5.0 Konklusjon</b> .....	<b>77</b>
<b>Litteratur</b> .....	<b>79</b>

## Samandrag

Temaet for denne oppgåva er 22. juli-litteratur, med fokus på vitnesbyrd som vart publisert ti år etter terroren. Det empiriske materialet som danner grunnlaget for oppgåva er *22. juli – og alle dagene etterpå* (2021) skriven av Utøya-overlevande Tonje Brenna. Boka er ein litterær sjølvbiografisk refleksjon med ein tosidig distinksjon, mellom tida under terrortimane og konsekvensrefleksjonar om ettermælet i eit perspektiv på ti år. Først skal eg gjere ein sjangerdiskusjon, i lys av relevant sjangerteori. Det teoretiske utgangspunktet eg legg til grunn for analysen er eit traumeteoretisk fundament og teori om å formidle vidare personleg vitnesbyrd. Deretter ser eg på litterære framstillingar av traumeerfaringar i møte med ein politisk og samfunnsaktuell kontekst.

Analysekapittelet er delt inn i tre delar, som kvar for seg speglar eit analyse spørsmål. Gjennom dei to første analyse spørsmåla undersøker eg korleis augevitneforteljinga gir form til traumeerfaringar på det individuelle nivået og i den kollektive dimensjonen. Brenna presenterer det individuelle nivået, som inneheld både augevitneforteljinga frå terrordøgnet og refleksjonar kring etterverknadane av terroren. Bruk av historisk presens og tempusendringar i teksta er med på å skape eit markant skilje mellom opplevingane under og etter terroren. På grunn av eigenarten i ei terrorerfaring er det interessant å undersøke kryssingspunktet mellom den personlege erfaringa og den sosiale dimensjonen. Analysen viser deretter at vitnesbyrd peikar både innovergåande, med fokus på å dele egne erfaringar, og utovergåande, formidle vidare innsikt om andre sine erfaringar.

Det siste analyse spørsmålet utforskar kvifor Brenna gir ut eit vitnesbyrd no, ti år etter terroren. Oppgåva syner at Brenna peiker på kollektive og individuelle hensikter ved utgivinga, gjennom bruk av relevant teori og tidlegare forskning. Vidare undersøker oppgåva Brenna sitt syn på etterreaksjonar i samfunnet, og til slutt korleis boka er med på arbeid til minne om dei omkomne. Samla gir oppgåva eit overblikk over det valde materialet og 22. juli-vitnesbyrd, med fokus på konsekvensrefleksjonar i eit langtidsperspektiv.

## Abstract

The theme of this thesis is literature concerning the terror attacks 22 of July 2011, with a focus on testimonies that were published ten years after the terror. The empirical material that forms the basis for this thesis is *22. juli – og alle dagene etterpå* (2021) written by Utøya-survivor Tonje Brenna. The book is a literary autobiographical reflection with a two-sided distinction, between the time during the terror hours and consequential reflections on the aftermath in a perspective of ten years. First, I will do a genre discussion, in the light of relevant genre theory. The theoretical starting point I base the analysis on is a trauma theoretical foundation and theory of bearing witness and personal testimony. Then I look at literary representations of trauma experiences in the face of a politically and socially relevant context.

The analysis chapter is divided into three parts, each of which reflects a research question. Through the first and second research questions, I examine how the eyewitness narrative gives shape to trauma experiences at the individual level and in the collective dimension. Brenna presents the individual level, which contained both the eyewitness account from the day of the terror and reflections on the aftermath of the terror. The use of historical present and tempus changes in the text helps to create a marked distinction between the experiences during and after the terror. Due to the uniqueness of a terrorist experience, it is interesting to examine the crossroads between the personal experience and the social dimension. The analysis then shows that testimonies are directed both inwardly, with a focus on sharing one's own experiences, and outwardly, passing on insights about the experiences of others.

The last research question explores why Brenna is issuing a testimony now, ten years after the terror. The thesis points to Brenna's collective and individual intentions when publishing by using relevant theory and previous research on the field. Furthermore, the thesis examines Brenna's view of after-reactions in society, and finally how the book is involved in work with memory of the deceased. The thesis gives an overview of the chosen material and of the 22 of July testimonies, with a focus on consequence reflections in a long-term perspective.

## 1.0 Ti år etter terroren

I tida etter terroren 22. juli 2011 publiserte fleire overlevande forteljingar om personlege erfaringar frå terroren. Dei ønska å fortelje, og mange ønska å lytte. Det kan vi lese ut av den store mengda av bøker som vart gitt ut i tidsrommet rett etter (Vold, 2020, s. 38). I markeringsåret 2021 kom det ei ny publiseringbølge av bøker som tematiserer terroren, og i denne bølga finn vi nye augevitneforteljingar. Noverande kunnskapsminister Tonje Brenna frå Arbeiderpartiet skriv i debutboka si, *22. juli – og alle dagene etterpå*, at ved hjelp av personlege forteljingar kan ein utvide kunnskapshorisonen om terroren. Brenna kallar dette å forsøke å leggje på plass bitane i eit stort puslespel.

Sånn er det med 22. juli, det er et puslespill av fortellinger fra tusenvis av mennesker som på en eller annen måte var berørt eller involvert. Så mange flere mennesker er preget av den dagen enn det dokumenter fra rettssaken eller bøker kan gis ut, kan fortelle oss. (...) Denne boka er min lille brikke i det store puslespillet som til sammen utgjør minnet om denne dagen (Brenna, 2021, s. 188-189).

I den nye bølga har vitnesbyrda ein ny dimensjon, samanlikna med tidlegare utgivingar. I boka kombinerer Brenna augevitneerfaringar frå Utøyaterroren saman med konsekvensrefleksjonar og etterverknadar i eit perspektiv på ti år. Boka er ei personleg forteljing om individuelle kjensler etter terroren i møte med kollektive samfunnsreaksjonar. Ho fortel om å navigere i den samfunnspolitiske konteksten, både som politikaren Brenna og privatpersonen Tonje. Denne oppgåva ønsker å ta tak i denne nye dimensjonen, gjennom ei lesing av *22. juli – og alle dagene etterpå*.

På baksida av omslaget står det at boka «er» tre punkt. Det første punktet viser til at boka er ei intens augevitneskildring av terrortimane. Dernest står det at ho er ei forteljing om å bli vaksen, få eigne barn og sjå opplevinga med nye auge. Det tredje punktet er ei påminning om kva vi skal å hugse på, og kva vi aldri skal gløyme. Dei to førstnemnde punkta viser eksplisitt til to tidsbestemte intervall, og framhevar forfattern sine refleksjonar under og etter terroren. Det siste punktet markerer noko som strekkjer seg utover Brenna og det tekstinterne i boka. Forfattern ønsker å vise at innhaldet og temaet i boka angår og påverkar lesaren. I ordet påminning ligg det ei implisitt åtvaring for at noko kan eller har vorte gløymt. Korleis skal boka synleggjere dette aspektet?

Ambisjonen min i oppgåva er todelt. Eg ønsker å avdekkje kva element som vert lagt vekt på i boka, hovudsakeleg det individuelle traumet i møte med det kollektive aspektet. Vidare ønsker eg å sjå nærare på kvifor Brenna vel å skrive vitnesbyrd ti år etter terroren.

### **1.1 22.07.2011**

Året 2011 markerer ti år sidan terroråta i Regjeringskvartalet i Oslo og på Utøya i Tyrifjorden. I 2012 vart Anders Behring Breivik dømd for å gjennomføre terroraksjonen. Breivik skifta i 2017 namn til Fjotolf Hansen (Strømmen, 2022). I oppgåva refererer eg til namnet Breivik, på grunn av at dette er namnet som offentlegheita vart kjend med etter terroren. Breivik plasserte ei bombe framfor Høgblokka i Regjeringskvartalet i Oslo som gjekk av klokka 15:26, medan han sjølv reiste til Utøya for å utføre eit angrep mot sommarleiren til Arbeidernes Ungdomsfylking, herfrå referert som AUF (NOU 2012:14, s. 85). Under massakren på Utøya var det 564 menneske til stades (NOU 2012:14, s. 25). Totalt mista 77 menneske livet denne fatale ettermiddagen, åtte i sentrum av Oslo og 69 på Utøya (NOU 2012:14, s. 13). Livet til tallause menneske vart påverka av hendingane denne julifredagen, og direkte offer for ugjerningane kom tilbake til kvardagen med både somatiske og psykiske skader (Dyb & Jensen, 2019, s. 22). Etterlatne av dei omkomne, som til dømes nær familie, slekt og vener, har slite med omfattande plager, som til dømes sorg og traumereaksjonar i ettertid (Dyregrov et al., 2019, s. 71).

I etterkant av åta vart det klart at terroristen hadde engasjert og uttrykt seg i radikale digitale fora, som viste at terrorangrepa var grundig planlagt i forkant. Breivik hadde lasta opp eit sjølvkomponert manifest, som sterkt uttrykte det han sjølv kalla «kulturnasjonalistiske» handlingar. Her kjem det fram radikale og ekstremistiske haldningar og ytringar, særleg retta mot innvandringspolitikk. Breivik uttrykte eit ønske om å angripe både det politiske systemet og det norske demokratiet (NOU 2012:14, s. 230). På andre sida har det har kome fram at etter 2011 har alle norske ungdomsparti fått større oppslutting. Denne endringa har vore stabil i ti år (Kvale, 2020).

### **1.2 22. juli-litteraturen**

Etter terroraksjonen vart det gitt ut tekster i rikt omfang, til dømes songar, poesi, augevitneforteljingar og fiksjonsromanar (Gjelsvik, 2020a, s. 9). Professor i nordisk litteraturvitskap, Unni Langås, skriv i *Traumets betydning i norsk samtidslitteratur* (2016) om



den litterære responsen etter 22. juli, som har gått gjennom fire ulike fasar. I den første fasen etter terroren fekk eldre dikt og poesi ny samtidsrelevans. Eit sentralt døme er diktet «Til ungdommen» av Nordahl Grieg. Førkrigsdiktet tematiserer samhald og solidaritet, og har ein aktuell samlande funksjon. Fredstematikken i diktet fekk auka betyding (Langås, 2016b, s. 75). Ikkje sidan andre verdskrig har Noreg opplevd eit så valdeleg åtak (Vold, 2018, s. 367). I den andre fasen vart det gitt ut nye dikt som tematiserte terroren 22. juli. Denne fasen starta temmeleg raskt etter terrorhendinga, og gjennom hyppig bruk av fleirtalspronomenet «vi» markerte forfattarane den kollektive og nasjonale sorga (Langås, 2016b, s. 78).

I den tredje fasen vart det gitt ut lengre tekster med kort temporal tidsavstand til terrormassakren, til dømes vitneforteljingar frå overlevande, pårørande og andre som var involverte i hendinga (Langås, 2016b, s. 82). Den fjerde fasen peiker på litteratur og tekster som er gitt ut med lenger temporal avstand til hendinga, og som i større grad enn tidlegare tar for seg etterverknadene av terroren. Døme på litteratur i denne fasen er fiksjonsromanane *Velkommen til oss* av Eivind Hofstad Evjemo og *Sju dagar i august* av Brit Blidøen. Dei gir eit komplekst bilete av ein subjektiv sorgprosess i samanheng med nasjonal kontekst (Langås, 2016b, s. 86). Langås skriv at alle fasane tar del i ein traumekultur. Denne kulturen vart skapt i Noreg etter dei grufulle hendingane (2016b, s. 75). Det er gitt ut over 50 bøker som tematiserer terroren, i tidsintervallet frå 2011 til 2017 (Gjelsvik, 2020b, s. 201).

Førsteamanuensis i litteratur og formidling, Tonje Vold, tar for seg sakprosabidraga gitt ut i kort tid etter terrorhendinga. Ho argumenterer for at 22. juli-prosa skaper tidslinjer av individuell karakter, og på same tid ei oversikteleg tidslinje som er av nasjonal interesse (Vold, 2020, s. 37). I norsk historie har aldri så mange unge forfattarar gitt ut augevitneforteljingar. Svært mange av bøkene er skrivne av debutforfattarar (Vold, 2020, s. 38). Bøkene har stort fokus på kronologi og temporalitet i form av stadplassering og klokkeslettsdatering. Dei var hovudsakeleg opplysende, informerande og dokumenterande (Vold, 2020, s. 40).

22. juli-prosa for vaksne har kome i sju kategoriar. Den første kategorien er forteljingar frå terroren skrivne av overlevande. Den neste kategorien er minnebøker med fokus på bilete, fotografi, utsnitt av relevante taler og songtekster. Den tredje inndelinga er biografiar til minne om dei som mista livet under terrortimane. Den fjerde inndelinga er bøker som gjer greie for kven gjerningsmannen Anders Behring Breivik er. Den femte kategorien er bøker

som ser på reaksjonen til storsamfunnet. Den sjette inndelinga tematiserer strafferettssaka mot Breivik i Oslo Tingrett i 2012. Den sjuande og siste inndelinga er bøker som ønsker å greie ut heile samfunnsbiletet (Vold, 2020, s. 38). I denne inndelinga fell *22. juli – og alle dagene etterpå* særleg under den første kategorien, på grunn av at Brenna er eit augevitne til terroraksjonen på Utøya.

Eg vil no gjere greie for tidslinja til sakprosabidraga som tematiserer terrorangrepet. Etter 2017 har det kome ei ny bølge av litteratur, særleg på grunn av markeringa i 2021. Den første *bølga* av sakprosa er augevitneskildringar frå tida rett etter terrorhendinga. *Jeg lever, pappa: 22. juli – dagen som forandret oss* av Siri Marie Seim Sønsteli og Erik Stønsteli (2011), *Med livet som innsats. Historien om en retningsaksjon på Utøya 22. juli 2011* av Bjørn Juvet og Aase Margrethe Juvet (2011), og *Lever: Utøya 22.7* skriven av Emma Martinovic (2011). Dei første sakprosabøkene plasserte hendinga til rett tid og på rett sted.

I åra som følgde kom det ei ny bølge med fokus på rettssaka og skuldspørsmålet, samt auka interesse for bakgrunnshistoria til Breivik. Vi kan seie at spørjeteiknet har blitt vidareutvikla frå «*Kva skjedde?*» til «*Kvifor/Korleis skjedde det?*». Det har gått frå å vere deskriptivt, til meir fokus på handteringa, vidare førebygging og refleksjonar i etterkant. Denne bølga går meir i djupna på å utforske moglege bakgrunnsårsaker til terroren, og det kan vi særleg sjå i *En av oss* av Åsne Seierstad (2013), *Rettsnotater 22. juli-rettsaken. Oslo tinghus 2012* av Kristopher Schau (2012) og *Rettferdighet er bare et ord* skriven av Kjetil S. Østli (2013). Faren Jens Breivik har skriven boka *Min skyld? En fars historie* (2014), og i tillegg har Marit Christensen gitt ut boka *Moren – historien om Wenche Behring Breivik* (2014), som handlar om mora til Breivik. I denne sakprosabølga kan vi seie det flyt mellom det Langås ser på som tredje og fjerde fase, på grunn av at det er ein viss distanse i tid til hendinga, samt fleire byrja å skriven med eit meir kritisk blikk mot særleg terrorhandteringa.

Den neste sakprosabølga går parallelt med den fjerde fasen til Langås, men har eit klart temporalt skilje til bølgene som har vore tidlegare. Langås skriv at det er eit mangfaldig blikk på problematikken etter 22. juli. Det er samstundes ei aukande tendensendring frå det tidlegare individorienterte fokuset i tekstene, til å sjå samheng mellom dei individuelle erfaringane og den kollektive samfunnskonteksten (Langås, 2016b, s. 86). Ti år etter terrormassakren vart det gitt ut mange bøker som tematiserer angrepet. Denne bølga har eit større fokus på det nasjonale 22. juli-traumet i møte med eit individuelt reaksjonsmønster.

Fleire av bøkene som har kome no i 2021 ønsker å bidra med nye perspektiv på verknader av terroren, og å belyse aktuelle langtidskonsekvensar. Brenna fortel om erfaringane ho har frå denne dagen, samstundes ønsker ho å bidra til å fortelje historia om Utøya-terroren. *Ingen fred å finne. 22. juli – 10 år etter* av Stian Bromark (2021) er eit anna døme som skriv seg inn i 22. juli tradisjonen. Det er ei bok som ser på langtidsverknader av terroren, som tar opp tråden frå den litterære reportasjeboka *Selv om sola ikke skinner: et portrett av 22. juli* (2012). I sistenemnte intervjuar han personar som har vore tett på terroren. Ti år etter tar han opp att arven etter 22. juli, og intervjuar dei same personane på nytt. Det er vidare interessant å vise til *Aldri tie, aldri glemme. En bok fra AUF, ti år etter terroren* med redaktørane Gaute B. Skjervø, Eirin K. Kjær og Astrid Huitfeldt (2021), *Utøyakortet* av Snorre Valen (2021), og *Arbeiderpartiet og 22. juli* av Hallvard Notaker (2021). Desse bøkene reiser spørsmål kring konsekvensane av terroråtaka, og dei set handteringa dei siste tiåra i eit større perspektiv. Politikk vert i større grad tematisert no, til samanlikning med sakprosa for ti år sidan. Dette fokuset skal eg sjå nøyare på vidare i denne oppgåva, med fokus på det valde empiriske materialet.

### 1.3 Tidlegare forskning

Kva tidlegare arbeid finn vi i det akademiske forskingsfeltet som tematiserer 22. juli-vitnesbyrdforteljingar? I «Litteratur som bearbeiding av 22. juli» skriv professor i engelsk, Jakob Lothe, om korleis ord og forteljingar har spesiell verdi i prosessen etter ei traumeoppleving (Lothe, 2013, s. 161). I artikkelen tar Lothe for seg tre ulike sjangrar som tematiserer terrorhendinga. Han trekkjer fram døme frå sjangrane lyrikk, fiksjonsforteljing og sjølvbiografisk vitnesbyrd. Innleiingsvis viser han til diktet «Til ungdommen» av Nordahl Grieg, som står spesielt sterkt i den nasjonale sorgprosessen etter 22. juli (Lothe, 2013, s. 161-162). Vidare trekkjer Lothe fram to litterære fiksjonsromanar frå andre verdskrig, og dette er *Mørkets hjerte* av Joseph Conrad og *Austerlitz* av W.G. Sebald (Lothe, 2013, s. 166-167). I denne oppgåva skal eg særleg gjere greie for vitnesbyrdsjangeren. Lothe hevdar at å vere eit vitne har ein dobbel dimensjon, på grunn av at ein er både tilskodar og deltakar i same situasjon. Eit anna moment er at eit vitne kan peike utover sin eigen subjektive posisjon, dermed er ein både vitne til eiga oppleving, på same tid har ein moglegheita til å observere situasjonen til andre (Lothe, 2013, s. 164).

Lothe ser ikkje eksplisitt til vitnesbyrd etter 22. juli, men viser til arbeidet sitt med tidsvitne frå Holocaust. Han hevdar ein må vere forsiktig med å eksplisitt samanlikne Holocaust og 22. juli, men at det likevel er nokre iaugefallande likskapar. Den første likskapen er den fatale bruken av vald mot sivile og uskuldige. Den neste likskapen er korleis hatske haldningar førte til terrorhandlingar. Ein skal berre samanlikne terrorerfaringane for å hauste lærdom om vondskap som drivkraft i menneske (Lothe, 2013, s. 162-163). Vitnesbyrd er med på å understreke at eit omstende verkeleg har skjedd. Å formidle vidare eit vitnesbyrd er med på å bringe fram påminning, og er med på å redusere reaksjonar i form av ignoranse (Lothe, 2013, s. 166). Avslutningsvis skriv han at litteratur har eit potensial til å framstille hendinga i ulike nyansar for lesaren. Det er gjennom *litterær variasjon* vi kan nærme oss dei grufulle terrorvaldserfaringane frå 22. juli med ulike synspunkt og fleirsidige perspektiv (Lothe, 2013, s. 171).

Marte Finess Tretvoll studerer tre vitneforteljingar skrivne av overlevande etter Utøya i masteroppgåva «Vitnebekjennelsens retorikk. En lesing av tre Utøya-fortellinger» (2013). I 2013 var det ingen tidlegare studiar av vitneskildringane i akademisk samheng. Ho studerte *Lever* av Martinovic, *Hjertet mot steinen* av Adrian Pracon og Erik Møller Solheim, samt *Jeg lever, pappa* av Siri Stønsteli og Erik Stønsteli (Tretvoll, 2013, s. 1). I analysen fann ho at Utøya-forteljingane var i ei særstilling fordi dei er fortalte av overlevande sjølv (Tretvoll, 2013, s. 95). Ho skriv at dei fortolkande augevitneforteljingane som inneheld ein meir samfunnskontekstuell og diskuterande tilnærming, vil ta over for dei tidlege deskriptive Utøya-forteljingane. Dei tidlege augevitneforteljingane var viktigast i den akutte fasen etter terrorren. Analysen vert avslutta med at historiene «kanskje» framfor alt er viktigast å skrive for vitnesbyrdforfattarane (Tretvoll, 2013, s. 100).

Vold skriv i kapittelet «Tidsvitner. De første sakprosabearbeidelsene av 22. juli» om fem ulike sakprosa-bøker, derav tre sjølvbiografiske tekster og to dokumentariske bøker. Vold tar for seg dei sjølvbiografiske verka til Martinovic, *Lever. Utøya 22.7*, Siri Stønsteli og Erik Stønsteli i *Jeg lever, pappa. 22. juli – dagen som forandret oss*. Ekteparet Juvet bidrog i redningsarbeidet i Tyrifjorden under terrorren. Dei har skrive boka *Med livet som innsats. Historien om redningsaksjonen i Utvika 22. juli 2011*. Dei to dokumentarbøkene Vold ser på er reportasjeboka *Da terrorren rammet Norge. 189 minutter som rystet verden*, og biletboka til Cappelen Damm *22.07.11 Fra hat til kjærlighet. Hendelsene som forandret Norge*. Dei

samanfattar terrorhendinga utan personlege refleksjonar frå forfattarane (Vold, 2020, s. 38-39).

Vold kjem fram til at alle bøkene har eit fokus mot stadplassering og tidfesting. Dermed er desse utgivingane både eit vitne om tidsforhold og i seg sjølv sentrale tidsvitne til dei fatale terrortimane (Vold, 2020, s. 37). Distinksjonen mellom dei ovannemnde er at eit tidsvitne er eit vitne som er direkte involvert i hendinga, og eit vitne om tid er med på å plassere hendinga i ei tidslinje. Eit anna felles punkt mellom bøkene er at dei likevel har eit noko inkonsistent tidsforhold. Sjølvbiografiar skrivne av overlevande har dobbel temporalitet. Det er kjensla av at noko er overstått, og på same tid framleis pågåande (Vold, 2020, s. 42-43).

Til slutt skriv Vold at det temporale fokuset er nært knytt til vitnesbyrd. Å formidle eit vitnesbyrd frå ei så makaber og grufull hending, har både eit sosialt og kollektivt formål, og ei personleg hensikt. Ein ønsker å vere sikker på at vitnesbyrdet er overført til nokon andre. I tillegg held ein fast i minna frå hendinga for seg sjølv. Forfattaren av vitnesbyrdet kan forklare dette på to ulike måtar. Det kan på eine sida vere for *å ikkje gløyme minna*, eller på andre sida for *å sleppe å hugse minna*. Ein kan tillate seg å la vere å ta inn over seg minna (Vold, 2020, s. 44-45). I tillegg vil truleg nokre gjere det for ein kombinasjon av desse. Det vil seie at Vold ser at dei tidleg publiserte sakprosabidraga har ei hensikt som er kombinasjon mellom det personlege og kollektive.

Korleis vart desse vitnesbyrda mottatt? Dei var med på å skape ei kontrastlinje i det Vold kallar *det tragiske narrativet* i møte med *det offisielle progressive narrativet*. Det tragiske narrativet inneber diskusjonar om misforståingar og personlege brytningar om ei tid som ikkje er over. Det er stemme mot det offisielle progressive narrativet, og gir eit innblikk i det som ligg bak den offisielle responsen. Det inneber at responsen på 22. juli hadde ein nasjonal tverrpolitisk linje, med solidarisk appell. Det er merkbart at dei tidlege sakprosabidraga inneheldt element av problematiserande diskusjon, og som Vold skriv «[...] er terrorresponsen knyttet til å heve sin egen stemme og fortelle en mothistorie» (Vold, 2020, s. 51). Det er fleire grunnar til at ein kan oppleve det som viktig å gi ut litteratur som handlar om terrorhendinga. Det kan til dømes vere for å belyse viktig informasjon, diskutere konsekvensar av hendinga, fortelje om den personlege erfaringa, samt sørge for tapet av dei som mista livet. Vold legg fram *fire funksjonar* som er med på gi eit bilete av kvifor ein ønsker å skrive bøker om

terrorerfaringa. Utgangspunkt hennar er sakprosabidraga som kom i kort tid etter terroren, og ho skriv at funksjonane gjeld på tvers av prosasjanrane (Vold, 2020, s. 49).

Den første funksjonen er å samanfatta terrordøgnet i detalj. Målet er å skape transparent dokumentasjon, og å skape ei mest mogleg samanfatta heilskapleg oversikt. Denne funksjonen er eit ønske om å skape og formidle dokumentasjon og kunnskap på samfunnsnivå. Den neste funksjonen er å setje ord på korleis det er å vere eit offer for terror. I tillegg vert det ei refleksjon kring personlege traumeerfaringar, som tematiserer stressreaksjonar som sorg, hat, depresjon og desperasjon. På denne måten får dei som står utanfor traumehendinga moglegheit til eit innblikk i korleis terroroffera opplevde hendinga. Dermed kan vi seie at det å formidle vidare så brutale vitneerfaringar har eit tosidig føremål, den sosiale hensikta og den individuelle hensikta (Vold, 2020, s. 49).

Den tredje funksjonen er framstillinga av den nasjonale responsen på terroren, det vil seie kva som har blitt kommentert, diskutert og problematisert i ettertid. Den fjerde og siste funksjonen er arbeid til minne for dei som mista livet. Namna vert plassert sentralt i bøkene, og gjerne fremst i utgivingane. Dette arbeidet er ei heidring av omkomne, som ikkje har moglegheit til å fortelje om hendinga sjølv (Vold, 2020, s. 49). Eg ønsker å bruke desse funksjonane for å sjå om dei er relevante i materiale mitt, som har eit heilt anna tidsperspektiv enn før. Den funksjonen som har utvikla seg mest er den tredje funksjonen, som handlar om responsen på terroren i ettertid. Vi har gått frå å berre sjå på den akutte påverknaden, til å ha moglegheita til å diskutere langtidskonsekvensane av terroren i eit lenger perspektiv.

Det akademiske litteraturvitskapsfeltet som tar for seg 22. juli-vitneforteljingar er relativt avgrensa. Eg har summert opp interessante punkt frå dei aktuelle bidraga ovanfor og skal bruke dette aktivt vidare i analysedelen min.

#### **1.4 Problemstilling og metodisk tilnærming**

Det er ingen tvil om at tidlegare forskning peiker på at vitnesbyrd er med på å skape både personlege og nasjonale tidslinjer. Sakprosabidraga var viktige i den tidlege fasen etter 22. juli, og bøkene var med på å opplyse, dokumentere og skape forståing i samfunnet. No er det over eit tiår sidan den fatale julifredagen som rissa eit mørkt sår i historia til Noreg. Eg ønsker å sjå nærare på kva element vitnesbyrdet inneheld, som kan vere interessante å studere frå eit

litteraturvitskapleg perspektiv. Kva fortel forfattaren no ti år etter terroren? Kva element vert vektlagt og kasta lys over? Eg har valt å analysere augevitneforteljinga til Brenna, som er en respons på det siste tiåret. Grunnen til at eg har valt å ta for meg denne boka, er den unike posisjonen ho har som nært involvert i terroren, i møte med aktuelle refleksjonar ho har om konsekvensar både på samfunnsnivå og på eit personleg plan.

Oppgåva sin hovudambisjon er å drøfte korleis traumeerfaringar kjem til uttrykk i *22. juli - og alle dagene etterpå* (2021). Eg ønsker å sjå nærare på det interessante og dynamiske samspelet mellom det individuelle og subjektive i møte med det kollektive. I tillegg vil eg sjå på kva funksjonar som opptre i vitnesbyrd no ti år etter terroren. Dette er i lys av forskingsperspektiv henta frå *Vold* (2020, s. 49), som eg skal bruke aktivt i analysen. Eg bruker funksjonane i min analyse av *22. juli – og alle dagene etterpå*, samstundes som eg tar høgde for det nye tidsperspektivet på ti år.

Problemstillingane mine er som følger:

Korleis fortel Brenna om det individuelle nivået i terrorerfaringa?

Korleis fortel Brenna om den kollektive dimensjonen i terrorerfaringa?

Kvifor skrive vitnesbyrd ti år etter terrorerfaringa?

Til å belyse spørsmåla brukar eg teori om sjangrar, traume- og vitnesbyrdteori. Med desse vala og gjennom grundig nærlesing får eg eit godt utgangspunkt til å lese boka i lys av dei tre analyse spørsmåla. Ved å sjå på traumeerfaringane i ein kollektiv-nasjonal kontekst vert analysen augeblikkeleg kontekstuell, og går utanfor rammene til det teknisk-tekstuelle. Eg vil gjere dette sidan 22. juli-tematikken krev eit samfunnsaktuelt blikk. Dette skal eg gjere ved hjelp av tilvisingar til aktuelle sitat henta frå boka. Eg har valt det aktuelle teoretiske utgangspunktet for å få ei god djupne som utgangspunkt til analysen av boka. For å gjere ei god drøfting kring korleis traumeerfaringane tar form, må eg først gi eit overblikk over boka. Dette skal eg gjere gjennom ein sjangerdiskusjon, med hjelp av aktuelt teoretisk grunnlag.

I analysen skal eg gjere greie for kva funksjonar som opptre. Til dette hentar eg teori frå vitnesbyrdteoretisk rammeverk. Kva hensikter finn vi i teksta? Her er det interessant å sjå korleis lesinga er både med tanke på distinktive og kombinerte utovergåande og innovergåande hensikter. Avslutningsvis er det interessant å sjå korleis Brenna (2021) skriv

seg inn i ei samfunnskontekstuell ramme. Dette skal eg gjere ved å peike på teori som ser på traume i litteratur i møte med politisk kontekst. Kva politiske haldepunkt og resonnement kjem til syne i boka? Hovudsakleg vil eg sjå på den politiske konteksten som handsamar 22. juli i lys av kva narrativ som opptrer. Eit anna interessant aspekt er at eg ser på korleis vitnesbyrden skil seg frå skjønnlitteraturen på dette punktet. Undervegs i analysen vil eg peike på signifikante utviklingstrekk frå tidlegare sakprosalitteratur. Dette gjer eg ved å kaste lys over tidlegare forskning på augevitnesbyrd frå 22. juli. Analysen får eit meir kontekstult djupdykk ved å tematisere sjangerhistoriske utviklingstrekk i eit perspektiv på ti år.

## 1.5 Strukturen i oppgåva

Oppgåva er delt inn i fire kapittel med tilhøyrande underkapittel. I dette innleiingskapittelet har eg tatt for meg 22. juli-litteratur med vinkling mot sakprosa, samt problemstilling og teoretisk fundament. I kapittel 2.1 «22. juli – og alle dagene etterpå» skal eg gi ein første presentasjon av boka til Brenna, samt korleis ho vart mottatt av offentlegheita. Vidare skal eg i kapittel 2.2 «Sjangerdiskusjon» undersøke sjangermoment i boka gjennom teori om litterær sakprosa, sjølvframstilling og vitnesbyrd. I diskusjonen er det viktig å få fram sjangerteori kring sjølvframstilling, og dernest politisk innfallsvinkel. Sist trekkjer eg inn vitnesbyrdsjangeren, i tillegg til diskusjon kring undersjangeren misery memoir, samt memoar- og sjølvbiografiomgrepet. Dette kapittelet skal gi ei oversikt over viktige og ulike sjangertrekk i *22. juli – og alle dagene etterpå*.

Teoridelen er differensiert inn tre underkapittel. Den første delen tar for seg traumeteoretisk rammeverk. Den har tre ulike deler, og den første delen er retta mot generell traumeteoretisk fundament. På grunn av eigenarten i ei terrorerfaring er det interessant å undersøke skjeringspunktet mellom den personlege erfaringa og den sosiale dimensjonen. Korleis realiserer denne differansen seg i boka? I den nesten delen av oppgåva skal eg sjå på kva funksjonar som opptrer i teksta, i lys av vitnesbyrdteori. Dette kapittelet er delt inn i to. Først skal eg gjere greie for teori om vitnesbyrd, og vidare ser eg på korleis traume kjem til uttrykk i litteratur. I det siste teorikapittelet er delt i to. I den første delen skal eg sjå på korleis litterære framstillingar av traumatiske erfaringar i møte med ei politisk kontekst. Her vil eg først trekkje inn terrorerfaringar i møte med politisk kontekst som syner seg i litterære uttrykk.



I neste del av kapitlet vil eg ta opp eit tema som vert handsama i fleire av bøkene i 22. juli-litteraturen, nemleg den subjektive refleksjonen kring den politiske debatten om debatten om 22. juli.

I analysedelen skal eg bruke dei oppgitte teoretiske bidraga for å kaste lys over interessante element under lesinga av boka. Analysekapitlet er inndelt i tre underkapittel som speglar kvart sitt analysespørsmål, og kapitla skal bli lest i samanheng med kvarandre. Det er eit mål å svare utfyllande på forskingsspørsmåla mine, og på same tid sjå 22. juli-augevitnesjangeren under eitt. Ut frå min analyse vil eg gi eit nyansert og mangfaldig innblikk i tematikken 22. juli-augevitneforteljing og boka *22. juli – og alle dagene etterpå*.

## 2.0 Empirisk materiale

Litteratur i alle former kan vere med på å beskrive og skape eit bilete av korleis ei hending har blitt oppfatta og tolka på det gitte tidspunktet. På denne måten skriv litterære responsar seg inn i samfunnsdiskursen og narrativet om oppfatninga av 22. juli, og er med på å syne desse samtidsaktuelle tolkingane for ettertida (Langås, 2016a, s. 99). I 2021 kom det ei ny bølge av bøker som tematiserer terroren. Ein av debutantane er Brenna med boka *22. juli – og alle dagene etterpå*. Nedanfor skal eg presentere hovudinnhaldet og resepsjonen av boka. For å gi eit best mogleg overblikk over materialet, skal eg deretter diskutere nærare sjangertilhøyrse ved hjelp av relevant sjangerteori. I drøftinga er det aktuelt å sjå nærare på litterær sakprosa, framstillingsformer av «sjølvbet», samt vitnesbyrdsjangeren.

### 2.1. 22. juli – og alle dagene etterpå

Brenna var generalsekretær i AUF under terroråtake. I 2021 jobba ho som fylkesleiar for Arbeidarpartiet i Viken fylke (Kunnskapsdirektoratet, u.å.). I skrivande stund er ho kunnskapsminister i regjeringa til statsminister Jonas Gahr Støre, bestående av Arbeiderpartiet og Senterpartiet. Ho er éin av to regjeringsministrar som opplevde terroråtake på Utøya (Kristiansen, 2021). Eg ønska å sjå nærare på boka hennar for å sjå korleis ho framstiller traumeerfaringane og hendingane 22. juli. Eit anna interessant aspekt er korleis boka tematiserer 22. juli-terroren i møte med politisk tematikk. Det er med andre ord ei bok som rommar fleire ulike moment, som eg vart interessert i å undersøke på grunn av at ho samstundes er så samfunnsaktuell og samtidsaktuell.

*22. juli - og alle dagene etterpå* er ein litterær sjølvbiografisk refleksjon som tematiserer tida før, under og etter terroren på Utøya. Boka er kronologisk disponert og har eit interessant aspekt på grunn av fokuset på temporalitet. Dette kan vi sjå ved at boka si komposisjon er basert på tid, med kapitteltiltar og undertiltar som tar føre seg tida før, under og etter terroren. Gjennom boka får lesaren følgje tankegodset til forfattaren. I kapittelet «22. juli 2011» skriv Brenna inngående og detaljert om korleis leirdeltakarane på Utøya opplevde det fatale åtake. Forfattaren er eit *augevitne* til ugjerningane som skjedde der. Dette kapittelet handlar om observasjonar frå den bekmørke ettermiddagen i nyare norsk historie. Tematisk tar ho for seg kjensla av å vere i livsfare, kombinert med opplevinga av å sjå andre døy. Vidare i kapittelet fortel ho om opplevinga av å kome i tryggleik på fastlandet, men aldri kjenne seg heilt trygg, «Senere den ettermiddagen er det rosetog over hele landet. [...] Jeg er så redd at jeg verken tør

gå dit eller helt se på» (Brenna, 2021, s. 86). Dette skal eg sjå vidare på i lys av vitnesbyrdteori.

Hovudtyngda i boka er refleksjonar kring rettssaka, og tida etter terroren i kapittelet «Alle dagene etterpå». Desse refleksjonane ligg på to ulike plan. På den eine sida skriv ho om sitt eige personlege liv. Dette handlar i stor grad om å bli mor til to gutar, og takle kjensla av risikoen at barnet ditt ein dag kan bli skada (Brenna, 2021, s. 140-141, 146). Det er refleksjonar som utvilsamt er svært personlege, og viser korleis Brenna ser på familielivet og å bli vaksen etter terroren. Vidare drøftar ho sin eigen personlege refleksjonsprosess. På andre sida reflekterer ho kring si eiga rolle som aktiv politiskar. I det eine kapittelet, «Avmakten etterpå», gjer ho ei subjektiv politisk drøfting. Dette resonnementet handlar både om hennar personlege oppleving av korleis handtering av Utøya-tragedien har vore i ettertid, samt den politiske diskursen som handsamar handteringa av 22. juli.

2021 markerte ti år sidan åtaket, og på ny prega terroren dei store mediekanalane og dagsordenen. Korleis var eigentleg debatten i ettertid av 2011? Boka *22. juli - og alle dagene etterpå* tar sin plass i debatten om 22. juli-debatten. Å skrive bok gir forfattaren signifikante moglegheiter, og ein av desse er plassen til å kombinere opp dei ulike momentane som denne oppgåva tar for seg. Det er med andre ord ei personleg augevitneforteljing, som tar for seg personlege refleksjonar kring eige traume i møte med politiske resonnement. Det er ikkje ei spontan skildring eller refleksjon skrivne rett etter hendinga, men ei oppsummering av korleis dei siste ti åra har vore. Vi kan seie at forteljinga er fortolkande, gjennomarbeida og reflekterande frå forfattaren si side. Refleksjonane får særleg interessant karakter i kombinasjon med det forteljande og dokumenterande aspektet frå terrortimane på Utøya.

Korleis var resepsjonen av *22. juli – og alle dagene etterpå*? Boka vart stort sett møtt av gode anbefalingar frå litteraturkritikarar og bokmeldarar. NRK valde til dømes å setje ho på lista over «13 anbefalte bøker om 22. juli». Dei skriv at boka er med på å skape ein forståingshorisont av det ubegripelege, og at «naudsynet av å stige ut av rolla som overlevande, tillate seg å tenke og snakke politisk» (Brenner et al., 2021). Stavanger Aftenblad ga boka terningkast seks og grunnir dette med at ho kanskje er den beste av alle bøker som tematiserer 22. juli-åtaka. Bokmeldaren hevdar vidare at boka har som hensikt å ta vekk eit filter som dempar etterdiskusjonen kring terrorhendinga (Omdal, 2021). Stavanger Aftenblad sitt seksarkast vert brukt i marknadsføringa av boka. Verdens Gang sin

litteraturmeldar Sindre Hovdenakk legg på si side vekt på at boka tar for seg det indre kaoset og tidsaspektet frå terrordøgnet på ein god og forståeleg måte. Vidare meiner han likevel at hennar politiske budskap ikkje kjem heilt til sin rett, og at det vert redusert til sjablongfrasar om «hverdagspolitikk, trygghet og ansvar» (Hovdenakk, 2021).

Alle dei ulike bokmeldarane kommenterer dei to aspekta ved boka eg ønsker å sjå nærare på. Det første aspektet fokuserer på den individuelle traumeforteljinga som augevitne, medan det andre aspektet gjer greie for refleksjonar om etterspelet og handteringa av terroren.

Konsekvensrefleksjonane er både politiske orienterte, og syner samstundes personlege resonnement. Det er ei tosidigheit som er svært synleg i lesinga av boka, og som eg skal undersøke nærare i analysen.

## 2.2 Sjangerdiskusjon

Kva sjangertrekk finn vi i boka? Det er den ovannemnte samansette kompleksiteten som gjer *22. juli – og alle dagene etterpå* svært interessant å ta for seg. Boka til Brenna handsamar eit forhold til terroren 22. juli og ytrar seg om eit svært samfunnsaktuelt tema. Sakprosa vert definert som tekster der adressaten oppfattar og forstår at teksta presenterer direkte ytringar om verkelegdommen. Denne definisjonen står spesielt sterkt i fagmiljøet i Norden (Blikstad-Balas & Tønnesson, 2020, s. 13-14).

I boka *Hva er sakprosa* deler sakprosaekspert Johan L. Tønnesson sakprosafeltet i to. Han definerer tekster som vert publisert av institusjonar som brukssakprosa eller funksjonell sakprosa. Prosatekstene representerer publikasjonsinstitusjonar uavhengig av forfattaren (Tønnesson, 2012, s. 47). Verk som er publisert av forlag og private forfattarar, kallar han litterær sakprosa. Den sistnemnde er ein del av den litterære sfæren (Tønnesson, 2012, s. 45). Den litterære sakprosaen har makt som *autonom*, og verka har ein eigenverdi som åndsverk. Det er frie borgarar som ytrar seg i kontekst. Litterær sakprosa peiker ikkje på ibuande høg litterær kvalitet (Tønnesson, 2012, s. 45). Tønnesson seier uttrykkeleg at ein skal forstå inndelinga som *institusjonell*. Ho er ikkje forankra i litterær kvalitet (Tønnesson, 2012, s. 46). *22. juli – og alle dagene etterpå* er publisert av forfattar Brenna og J. M Stenersens forlag, og fell under den litterære sakprosaen.

Underkategoriar i den litterære sakprosaen er sjølvbiografiar, artiklar, essay, lærebøker, reportasjebøker, biografiar, sjølvhjelpslitteratur, historiske dokument, og fagbøker (Tønnesson, 2021). Det er ikkje utan grunn at ein kan seie at litterær sakprosa er eit breitt, tverrfagleg og mangfaldig paraplyomgrep. I boka *Om å utfordre vanen. Samtaler om litterær sakprosa* har professorane i norsk, Norunn Askeland og Eva Maagerø, ei utforskande samtale med forfattarar angående deira litterære prosatekster, som alle utfordrar sakprosajangeren (Askeland & Maagerø, 2014, s. 5). Dei minner om at sakprosa er eit forholdsvis nytt omgrep, og det er fleire forfattarar som ikkje ser eller godtar eit skilje mellom skjønnlitteratur og sakprosa. Ein kan bruke litterære verkemiddel i sakprosatekster, og på same tid skrive sjølvbiografisk fiksjon og skjønnlitteratur. Mange forfattarar leiker medvetne med sjangerkryssingar i ulike former (Askeland & Maagerø, 2014, s. 277).

I *Selvskrevet. Om selvframstilling i litteraturen* ser professor i litteraturvitskap, Arne Melberg, på sjølvframstilling. Han hevdar at «sjølvvet» kan opptre i mange ulike former og variasjonar (Melberg, 2007, s. 7). Den franske ekspertten i sjølvbiografi, Philippe Lejeune, har nedfelt ein definisjon av sjølvbiografi i *Le pacte autobiographique*. Lejeune hevdar at ei sjølvbiografisk tekst er ei kontrakt mellom mottakar/lesar og forfattar. Denne kontrakten forsikrar lesaren om at det er forteljinga til nettopp forfattaren. Han kallar det ei autobiografisk pakt mellom forfattar og lesar (Lejeune, 1975/1989, s. 13).

Litteraturvitar Steinar Gimnes skriv at Lejeune hevdar at forfattaren skaper ei pakt med lesaren gjennom forfattarnamnet på omslaget av boka. Dermed kombinerer forfattaren egforteljar og hovudpersonen i boka, og skaper eit tillitsband med lesaren (Gimnes, 1998, s. 18). Ein motpol i synet på sjølvbiografi møter ein hos den belgisk-amerikanske dekonstruksjonisten Paul de Man. Han ser det som umogleg å skilje fiksjon frå sjølvbiografi, ettersom det er potensial til sjølvframstilling i all mogleg lesing (de Man, 1979, s. 920). Teoretikarar i sjølvbiografi tar avstand frå denne ytringa. Melberg argumenterer for at de Man har eit poeng angående den potensielle vilkårlegheita i sjølvbiografi. Han ser at sjølvvet kan bli framstilt og konstruert på ulike måtar, og bli realisert med mange ulike strategiar (Melberg, 2007, s. 11).

Brenna skaper den sjølvbiografiske pakta gjennom fleire tekniske moment. Vi kan dele det inn i det visuelle og det tekstmessige. Det visuelle grepet peiker mellom anna på bokomslaget. Framsida på boka har eit fotoportrett med Brenna som hovudfokus. Det er berre overkroppen

som er synleg. Fotografiet er tatt i normalperspektiv, og ho rettar blikket direkte inn i kameralinsa med armene folda. På denne måten skaper Brenna ein kontakt med lesaren allereie frå bokframsida. Ho ser «rett på deg», gjennom å ta desse fototekniske grepa med perspektiv og blikk. Det er ikkje noko tvil om at det er Brenna som er i hovudfokus, og dette viser at det er henne boka skal konsentrere seg om. Denne kontakta mellom sendar og mottakar er med på å forme den sjølvbiografiske kontrakten. Den tekstmessige faktoren er at boka er skriven i personal «eg»-synsvinkel. Det er Brenna som er eg-person gjennom heile boka. Allereie frå første side vender ho seg til lesaren via bruk av peikande «du»-pronomen. Boka viser uttrykkeleg at ho er skriven frå henne til lesaren, for å formidle budskapet sin. «Når *du* først har funnet din lidenskap, og du treffer noen andre som kjenner det på samme måte, da føler *du* at *du* hører til» (Brenna, 2021, s. 9, min kursiv). «Du»-et kan på same tid vere sjølvrefererande. Dette gjer at Brenna forsterkar den sjølvbiografiske pakta. Boka er skriven av Brenna og handlar om hennar personlege erfaringar. «Du»-bruken, i kombinasjon med portrettfotoet i normalperspektiv, er med på å forsterke kontakta med lesaren.

På eit overordna nivå høyrer Brenna si bok til i sjangeren sjølvbiografiske verk. Boka tar føre seg hennar vitneforteljing som er sjølvrefererande. Roger Luckhurst, som er professor i samtids litteratur, skriv om fenomenet «miserable memoirs» (Luckhurst, 2008, s. 119). Dette er eit fenomen som vart svært omdiskutert frå 1990-talet, samstundes får traumeerfaringar synlegare plass på dagsordenen (Luckhurst, 2008, s. 117). Luckhurst ser likevel ein kontradiksjon mellom ulike akademiske fagområde. Teoretikarar i sjølvbiografi seier sjangeren representerer noko vestleg, som omhandlar «sjølv»-et og sjølvframstillinga. Ein sjølvbiografi har som mål å fortelje sanninga og alltid vere sannferdig. Luckhurst skriv at traumememoarar har stor distanse til slike ideal, sidan det handlar om ei oppleving som distanserer subjektet frå sjølve hendinga. I nokre tilfelle har forfattaren traumatiske symptom som held minna frå å dukke opp på overflata, som kan syne seg som analeptiske forteljingar og tilbakeblikk. Nokre av minna er forsvunne, andre er fortrent, samstundes er andre minne gjennomarbeida og prosessert. På grunn av dette aspektet hadde sjangeren låg litterær status (Luckhurst, 2008, s. 118). Luckhurst skriv:

The trauma memoir recounts a discordance, a circling around a shattering event, from which self-knowledge arrives late, if at all, and with an uncomfortable awareness of the fragility of the self (Luckhurst, 2008, s. 118-119).

Denne type forståing av slike tekster er inspirert av litteraturprofessor Cathy Caruth. Bestseljarlistene har likevel vore prega av traumenarrativ, og denne suksessoppskrifta skaper debatt. Luckhurst diskuterer kvifor menneske er opptatt av å lese om andre sine lidningar, samt kvifor ein ønsker å kapitalisere på vonde erfaringar. Luckhurst beskriv suksessen som eit teikn på at traumenarrativ vert overført til nye diskursarenaer, frå det profesjonelle rom til kvardagslege samtalar (Luckhurst, 2008, s. 119). I redaktørverket *Other People's Pain* ser dei tyske språkforskarane Martin Modlinger og Philipp Sonntag at forteljingar om liding og tragediar har blitt svært populære (Modlinger & Sonntag, 2011, s. 1). Dette reiser sjølvsgat etiske vurderingar i møte med tekster om smerte og traumeerfaringar (Modlinger & Sonntag, 2011, s. 3)

Memoaromgrepet inspirerte «the misery memoir», og dette ser Luckhurst som ein del av problemet til det moderne autobiografiske feltet frå 80-talet. Det var ein eksplosjon av ulik sjølvframstilling, og det oppstod svært mange ulike måtar å skrive om seg sjølv på. Ei løysning på dette problemet var omgrepet «life writing», som har hatt stor suksess og famnar om mange ulike måtar å skrive om «sjølvvet» (Luckhurst, 2008, s. 119-120). Spørsmålet eg likevel sit igjen med, er om «the misery memoir» kan overlappet det norske omgrepet traumememoar? Forståing av omgrepet memoar har flytande, strengt tatt ganske uklar grense mot forståinga av sjangeren sjølvbiografi (Skei, 2019).

Språkvitar og litteraturvitar Ottar Grepstad ser på memoarsjangeren og sjølvbiografisjangeren i boka *Det litterære skattkammer*. Grepstad skriv at memoarar i all hovudsak fortel mest om verda og offentlege diskursar, og at forfattaren er ein aktør i verda (Grepstad, 1997, s. 267). I memoarsjangeren opnar forfattaren sjeldan opp til private eller personlege refleksjonar, og memoarar er ofte skrivne av offentlege personar og handlar om den offentlege scene (Grepstad, 1997, s. 268). I den sjølvbiografiske sjangeren er det i større grad sjølvrefleksjonar, og sjølvbiografiske tekster går inn til det han kalla «beinet», til det inste og personlege hjå menneske. Det er i sjølvbiografisjangeren ein opnar opp for personleg refleksjon, og det er plass til subjektet (Grepstad, 1997, s. 269). Grepstad viser at ikkje alle ser dette skiljet mellom memoar og sjølvbiografiske tekster. Mange tekster fortel både om verda og individet, og om forholdet mellom dei (Grepstad, 1997, s. 267).

Omgrepet memoar kjem frå det latinske ordet «minne». Omgrepet sjølvbiografi kan samstundes bli sett på som eit overordna paraplyomgrep, der memoarsjangeren som

underomgrep tar det historiske momentet i sentrum. Memoarar er difor sjølvbiografiar som har historiske hendingar i sentrum (Melberg, 2019). Dei siste åra har mange forfattarar leita etter nye måtar for å skrive om spegling av sjølvvet, eigne erfaringar og sjølvframstilling. Dette er eit forskingsfelt i kontinuerleg utvikling (Melberg, 2007, s. 7).

Eit heilt anna perspektiv er at under den sjølvbiografiske sjangeren kan vedkjenningar og vitnesbyrd vere ein del av det offentlege oppgjeret til forfattaren (Melberg, 2019). Brenna skriv om det ho sjølv kallar *eit oppgjer*. I hennar tilfelle peiker ho på eit oppgjer med konspirasjonsteoriar som spirer til ekstremhandlingar. I sitatet under kjem ho med ei konkretisering, ho seier det må bli eit oppgjer. Boka tematiserer det ho identifiserer som eit manglande oppgjer.

Jeg tror oppgjøret med gjerningsmannens holdninger og handlinger må handle om politikk. Hverdagslig, nær politikk. Jeg tror ikke det er mulig, eller ønskelig, for den saks skyld, å si at etter 22. juli har folket gjennomgående endret sine holdninger. Det kan hende vi har endret synet vårt på enkelte ting (...) Spørsmålet er ikke om vi skal ta et oppgjør med verdiene, men hva som er motgiften mot at de forestillingene får bre om seg (Brenna, 2021, s. 180-181).

I *22. juli – og alle dagene etterpå* møter lesaren politiske resonnement og diskusjonar. Det er fleire grunner til å sjå på boka som politisk orientert refleksjon. Boka har ein politisk karakter, blant anna i lys av den aktive politiske posisjonen til Brenna. Ein sjølvbiografi skriven av ein politiskar handlar gjerne om karrieren til den respektive politikaren. Ei slik bok kallar vi gjerne den politiske sjølvbiografien. Dei siste åra har mange profilerte norske politiskarar gitt ut bøker, og fleire av desse har blitt bestseljarar. Bøkene blir praktisk talt dratt ut av butikkhyllene (Rasmussen, 2011).

I Brenna sitt tilfelle er dette ein politisk refleksjon kring ei einskildhending og korleis denne hendinga har blitt handsama politisk i etterkant. Dermed kan vi seie at boka har eit innslag av subjektiv refleksjon med politisk karakter. I dette ligg hennar personlege politiske standpunkt i eit kryssingspunkt saman med det kritiske og undrande diskusjonsspørsmålet. Kva tenker *eg* kunne vore gjort annleis for å unngå ei liknande hending i framtida? Ei tekst som handlar om og tematiserer traumeskapande erfaringar, som terroren 22. juli utvilsamt er eit døme på, har gjerne eit reparerande perspektiv. Forfattaren ønsker å presentere nokre idear til nye idear og



handlemåtar. På denne måten ser vi korleis slike tekster inngår i sosiale, politiske og kulturelle prosessar (Langås, 2016b, s. 12-13).

Lothe skriv at han vil ta for seg sjølvframstilling i vitnesbyrdssjangeren. Han viser til den italienske filosofen Giorgio Agamben, som seier at på latinsk er det to ord for «vitne», *testis* og *superstes*. *Testis* er ein person i ein rettssak som utgjer ein tredje part, i meklinga mellom to partar. Det er grunnlaget for eit vitnesbyrd. *Superstes* er at ein person kan vitne om ei gjennomlevd erfaring. Lothe skriv at forteljingane til overlevande av Holocaust inneheld element av begge variantane. *Testis* er at ein kan bere vitne om brutaliteten dei andre fangane har vore utsett for. *Superstes* er at dei kan fortelje om tidsperioden i fangenskap. Han skriv vidare at desse variantane er tett kopla saman (Lothe, 2015, s. 96-97).

Kva viser dei ulike omgrepa til? På baksida vert boka omtalt som ei *augevitneforteljing*. Dette fortel noko om hennar spesifikke posisjon i terrorhendinga. Det Norske Akademis Ordbok, herifrå referert til som NAOB, skriv at eit augevitne er nokon som har sett noko med sine egne auge, og difor kan ein rekne det som eit påliteleg vitne («Øyenvitne», u.å.). Kva inneber eit påliteleg vitne? Det svarer til eit element av noko som er sant. Å rekne noko som påliteleg minne skal eg diskutere nærare i teorikapittelet. Eit augevitne har ei subjektiv og sjølvopplevd oppleving, som i seg sjølv har eigenart.

NAOB reknar eit tidsvitne som ein person som har opplevd ei spesifisert tidlegare hending eller epoke («Tidsvitne», u.å.). Omgrepet ber ein ibuande tidsdimensjon. Lothe skriv først og fremst om vitnesbyrd frå konsentrasjonsleirane under andre verdskrig. Det handlar om at ein har vore vitne til ei spesifikk hending. Eit tidsvitne er nokon som fortel om erfaringane sine. Lothe viser til ein samtale med Tollef Larsen, overlevande frå leirane Natzweiler og Dachau. Han seier at eit *tidsvitne* skil seg frå *eit vitne* gjennom tre opplevingar. Desse tre er avhumanisering, tap av identitet og møte med ondskap. Eit tidsvitne vil dermed ha ein spesiell autoritet i framlegginga av eit vitnesbyrd (Lothe, 2015, s. 97-98). Det å vere eit tidsvitne har eit heilt anna utgangspunkt enn å vere eit vitne.

I denne oppgåva vel eg å referere til sjangeren som *vitnesbyrd*. Brenna er eit augevitne på Utøya i kraft av terrorerfaringa på Utøya, og boka er hennar forteljing om denne opplevinga. Eg vel å referere til dette som *eit augevitne*, sidan det er dette som står på baksida av omslaget til boka. Dermed refererer eg vidare til boka som *ei augevitneforteljing*. Det er viktig å

presisere at eit tidsvitne og eit augevitne ikkje står i eit motsetnadsforhold. Vi kan seie det er ei sjangerrik bok som tematiserer ei personleg oppleving frå verkelegheita og 22. juli-terroren. Summert opp kan vi seie at boka er ei litterær sakprosa i kategorien sjølvbiografisk vitnesbyrd. Teksta tar for seg ei tidsavgrensa einskildhending, som inneheld element av subjektiv politisk diskusjon og etterrefleksjonar.

### 3.0 Teoretisk grunnlag

Teorikapittelet er delt i tre underkapittel, som kvar for seg vil vere relevante for å svare på analysespørsmåla. I det første delkapittelet skal eg gjere greie for traumeteori, og denne delen har tre delar. I den første delen skal eg gjere greie for traumefeltet generelt. På grunn av eigenarten i ei traumeerfaring er det interessant å undersøke skjæringspunktet mellom den personlege erfaringa og den sosiale dimensjonen. Eg skal realisere denne ambisjonen gjennom dei to neste underkapitla. I det neste kapittelet skal eg sjå til vitnesbyrd, og deretter korleis traume viser seg i litterære uttrykk. Vidare ser eg på korleis traume kjem til uttrykk i litteratur i møte med den politiske miljøkonteksta. Samla sett gir kapittelet eit godt oversyn over aktuelt teoretisk fundament.

#### 3.1 Traumeteori

Kva er ei traumeerfaring? Korleis syner ei traumeerfaring seg? I all hovudsak kan vi seie det er ein sårskade som følgje av ei traumeoppleving. Det kan samstundes vere eit trykk eller preg frå ei tidlegare historisk hending, som kan ha skjedd for fleire generasjonar sidan (Fassin & Rechtman, 2009, s. xi). I denne delen skal eg undersøke korleis dette såret kan ha ulikt innhald hos den einskilde, og korleis såret kan førekomme med forskjellige dimensjonar og former.

##### 3.1.1 Traume

Traumeforskning kan vi spore tilbake til nevrologen Sigmund Freud sitt arbeid på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, med forskning på psykologiske reaksjonar, nevrose og hysteri. Freud formulerte aldri nokon traumeteori, men tok føre seg undersøkingar og forskning kring hysteri og hypnose (Kaplan, 2005, s. 24-25). Freud, saman med forskaren Josef Breuer, gjorde vidare greie for kjønnsbasert traume. Hovudsakleg gjekk arbeidet ut på at menn opplevde traumeerfaringar relatert til arbeidsulukker, medan kvinner opplevde traumeerfaringar gjennom behandlinga av sjuke. Seinare relaterte dei traumeforskinga til seksualitet og kjønn (Kaplan, 2005, s. 26-26). På slutten av 1970-talet byrja interessa for traumeforskning å ta seg opp att, blant anna på grunn av amerikanske veteranar som kom tilbake frå Vietnamkrigen med både psykiske og fysiske skadar (Kaplan, 2005, s. 32).

I Caruth sitt redaktørverk *Trauma. Explorations in Memory* frå 1995, ser ho på korleis endringar på 1980-talet gjorde at traumeforskning vart eit raskt veksande forskingsfelt på ulike

områder i samfunnet, som til dømes innan psykiatri, psykologi og sosiologi. Ein konsekvens av dette er at sjukdommen Posttraumatisk stresslidning, forkorta PTSD, vart anerkjend av American Psychiatric Associations. Det er ein fagorganisasjon som organiserer både amerikanske og internasjonale psykiatrar (Caruth, 1995, s. 3).

Den amerikanske sosiologen Kai Erikson hevdar at det er viktig å plassere ordet traume terminologisk i sitt kapittel «Notes on Trauma and Community» i redaktørverket til Caruth. Traume kan i første omgang bli sett på som ei *hending som skapte ein etterreaksjon*, og ettersom PTSD vart anerkjend som ein sjukdom, vart samstundes det å ha eit traume definert som ein *medisinsk tilstand å vere i, samt å ha* (Erikson, 1995, s. 184). Traume er med andre ord definert både som ei oppleving og ei hending, samt ein sinnstilstand som kan springe ut av prosessen etter opplevinga. Erikson argumenterer for at det er definisjonen av omgrepet som sinnstemning som veks fram som hovudforståinga av ordet. Han bruker to argument for å dette. Det fyrste argumentet er at det ikkje er sjølve handlinga som definerer korleis hendinga vil påverke eventuelle offer. Det er reaksjonen som viser korleis offera opplevde den aktuelle situasjonen, som Erikson hevdar: «because it is *how people react to them* rather than *what they are*» (Erikson, 1995, s. 184, min kursiv). Det andre argumentet er at traume kan kome frå ei gruppe samansette hendingskjeder, ikkje naudsynt berre éi konkret oppleving (Erikson, 1995, s. 185).

Forståinga av ordet *traume* tar den amerikanske språkprofessoren E. Ann Kaplan opp att i verket *Trauma Culture. The Politics of Terror and Loss in Media and Literature* frå 2005. Ho seier at forståinga av traume handlar mykje om definisjonen av eit traume. Kaplan argumenterer for at det er eiga oppleving, og korleis ein relaterer til hendinga som definerer traume. Ho viser til utsegn av Freud, som mange år i førevegen sa at reaksjonsmønsteret på ei hending varierte med utgangspunkt frå tidlegare eigne erfaringar og psyke, samt den politiske og kulturelle konteksten (Kaplan, 2005, s. 1-2). I tillegg vil ei oppleving av traume bli påverka av tidlegare erfaringar frå andre traume. Ho skriv at opplevingar frå krigsherja London under andre verdskrig påverkar møtet hennar med terrorhendinga 11. september i New York. Ho ser at ei ny erfaring kan vekkje til live eit eldre minne, og viser til hennar personlege stressreaksjon i møte med overraskande durelydar frå sirener (Kaplan, 2005, s. 3).

Det handlar om posisjonen til einskildindividet i hendinga. Som eit døme kan vi sjå føre oss ei lang linje. På den eine sida er dei som er direkte påverka, og på andre sida eit menneske som

var langt vekk geografisk og ikkje har noko personleg relasjon til offera. I mellom desse er det alle moglege relasjonar og ståstader. Nokre opplever tragedien gjennom å vere forbipasserande, bu eller opphalde seg i nærleiken, eller får vite om situasjonen gjennom vener og kjente. Dei aller fleste menneske høyrer derimot om hendingar gjennom media, hevdar Kaplan. Dette ser ho på som «mediatized trauma» (Kaplan, 2005, s. 2).

Eg vel i denne oppgåva å referere til dette fenomenet som eit medialisert traume. Under og etter angrepa var mediedekninga enorm i alle dei ulike mediehusa. Eg vil poengtere at eit signifikant aspekt hjå Utøya-massakren er at informasjonen vart spreidd så raskt på sosiale medieplattformer. Mange høyrde om skytinga gjennom til dømes oppdateringar på plattformer som Facebook og Twitter. Sosiale medieplattformer vart ei viktig informasjonskjelde for mange under skytemassakren. I etterkant vart det oppretta mange bloggar av overlevande frå terroren, der dei fortalde om augevitneopplevingane sine. Dei hadde difor ein digital samhandlingssituasjon og dynamisk dialog med lesarane sine, og var med på å spreie informasjon om både personlege erfaringar og kva som skjedde under terrortimane (Vold, 2016, s. 367-368).

Her kan vi sjå ein kompleks relasjon mellom det individuelle traumet i møte med det kulturelle og kollektive traumet. Kaplan diskuterer og konkretiserer spørsmålet om kor eigne opplevingar byrjar og sluttar, og korleis eventuelt reaksjonar frå samfunnet etter kvart tek over dei personlege opplevingane. Kaplan spør seg kva kjensler som eigentleg er individuelle, og kva kjensler som går over til å vere påverka av samfunnet (Kaplan, 2005, s. 2). I møte med traumeomgrepet åtvarar psykiatriprofessoren David Backer å universalisere dette omgrepet. Han ser at eit traume berre kan bli forstått i den situasjonen som det oppstod i. Han tillegger kulturelle normer, politisk kontekst og samfunnsutforminga som viktige punkter for å forstå eit traume. Han argumenterer vidare for at ein ikkje skal snakke om traume i eit vidt omfang, men om den aktuelle traumatiska situasjonen. Backer høyrer til i fagområda psykologi og terapi. Dette viser eit kompleks paradoks i møte med traumeteori. Svært mange ulike fagfelt og fagretningar uttalar seg om traumeteori, og om sjølv traumeomgrepet (Kaplan, 2005, s. 39).

Korleis ser traumefeltet ut i dag? Traumeforskning er i dag eit svært levande forskingsområde som stadig er i utvikling. Lucy Bond og Stef Craps, professorarar i engelsk litteratur, ga i 2020 ut verket *Trauma*. Dei hevdar at den noverande definisjonen av traumeomgrepet er

flytande. Forfattarane skriv vidare at omgrepet har mista konkretisering i overgangen mellom profesjonell tilnærming til at omgrepet florerer i populærdiskursen. Ein kan seie at omgrepet har vorte mindre spesifikt. Tross dette er grunntanken i dei fleste kultur- og litteraturteoriar at ei traumeerfaring kan kome att i forsinka tilstand i ulike former hjå einskildindividet, sidan traumeerfaringa er for overveldande til å bli prosessert under sjølve opplevinga (Bond & Craps, 2020, s. 4). Eg skal gå nærare inn på dette vidare i oppgåva.

Bond og Craps argumenterer i tillegg at traumeerfaringar er ein pengemaskin, og med dette meiner dei at traumeestetikken dominerer blant anna litteratur-, tekstil-, musikk- og spelutviklingsbransjen. Eit døme kan vere at den spanske klesbutikken Zara laga i 2014 Auschwitz-inspirerte pyjamasar for barn med jødeinspirerte stjerne på brystet, noko som viser at også eit breitt spekter av bransjar kan kapitalisere på traumeerfaringar (Bond & Craps, 2020, s. 3). Med dette kan ein spørje seg korleis traumeteorifeltet kjem til å utvikle seg vidare. Forteljingar om traumenarrativ toppar bestseljarlistene (Luckhurst, 2008, s. 119). Det kan ligge ein motivasjon i å gi ut ei bok som statistisk sett har gode sjansar for høge salstal, særleg hjå forlaget. Det er ikkje min intensjon å spekulere i vinningsperspektivet i å gi ut bok om 22. juli-tematikken, men det er eit aspekt i det moderne traumefeltet som er viktig å kaste lys over.

### **3.1.2 Det individuelle traumet**

I kapittelet «Introduction» skriv Caruth at posttraumatisk stressliding er ein respons på opplevingar og erfaringar frå eit breitt spekter av menneskeskapte og naturskapte katastrofar (Caruth, 1995, s. 3). Den presise definisjonen av ei posttraumatisk stressliding er at det er ein reaksjon på ei erfaring, som gjerne kan oppstå seinare enn hendingstidspunktet. Dette vert kalla ein forsinka traumerespons. PTSD-symptom kan førekome som hallusinasjonar, mareritt, å vere kjenslelaus, men samstundes stresskjensler som kan opptre uvilkårleg (Caruth, 1995, s. 4). Offeret vert det Caruth seier er *heimsøkt* av opplevinga: «To be traumatized is priceisely to be possessed by an image or event» (Caruth, 1995, s. 4-5). Det er signifikant å nemne at same oppleving ikkje påverkar alle individ på same måte. Caruth tar for seg at det er den personlege og subjektive opplevinga som er knytt til den individuelle handteringa av eit traume: «the pathology (...) achiving its haunting power as a result of distorting personal significances attaches to it» (Caruth, 1995, s. 4).

Eit symptom på å vere heimsøkt er opplevinga av uoppmoda tilbakeblikk. Caruth argumenterer for at det er ei bokstaveleg tilbakevending til kjenslene og sanseopplevingar som høyrer til hendinga. Desse kan førekome som stressreaksjonar både som mareritt om natta og dagdraumar i vaken tilstand. Dette kallar vi «flashbacks». Reaksjonen kan kome både der og då, men det kan òg førekome ein forsinka respons. Ein kan sjå på det som to temporalitetar: *der og då*, samstundes *her og no*. Den som har opplevd hendinga kan ikkje styre reaksjonar i ettertid sjølv, til dømes opplevinga av hallusinasjonar (Caruth, 1995, s. 5). Her vil det sjølvsagt oppstå spørsmål kring forståing av opplevinga, og dette skal eg undersøke nærare i delkapittelet 3.2 «Vitnesbyrd».

Erikson følgjer opp Caruth ved å gjenta at offeret føler seg heimsøkt og oppsøkt av eit traume. Han hevdar at offeret kan kjenne at prosessen reduserer energinivået. Samstundes kan traumeoffera føle på aggresjon og eksplosivt sinne. Menneske som har opplevd traumatiske opplevingar kjenner seg gjerne konstant under oppsyn av andre. Offera fryktar at hendinga kan skje att (Erikson, 1995, s. 183-184). I essayet «The Intrusive Past: the Flexibility of Memory and the Engraving of Trauma» skriv traumeforskarane van der Kolk og van der Hart om arven frå den franske psykologen og legen Pierre Janet (van der Kolk & van der Hart, 1995, s. 425). Her tar dei føre seg korleis minne vert påverka av erfaringar. Det vil seie at eldre minne utøver innverknad på noverande opplevingar (van der Kolk & van der Hart, 1995, s. 426). Ein splittar opp minne for å prosessere traumeerfaringa. Å splitte opp minne kan føre til oppstykkja etterprosessar (van der Kolk & van der Hart, 1995, s. 433).

Forskarane bygger vidare på arbeidet til Freud, og hevdar at menneske reagerer på traumeerfaringar gjennom to minneprosessar. Dette er anten dissosiasjon eller fortrenging. Van der Kolk og van der Hart tar for seg prosessane ved at dissosiasjon er ein horisontal prosess, medan fortrenging er ein vertikal prosess. Dissosiasjon viser til at ein styrar minner ut i ei horisontal retning. Minne vert i denne prosessen spalta. Det vert skapt ei alternativ forteljing og forklaring på eit minne. På andre sida er fortrenging ein prosess der subjektet leder traume nedover. Ein fortrengjer hendingane vertikalt vekk frå sjølve hukommelsen (van der Kolk & van der Hart, 1995, s. 437). Van der Kolk og van der Hart seier vidare at menneske som har vore gjennom store og belastande traume kan oppleve at det er umogleg å kombinere desse to verdene. Det temporale avstanden mellom *no*, i møte med *der og då* vert for stor (van der Kolk & van der Hart, 1995, s. 448).

Den amerikanske traumeforskaren LaCapra går ikkje like langt som van der Kolk og van der Hart. Dei hevdar at erfaringane av eit traume er umogleg å kombinere. LaCapra seier på sin side at det er ein *latensperiode* mellom opplevinga av hendinga og ettererfaringane av denne. Han ser samstundes at tidsforholda vert påverka av erfaringar frå eit traume (LaCapra, 2001, s. 81). Den amerikanske litteraturforskarer Lawrence Langer hevdar på si side at denne avstanden mellom *no* og *då* heller må bli sett på som eit aspekt utan tidsuttrykk (Langer, 2007, s. 196). Summert opp kan vi seie at erfaringskjenslene frå terroren 22. juli kan kome i forsinka respons, i lang tid etter sjølve hendinga.

Professor i filosofi og etikk, Susan Brison, i artikkelen «Trauma Narratives and Remaking of the Self», at opplevinga av eit traume fører til direkte *brot* i minne, og at tidlegare oppfatningar av seg sjølv vert borte. I korte trekk tilslørar hendinga den tidlegare identitetskjenla. Individet har ikkje persepsjon av kronologisk tidsrom, som er naudsynt for å attskape minne frå hendinga. Dette kan føre at det kan vere vanskeleg å rekonstruere og attskape erfaringar og hendingar, men samstundes sjå seg sjølv i ein framtidig og langsiktig horisont (Brison, 1999, s. 39-40). Brison legg til at dersom traumet er påført av eit anna menneske, vert subjektet flytta til objekt. Ein kjenner seg ikkje sjølv lenger som eigen person, men eksisterer i relasjon til andre, samt særleg i relasjon til det menneske som påførte og gjennomførte offeret traumeerfaringa (Brison, 1999, s. 41). Terroraksjonar fell dermed under denne kategorien. Terrorisme og terrorvald er ei handling som tar sikte på å skape mest mogleg panikk og desperasjon hjå offera. Målet er å forvalte og påføre mest mogleg redsel hjå einskildindividida, som skal vidareutvikle seg til kjensle av frykt, samt mistillit til storsamfunnet (Sitter, 2021).

Teori om lagring av minne og reminisens står altså sentralt i traumeforsking om einskildindividet. Vi kan skilje mellom tre moglege former for minne. Den første er *rutineminne*, altså alt vi har lært gjennom livet. Eit godt døme kan vere å lære å sykle. Den andre distinksjonen er *narrative minne*. Desse minna er knytt til emosjonar og opplevingar, som dermed vert lettare å hugse (Langås, 2016b, s. 25). Den siste forma er *traumatiske minne*. Traumatiske minne opptre gjerne utanfor narrativ samanheng. Traumatiske minne kan bli opplevd som svært dramatiske for offeret, og at det kan verke overdøyvande over eigenviljen (Bal et al., 1999, s. viii). Her vil eg trekkje ei linje til å kjenne seg heimsøkt, og teori av Caruth (1995, s. 5).



### 3.1.3 Det kollektive traumet

Korleis kan ei personleg traumeerfaring bere eit aspekt av mellommenneskeleg relasjon og fellesskap? I denne delen av oppgåva skal eg undersøke korleis ei traumeerfaring kan syne seg som *kollektiv*. I den siste setninga i talen til Kong Harald V på minnesmarkeringa i juli 2021 i Oslo Spektrum, kan vi sjå at talen tydeleg syner eit aspekt av kollektivt og nasjonalt felleseige. «På 10-årsmarkeringen for en av de mørkeste dagene i *vår historie* blir vi fylt av håp gjennom alle som lyser.» (Det norske kongehus, 22. juli 2021, min kursiv). Her viser Kongen direkte og eksplisitt til at 22. juli-terroren er ein del av ei felles historiske tidslinje. Markeringsåret 2021 omfatta arrangement over heile landet, inklusiv nasjonale minnesmarkeringar (22. juli-senteret, u.å.-a).

Talen til dåverande statsminister Jens Stoltenberg i Arbeiderpartiet tematiserte dette fellesskapet allereie 24. juli 2011, i Oslo domkyrkje (Statsministerens kontor, 2011):

Det er snart to døgn siden Norge ble rammet av den største ugjerningen siden krigen.  
På Utøya og i Oslo. (...)  
Hver og en av de som er gått bort er en tragedie.  
Til sammen utgjør de en nasjonal tragedie.  
Fortsatt strever vi med å begripe omfanget. Mange av oss kjente noen som er borte.  
Enda flere vet om noen. (...)  
Vi er et lite land, men et stort folk (...)  
Til slutt. La meg si til familier over hele landet som har mistet en av sine kjære:  
Dere har min og Norges dypeste medfølelse i ryggen.

Stoltenberg taler om eit nasjonalt fellesskap, som samla skal handtere etterverknadene av terrortragedien. Stoltenberg tematiserer det kollektive aspektet i terrorhendinga i det han seier at dei som har gått bort samla utgjør ein nasjonal tragedie. Erikson meiner ein kan forstå traume som eit sosialt konsept, samt at traume har ein sosial dimensjon. Han diskuterer at det ein distinksjon mellom ei samfunnsgruppe som er traumatiserte av terrorhendingane, frå ei gruppe einskildmenneske (Erikson, 1995, s. 185).

Dei franske samfunnsvitskapsprofessorane Didier Fassin og Richard Rechtman skriv i *The Empire of Trauma* om det individuelle traumet i møte med samfunn og politikk. Dei siste 25 åra har forståinga av traumatiske hendingar blitt ei unik inngang for å lære meir om forholdet mellom fortid og notid. Denne forståinga er både på individ- og samfunnsnivå, særleg i

situasjonar der einskildindivid vert utsett for kollektive valdsåtak. På bakgrunn av denne nye forståinga kan ein sjå til viktige historiske referansar. *Det kulturelle traumet* har mellom anna blitt lenka til Holocaust og terroråtakingen 11. september i New York. Kort forklart kan vi seie at desse traumeerfaringane har blitt med på å forme kulturelle identitetar, som til døme ovanfor, hjå afrikansk-amerikanarar, jødar, og amerikanarar. I tillegg kan vi sjå at dette ikkje har eit tidsaspekt, det flyt vidare inn i det Fassin og Rechtman kallar *eit historisk traume*, som til dømes den brutale koloniseringa av Latin-Amerika, atombomba i Hiroshima, og Apartheidregime i Sør-Afrika. Gruppa identifiserer seg som offer gjennom delte erfaringar, som er artikulert som den kollektive hukommelsen (Fassin & Rechtman, 2009, s. 15). Ved å sjå traume i ein større heilskap kan vi sjå korleis erfaringar er med på å skape rammer for forståing av kultur og samfunn både her og no, samstundes i eit historisk perspektiv.

Erikson skriv at nokre traumeoffer vil oppleve å føle seg *einsame*. Biletleg kan vi sjå føre oss at eit menneske står med eit blinkande skilt, som separerer seg frå resten. Andre ofre vil leite etter relasjonar til andre med same opplevingar. Dette fellesskapet kan gjere opplevingane lettare å bere for eininga og heilskapen, samt at ein saman prosesserer kjensler i fellesskap (Erikson, 1995, s. 186). Erikson tematiserer likevel at det for eit samfunn kan vere vanskeleg å bere eit traume. Han hevdar at eit kollektivt traume kan skade relasjonar mellom menneske. På grunn av ei gradvis forståing om at samfunnet ikkje har moglegheit til å ta vare på menneske som før. Erikson seier at samfunnet fungerer som ein sosiale organisme, lik som den levande menneskekroppen, difor kan ein trekkje klare likskapslinjer (Erikson, 1995, s. 187-188).

Han skil mellom to måtar eit samfunn kan takle eit traume på (Erikson, 1995, s. 190). I kjølvatnet av dei katastrofane som Erikson har studert, finn han at menneske fordeler seg i mindre grupperingar. Desse grupperingane definerer han som *corrosive communities*, altså fragmenterte samfunnsgrupperingar. Den gruppa av menneske som har opplevd dei traumatiske hendingane, vil distansere seg frå dei andre. Det kan vere ei fragmentering både i og utanfor gruppa (Erikson, 1995, s. 189-190). Den andre måten er at grufulle hendingar kan skape eit sosialt klima i gruppa. Eit kollektivt traume kan altså ta to former i eit samfunn. Det kan skade gruppedynamikken, samt skape friksjon og fragmenteringar. På andre sida kan det skape det Erikson definerer som eit sosialt klima (Erikson, 1995, s. 189-190).

Alle menneske ønsker å ha tillit til menneska og samfunnet rundt seg, men dersom dei

opplever eit traume som skader desse relasjonane, kan ein miste reelt von og kjensle av samhald. Det kan handle om å miste tillit til familie, vener, samfunnet og heile det politiske og demokratiske systemet (Erikson, 1995, s. 197-198). Kaplan diskuterer spørsmålet kring diskursen i samfunnet. Kven er synlege i den offentlege diskursen? Kva og kven er til stades i mediebildet? Kva blir sett fokus på i forskinga, akademia og offentlege distansar? Kaplan set opp ei linje mellom ein *diskusjon i samfunnet* og *offisiell diskurs*. Eit døme er at når offer ønsker å stå fram med sine erfaringar, så kan det vere nasjonen som heilskap *vel å ikkje reagere*. Eit relevant døme kan vere at etter slaveriet i USA vart avskaffa, tok det mange år før dette vart diskutert og problematisert ordentleg i den offisielle diskursen (Kaplan, 2005, s. 66-67). Når er det «riktige» tidspunktet for å setje traumeerfaringar på dagsordenen? I dette tilfelle er det naudsynt å nemne den kontinuerlege mediedekninga av 22. juli-terroren, der blant anna framleis gjerningsmannen stadig er å sjå på framsida til dei største mediehusa. I 2022 var første året Breivik kunne be om prøvelauslating frå soninga i Skien fengsel. Dette er på grunn av juridisk heimel. Heretter kan Breivik be om prøvelauslating jamleg (22. juli-senteret, u.å-b).

Eit viktig bidrag til teori om kollektiv hukommelse er verket *Multidirectional Memory. Remebering the Holocaust in the Age of Decolonization* av professor i engelsk litteratur Michael Rothberg. Med omgrepet «multidirectional memory» ser han på hukommelse som ei pågåande forhandling mellom fleire menneske, der dei etablerer kryssreferansar til ulike hendingar. Han ser bort frå forståinga om «competitive memory», altså at det er konkurranse mellom minne om å «få plass» i hukommelsen mellom hendingar (Rothberg, 2009, s. 11-12). Eit døme er blant anna at Holocaust kan marginalisere eller forstyrre kunnskapen om andre traume som dømesvis slaveriet og kolonialisme. På andre sida kan denne retorikken vere med å skape spørsmål kring eigenarten til Holocaust (Rothberg, 2009, s. 6-7).

Rothberg seier at hukommelsen er *produktiv*, i motsetnad til negasjon. Det vil seie at minne går *diagonalt* i hukommelsen. Dette resulterer i meir og betre forståing av kunnskap kring andre hendingar (Rothberg, 2009, s. 3). Multidireksjonelle minne utfordrar det etablerte tankegodset kring kollektiv hukommelse og gruppeidentitet, og sår tvil om at kollektivt traume og gruppeidentitet har ein distinksjon mellom ulike grupper. Rothberg hevdar altså at minne er ikkje eigd av grupper og grupper er ikkje eigd av minne. Alle traumeerfaringar kan dra nytte av auka merksemd (Rothberg, 2009, s. 5).

Rothberg har seinare nyansert tilnærminga. Nokre former for samanlikningar kan verke tilslørande, samt skape ujamn presisjon. Omgrepet multidireksjonelle minne viser til noko strukturelt, som igjen viser ein framstilling av den offentlege diskursen. Minnediskursen består altså av tilpassingar (Rothberg, 2011, s. 524). Ein må difor jobbe med å skilje politisk produktive former for minnesarbeid, i mot det som vert sett på det problematiske former. Rothberg ser det som viktig å utarbeide ein etikk for minnesarbeid, som både kan vere med på å auke merksemd kring det historiske traumet, og arbeide mot appropriasjon (Rothberg, 2011, s. 525). Han presenterer ein måte å gjere etiske val på gjennom ein test som han ser på som ein firedelt akse. Den eine aksa er *samanlikningsaksa*, som strekker seg frå likskap på eine sida, som motpol til differanse. Den andre aksa vert kalla *politisk affekt*, med det konkurrerande synet som motpol til solidaritet og samhald. Rothberg ser at dersom ein samanliknar på grunnlag av å opprette meningsfulle og samanliknbare haldepunkt, så kan det vere ein god måte å gjere etiske vurderingar som ikkje skaper rivaliserande haldepunkt eller generaliseringar (Rothberg, 2011, s. 535-536).

## 3.2 Vitnesbyrd

Korleis kjem eit traumesår til syne? I denne delen av oppgåva skal eg gjere greie for korleis eit vitnesbyrd er ein sentral del av traumeerfaringa, og følgeleg prosessane i ettertid. Å oppleve ei hending handlar i stor grad om å dele erfaringa vidare til andre. Dermed kan vi seie at ei traumeerfaring har eit kommunikativt nivå som ønsker ein reaksjon hjå lyttaren (Laub, 1992, s. 70-71).

### 3.2.1 Vitnesbyrd

Av og til tenker jeg at vår felles hukommelse knyttet til 22. juli stoppet med rosetogene tre dager senere. Etter det trakk vi oss tilbake til de ande som var som oss, altså *overlevende*, og snakket videre om det vi hadde vært utsatt for der (Brenna, 2021, s. 24).

Kva skjedde *eigentleg*? I utdraget frå boka til Brenna skriv ho om *vår felles hukommelse* knytt til 22. juli-hendinga. Kvifor er det så viktig å bere vitne som samla sett utgjer felles minne? Og kva er eit vitnesbyrd? I *Litteraturvitskapelig leksikon* definerer forfattarane munnleg eller skriftleg vitnesbyrd som eit utsegn om ei hending som han eller ho har opplevd. Vitnesbyrdet har ein karakter av konflikt eller valdshandling som gjer hendinga i tillegg viktig for andre (Lothe, Refsum & Solberg, 2007, s. 241). Her kan vi sjå at vitnesbyrdet har ein individorientert og ein kommunikativ del.

Korleis skriv ein om så grufulle hendingar? Den tyske filosofen Theodor Adorno hadde etter Holocaust eit utsegn om at å skrive poesi som tematiserte Auschwitz og Holocaust var barbarisk. Han gjorde seinare justeringar på ytringa, som sa det var mogleg å skrive om så brutale hendingar. Han har tatt i mot nokre tankar og idear angående at lidingar kan finne sin eiga stemme i kunstuttrykk (Adorno, 1962/1982, s. 312, 318). Det var stor diskusjon kring det å skrive om Holocaust i tida etter andre verdskrig. Det var først etter rettssaka i Jerusalem mot den kjende nazisten Eichmann på 60-talet, at det mange overlevande stod fram med vitnesbyrden sitt både munnleg og skriftleg. Deretter kom det ulike fiksjonsromanar og filmar som retta fokuset på lidingane under Holocaust med nye perspektiv (Lothe et al., 2012, s. 3).

Litteraturforskar Shosana Felman og psykiateren Dori Laub skriv i boka *Testimony. Crises of Witnessing in Literature, Psychoanalysis, and History* (1992) om vitnesbyrd. Laub hevdar at lyttaren til vitneforteljingane ber eit stort ansvar. Vitnesbyrd er ikkje monologar, og kan ikkje ta plass i einsemd. Dermed vert mottakaren av ei vitneforteljing svært viktig, og vitnesbyrden får eit kommunikativt nivå (Laub, 1992, s. 70-71). Å fortelje om erfaringar er ein del av ein kunnskapsprosess som Laub kallar «the knowing», og lyttaren står i ein svært unik situasjon. Det er ei form for felles realisering, og lyttaren vert medeigar til traumeerfaringa (Laub, 1992, s. 57).

The listener, therefore, is a party to the creation of knowledge *de novo*.  
The testimony to the trauma thus includes its hearer, who is, so to speak,  
the blank screen on which the event comes to be inscribed for the first time  
(Laub, 1992, s. 57).

Som Laub skriv handlar det om *reaksjonen* til lyttaren. Ei frykt for at mottakarar ikkje skal respondere, eller vise affekt, kan gjere at overlevande vel å halde traumatiske opplevingar for seg sjølv. Prisen overlevande må betale for å opne seg opp kan vere å gjennomleve traumeerfaringa på nytt. Å skrive ned traumeerfaringa kan vere med på å bryte den indre stillheita. Laub viser til nokre poetar og forfattarar som har opna opp for å skrive om traumeerfaringa si, i dette tilfelle Holocaust. Han hevdar dei opplevde det motsette av ein lette, «Poets and writers who have broken their silence may indeed paid with their life for that deed» (Laub, 1992, s. 67).

Laub viser til eit vitnesbyrd av overlevande frå Auschwitz. I dette intervjuet seier kvinna at fire omnane eksploderte samtidig, men empirisk fakta viser at berre éin av desse omnane gjekk i lufta. Her diskuterer Laub at historikarar ser på hennar augevitneforklaring som usanne påstandar, medan han meiner observasjonane til kvinna er ei brikke i det store biletet som fortel om situasjonen for fangar i Auschwitz. Med andre ord er observasjonen ein del av eit vitnesbyrd om heilskapen. Kvinna vitnar om eit jødisk opprør i utryddingsleiren Auschwitz, ikkje det eksakte talet på omnar som eksploderte (Laub, 1992, s. 59-60).

The woman was testifying», he insisted, «not to the number of the chimneys blown up, but to something else, more radical, more crucial: *the reality of an unimaginable occurrence*. (...) The woman testified to an event that broke the compelling frame of Auschwitz, where Jewish armed revolts just happen, and had no place. She testified to the breakage of framework. That was historical truth  
(Laub, 1992, s. 60, min kursiv).

Vitnesbyrd er altså med på å bringe fram informasjon om utenkelege hendingar. Vidare kan vi sjå at Laub trekker fram sjølve frykta for at traume kan kunne skje igjen kan i seg sjølv påverke minnet. For offeret kan forteljinga og vidareformidlinga av hendinga vere ein del av traumeerfaringa i seg sjølv, og ei påminning offeret må betale resten av sitt liv med (Laub, 1992, s. 67-68).

Å bere vitne inneber eit aspekt av ansvar i lys av avgjerande vidareformidling. Å fortelje om personlege erfaringar kan vere ein del av handteringa av traumeprosessen, og samstundes ein form for deltaking i storsamfunnet rundt seg (Vold, 2020, s. 37). Ein diskusjon kring dette kan vi finne hjå Kaplan i kapittel «The Ethics of Witnessing». Ho hevdar det er ei sosial hensikt som inneheld eit ønske om opplysing til andre. Det handlar om eit ønske om å strupe eller endre intoleranse og urettferd (Kaplan, 2005, s. 122). Det er med andre ord kollektivt orientert. Som Kaplan skriv vidare «(...) witnessing leads to broader understanding of the meaning of what has been done to victims, of the politics of trauma being possible» (Kaplan, 2005, s. 123). Å bere eit vitne har med andre ord eit offentleg ansvar, som kan vere med å skape samfunnsmessige endringar (Kaplan, 2005, s. 123).

I artikkelen «Terror Effects» (2010) skrive av den britiske kulturkritikaren og historikaren Robert Young, ser han at terrorisme forhindrar vidareforteljing og vitnesbyrd. Han meiner at ein vesentleg effekten er at skremsel og frykt frå terrorhandlinga, gjer at terroroffer vegrar seg

frå å fortelje historia vidare. Ein ønsker heller å ta inn over seg inntrykk og informasjon for å forstå kva som skjedd (Young, 2010, s. 325). Vold argumenterer i ei anna retning enn Young. Ho seier at terrorerfaringar ikkje skaper slik affekt, men derimot at menneske set seg sjølv i det ho kallar ulike *krisekretsar*, som ønsker å vidarefortelje:

Jeg mener man kan gå lenger og at én vesentlig terroreffekt er at terror ikke forhindrer, men frambringer historier: først vitnesbyrd, fortellinger og gjenfortellinger, siden medierte og kunstneriske bearbeidelser. (...) Folk befinner seg i ulike *krisekretser*, kan man si, fra innerste til den ytterste, men selv om de som bare opplever terror på trygg avstand kan kjenne igjen ønsket om å formidle det som har skjedd.  
(Vold, 2020, s. 36).

Vold tar vidare føre seg at alle folk, uansett i kva krisekrets dei er i, ønsker å formidle kva som har skjedd. Å ha opplevd vald i form av terror gjer at ein ønsker å formulere det som har skjedd både for seg sjølv og andre. Det forteljinga er aller best på, er å setje hendingsløpet inn i eit tidsforhold, og desse tidslinjene er med på å skape ein heilskap av hendinga. Med eit stort fokus på temporalitet er dette aspektet med på å kople overlevande saman med verda rundt (Vold, 2020, s. 37). Lothe skriv at menneske alltid kommuniserer med utgangspunkt i eige liv og erfaringar. Evna til å fortelje og kommunisere er med å gir meining til kvardagen. Kommunikasjon og samhandling gir livet hensikt, og for menneska som har overlevd eit terroråtak vil det vere sentralt i «hans eller hennar livsforteljing» (Lothe, 2013, s. 164).

Lothe, Susan R. Suleiman og James Phelan skriv i sitt verk *After Testimony* om vitnesbyrd etter Holocaust. Augevitne frå konsentrasjonsleirane under andre verdskrig uttrykte i ettertid at dei levde vidare for å ta ansvar, og å bere vitne og å formidle vidare dei grufulle erfaringane. Mange av offera frykta likevel for å fortelje om erfaringane sine. Frykta gjekk ut på å bli møtt av ei kald skulder, altså ein reaksjon i form av fornektning eller avvising. Dei fortalte vidare at den største frykta var å bli møtt med eit skuldertrekk og ein uaffektert reaksjon (Lothe et al., 2012, s. 3). I boka *Tidsvitner* intervjuar forfattarane åtte overlevande frå konsentrasjonsleirane Auschwitz og Sachsenhausen. Intervjuobjekta seier at motivasjonsfaktoren for å bringe vidare eit vitnesbyrd er primært å motverke at samfunnet skal gløyme kva som eigentleg skjedd under Holocaust (Lothe & Storeide, 2006, s. 12).

Kva er eigentleg sanning i lys av traumeteori og traumeforsking? Under sjølv hendinga kan offeret verte handlingslamma, samstundes kan dei forsinka kjenslene kan kome fram tydeleg hjå offeret sine reaksjonar seinare. Caruth ser på desse minna som traumeprega, og *utan*

*eksplisitt lokalitet*, noko som verken eksisterer reelt sett her og no, ei heller der og då (Caruth, 1995, s. 6-7). Lothe skriv at eit vitnesbyrd kan ikkje bli sett på som direkte avtrykk eller nøyaktig skildring av hendinga. Minna gir subjektive og personlege refleksjonar kring det som skjedde. Vitnesbyrdet har ein eigenart, og verdien ligg i at det er ei unik forteljing om den subjektive opplevinga (Lothe, 2013, s. 164). Det er ei påminning om korleis hendinga har påverka offera, og difor bidrar vitnesbyrdsforteljingar til at det er vanskelegare å bagatellisere ei hending (Lothe, 2013, s. 166).

Lothe poengterer at det var omlag 300 kvinner og barn som vart deponerte frå Noreg til konsentrasjonsleiren Auschwitz mellom 1940-1943. Ingen kvinner eller barn returnerte, og dei er eit uttrykk for *eit taust rom i forteljingane*. Det er ingen overlevande frå desse jødiske gruppene som har moglegheit til å fortelje om erfaringane sine frå konsentrasjons- og utryddingsleirane. Det gjer det vanskelegare å ikkje gløyme forteljinga deira. Likevel fortel dei tause kvinne- og barnevitna om viktigheita ved vitnesbyrd. Til samanlikning med alle formar for vitnesbyrd om grufulle hendingar, poengterer Lothe viktigheita med dette for dei som ikkje sjølv har denne sjansen. Han seier at det er meir allmenn kjent at 34 norske menn returnerte frå leirane, enn at ingen kvinner eller barn gjorde det same. Det fortel noko om det tause vakuemet i eit vitnesbyrd (Lothe, 2015, s. 98).

### **3.2.2 Traume i det litteraturvitskapelege forskingsfeltet**

Det litteraturvitskapeleg forskingsfelt som tematiserer traume ser på korleis traumatiske hendingar syner seg og tar form i litteratur og tekstskaping (Langås, 2016b, s. 19). Nyare forskingsteori om å vere vitne og vitnesbyrd har hatt ein vending mot å godta at estetiske uttrykk kan vere ei form for ressurs i prosessen etter ei traumerfaring (Langås, 2016b, s. 30). Som nedfelt i oppgåva er det fleire moglege innfallsvinklar til å syne traumatiske reaksjonar og etterprosessar i litteratur. Symptom på forsinka etterreaksjonar kan syne seg som mareritt, flashbacks og hallusinasjonar hjå offeret som dermed kan kjenne seg *heimsøkt* (Caruth, 1995, s. 5). I litteratur vert altså *temporaliteten* svært viktig aspekt å syne, sidan tekster som tematiserer traumeerfaringar ønsker å skape ei forståing av korleis traumeerfaringa har vore, og korleis erfaringa har vorte fortolka. Den analytiske fortolkinga av traumeerfaringar i litteratur er altså at sjølv om teksta er om erfaringar og opplevingar, deretter er det lagt til refleksjonar i etterkant (Langås, 2016b, s. 12-13).



Lothe diskuterer at ord er naudsynt for å arbeide med personlege inntrykk etter ei terroroppleving. Han viser til talene til Stoltenberg og Kong Harald V, som var med på å byggje eit nasjonalt solidaritetssamhald etter terroren. Bodskapsytringar er viktig for førebygging av valdsåtak, samt førebygging av underliggande haldningar som skaper rammer for valdshendingar. Ord har den effekten at dei er med på å utløyse kjensler, og er sentral i preventivt arbeid. Like fullt kan ein dra ei grense der sorga blir så sterk, at ein manglar ord for å ta inn over seg situasjonen. Denne doble dimensjonen ein kan finne i *ord*, kan ein finne att i vitnesbyrd, sjølvbiografiske tekster og fiksjonstekster (Lothe, 2013, s. 161). I eit vitnesbyrd kan til dømes ein pause, og dermed kjensla av mangel på ord, vere med på å *fortelje*. Forteljinga kan vise at noko er så smertefullt, så vondt og intenst, at ein ikkje maktar å setje ord på det. Eit brot eller ein pause i eit vitnesbyrd kan difor vere både meiningsberande, kraftfull og forteljande (Lothe, 2013, s. 166).

Professor i filmvitskap, Anne Gjelsvik, skriv at kunstnariske uttrykk kan bidra til eit emosjonelt fellesskap og refleksjonar når ein katastrofe rammar. Med kunstuttrykk rommar alle former for tekst, og mellom dei litterær sakprosaetekster. Ho argumenterer for at kunstnariske uttrykk er ein måte å arbeide med inntrykka etter ei traumatisk erfaring, og dette kan gjelde både for *individuell* og *kollektiv* prosess. Gjelsvik set vidare fokus på at ulike menneske reagerer ofte svært annleis på same erfaring (Gjelsvik, 2020a, s. 9-10).

Kunstnariske uttrykkformar opnar moglegheita for å undersøke terrorhendinga i eit mangfaldig og fleirsidig perspektiv. Det kan opne opp for refleksjonar på fleire plan. Dei ulike formene for kunstuttrykk vert møtt med ulike reaksjonar frå mottakarane. Nokre uttrykksformer vert møtt med negative haldningar, medan andre vert ønska varmare velkommen (Gjelsvik, 2020a, s. 11). Eit døme på eit kunstuttrykk som møtte mykje diskusjon og skepsis, er ei scenisk framstilling av manifestet til terroristen Breivik (Böhnisch, 2020, s. 112). Ved sceneframstillingar, bøker, diktsamlingar og lyrikk kan ein på nye møter prosessere og gjennomarbeide traumeerfaringane, eller for å få ny forståing, kunnskap og fleirsidig innsikt. Eit anna nivå er at dei som oppsøkte den sceniske framstillinga av manifestet. Førestillinga konfronterte dei ekstremistiske og ideologiske røtene, som legg grobott for terrorisme og radikalisering (Böhnisch, 2020, s. 131-132). Eit anna døme er at filmatiseringa *Utøya: 22. juli* møtte kritiske innvendingar då ho kom i 2018. Kritikarane meinte at filmen var gitt ut for tidleg (Gjelsvik, 2020b, s. 200).

Eit heilt konkret døme er arbeidet til den nederlandske litteraturprofessoren Mieke Bal. Ho bruker verktøy frå narratologi for å vise korleis traume kan kome til syne i litteratur. Ho konkretiserer at forfattaren gjer litteraturtekniske tidsgrep for å vise brot i den opphavelige forteljingsstrukturen. Bal forklarar at flashbacks til dømes kan syne seg som analepse. Det vil seie eit fragmentert tilbakeblikk til ei føregåande hending, samt til ei anna vinkling enn hovudforteljinga i historia. Tidlegare i oppgåva la eg til grunn det teoretiske momentet til van der Kolk og van der Hart, angående reaksjonsmønster til traumeoffer. Dei kan syne seg som fortrenking og dissosiasjon av minner. Eit fortrent minne kan syne seg som ellipse, eit kort brot i forteljinga med fokus på noko anna. Ein dissosiasjon kan syne seg som paralepse, det er sideforteljingar som ikkje høyrer til i hovudforteljinga (Bal et al., 1999, s. ix).

LaCapra skriv i sitt kapittel «Conclusion: Writing (about) Trauma» at det burde vere ein distinksjon mellom *å skrive om traume* og *å skrive ned traumet*. Å skrive om traume har eit historisk aspekt ved seg, med objektive standardar om å rekonstruere historie. På andre sida ser LaCapra på å skrive ned traumet som ein metafor, altså at teksta er skrive i overført tyding, der skrivinga indikerer at det er avstand og distanse til sjølve traumehendinga. Han hevdar vidare at det er ikkje er mogleg å skrive ned traumet utan denne distansen (LaCapra, 2001, s. 186).

Trauma indicates a shattering break of cesura in experience which has belated effects. Writing trauma would be one of those telling after-effects in what I termed traumatic and post-traumatic writing (...). It involves process of acting out, working over, and to some extent working through in analyzing and «giving voice» to the past – process of coming to terms with traumatic «experiences, » limit events, and their symptomatic effects that achieve articulation in different combination and hybridized forms (LaCapra, 2001, s. 186).

Som i sitatet ovanfor ser vi LaCapra skriv at *å skrive ned traumet* involverer å arbeide gjennom, analysere og gi ein stemme til fortida. Det er ein samla prosess og ei gjennomarbeiding for det han ser på som å komme gjennom konsekvensane av traumeerfaringa (LaCapra, 2001, s. 187).

Caruth skriv i verket *Unclaimed Experiences. Trauma, Narrative, and History* frå 1996 om traumeerfaringar som uoversiktlege, og utan moglegheit for å bli plasserte på ein forståeleg måte i eit språkleg litterært uttrykk (Caruth, 1996, s. 5). Dette heng saman med at offeret opplever symptom som forsinka respons på traumeerfaringa, og desse symptoma er utan

tidslokalitet i både vaken og sovande tilstand (Caruth, 1996, s. 11). Det er likevel slik at Caruth ikkje nektar at traumeerfaringar kan kome til uttrykk skriftleg. Eit traumenarrativ vil innehalde teikn av traumet hjå det heimsøkte offeret, som endrar seg over tid grunna symptom på den forsinka etterresponsen (Caruth, 1996, s. 91-92).

Den teoretiske arven frå Caruth viser at det er vanskeleg å formulere traumeerfaringar i språkleg samanheng. I *The Trauma Question* (2008) skriv av Luckhurst, kritiserer han Caruth for sjølv forståinga av traume i møte med narrativ representasjon. Caruth si forståing ser han på som sjølvmotseiande, nemleg det han sjølv kallar *apori*. Luckhurst forstår Caruth som heilt rigid i si oppfatning av skriftleg representasjon av traume (Luckhurst, 2008, s. 4-5). Luckhurst hevder vidare at å arbeide med eit traume skjer på paradoksale premiss, og dette kallar han «the trauma paradigm» (Luckhurst, 2008, s. 80). Ruth Leys skriv i verket *Trauma. A Genealogy* at arbeidet til Caruth er generaliserande. Leys ser spesielt på det Caruth har skrivt om korleis offer kan dele opplevinga vidare med utanforståande, som ei forenkling av røyndommen (Leys, 2000, s. 205).

Bond og Craps ser på kritikken til Leys som prøver å undergrave arbeidet til Caruth. Dei ser Caruth som grunnleggande for forskingsutviklinga på traume i litteratur (Bond & Craps, 2020, s. 132). Luckhurst ser også traumenarrativ på bestseljarlistene, og at dei slår an hjå eit stort og breitt publikum. Han hevdar at litteraturvitskap og akademia ser bort frå desse historiene som samfunnskulturen omfamnar (Luckhurst, 2008, s. 119). Caruth sine verk kom ut på 90-talet, før ekspanderinga av digitale og sosiale medieplattformer til samhandling og deling. Eksplosjonen av deling, både digitalt og i andre fora, har gjort samfunnet si forståing av private opplysingar i møte offentleg informasjon er svært forandra til samanlikning med tidlegare (Tretvoll, 2013, s. 7-8). Med dette til grunn vil eg seie at litterære uttrykk har vore med på denne utviklinga, på grunn av at det er fleire moglegheiter for å uttrykke traumeerfaringar i dag enn på 90-talet, til dømes via sosiale plattformsmoglegheiter.

Kulturprofessor Susannah Radstone skriv om etisk imperativ, altså at ei bestemt tekst krev medkjensle av lesaren på grunn av dei spesifikt grufulle skildringane, og det tematiske innhaldet. Ho ser at tolkaren av teksta må trå varsamt i møte med skildringar av ekstremaspekt ved røyndommen, og at dette kan skape ein forstumma situasjon. Radstone ser at ein må utfordre tendensen til å forstumme diskusjonen, men dette må bli gjort samstundes

som ein viser respekt for den aktuelle situasjonen (Radstone, 2011, s. 83). I mitt tilfelle gjeld dette 22. juli-vitnesbyrd.

### **3.3 Litterære framstillingar av traumatiske erfaringar i møte med ei politisk kontekst**

I dette delkapittelet skal eg sjå på litterære framstillingar av traumeerfaringar i møte med ein politisk kontekst. Etter terroråttaket den 11. september mot Tvillingtårna i New York i 2001 vart det gitt ut mykje ulike litterære kunstformer, som bøker, litteratur, kunst og filmar. Dette gjorde sjølvst at traumeforskning, forskning på sjølvrepresentasjon i litteraturvitskapen, filmvitskapen, sosiologi, psykiatri og psykologiforskning fekk mykje nytt materiale å arbeide med, og nye aktuelle innfallsvinklar og problemstillingar. Vi kan seie at samla sett var dette med å skape *politiseringsdreining* av feltet. Kunstuttrykka fekk ei tydelegare innretningslinje mot politiske vinklingar og ideologiske haldepunkt på grunn av det ideologiske bakgrunnsmotivet til terroråttaka, som kom markant fram i ettertid (Langås, 2016b, s. 32).

#### **3.3.1 Terrorerfaringar**

Kva er definisjonen av terrorisme? Medlemslanda i FN har ikkje kome til semje om ein samla definisjon av omgrepet terrorisme, og dei har heller ikkje kome til einigheit om ein samla overnasjonal konvensjon som forbyr terrorisme eller terrorhandlingar (FN-sambandet, 2022). I Europarådet har dei kome til semje om ein konvensjon om førebygging av terrorisme, ETS nr. 196- Sitert under:

Europarådets medlemsstater og de øvrig stater som har undertegnet denne konvensjonen, (...)

som minner om at terrorhandlingar har som mål, etter sin karakter eller ut fra sammenhengen, å skape alvorlig frykt hos en befolkning eller urettmessig tvinge en regjering eller en internasjonal organisasjon til å utføre eller unnlate å utføre en handling, eller å alvorlig destabilisere eller ødelegge et lands eller en internasjonal organisasjons grunnleggende politiske, forfatningsmessige, økonomiske eller sosiale strukturer (Europarådets konvensjon om forebygging av terrorisme, 2005)

I følge konvensjonen skaper terrorisme og terrorvald alvorleg frykt. Terrorisme ønsker å unnlate eller tvinge til handling, eller øydelegge grunnleggande politiske, forfatningsmessige, økonomiske og sosiale strukturer. Breivik var inspirert av andre terroraksjonar og kombinerte to former for terrorisme. Det vil seie eit symboltungt myndigheitsmål og ein massakre med handvåpen i tettfolka område (NOU 2012: 14, s. 45). Det er mange grunner til at vi kan seie

22. juli-åtaka har ein politisk og ideologisk karakter. Terroren har fleire direkte samankoplingar med den rådande politiske situasjonen og demokratiske strukturar i Noreg. Breivik erklærte seg sjølv som «kulturnasjonalist», og hevda vidare at angrepet var eit «preventivt angrep for bevare urfolk» (Jupskås, 2013, s. 11).

Mange av ungdommane på Utøya hadde allereie posisjonar i norsk politikk, i form av forskjellige tillitsverv på ulike nivå. Han har grunnlagt handlingane i egne politiske haldepunkt, i noko han sjølv ser på som ein politisk handling i ein politisk kontekst. Under rettssaka peikte Breivik på sine egne høgreekstremistiske politiske motiv som grunnlag for terrorhandlinga. Han hevda at politikarar i Noreg, med Arbeiderpartiet i spissen, hadde for svak innvandringspolitikk og for opne nasjonale grenser. Dette er nedfelt i 22. juli-dommen som ein av Breivik sine grunngevingar for å gjennomføre terroråttaket (RG 2012, s. 22). Det vil seie at terrorhendinga er nært knytt til det noverande rådande politiske landskapet i Noreg. Terroråttaka 22. juli kan vi sjå på som ei form for politisk motivert terrorvald, og vi kan sjå fleire fellestrekk mellom Breivik og høgreekstremt tankegods (NOU 2012: 14, s. 50).

I verket *Trauma* frå 2020 ser forfattarane Lucy Bond og Stef Craps på traumeerfaringar i ei historisk kontekst. I all hovudsak kan ein summere innhaldet til at traumeforskning på 1800-talet er nært knytt til blant anna modernisering og utvikling. Bond og Craps bygger vidare på teori av Luckhurst, og viser til omveltingar i kvardagslivet på grunn av endringar i samfunnet, som til dømes politisk utvikling (Bond & Craps, 2020, s. 12-13). I det ei traumatisk erfaring skjer i møte med ein politisk kontekst, vil også fortolkinga av hendinga vere påverka av det rådande politiske landskapet. Ein traumatisk situasjon er prega av kontekst, samfunn og politikk (Kaplan, 2005, s. 39). Fassin og Rechtman reflekterer kring korleis traume har fått ei politisk karakter. Traumeomgrepet har eit flytande moment i definisjonen. Med dette meiner dei at konteksten kring det aktuelle traumet avgjer kven som er offer for situasjonen. I dette ligg det eit politisk aspekt, som til dømes i utbetaling av økonomisk erstatning og juridiske rettigheter (Fassin & Rechtman, 2009, s. 282).

Terrorangrepet 11. september 2001 har svært tydeleg ideologisk kontekst, som gjer at materiale i ettertid ber preg av at problemstillingane har ei tendens mot politisering (Langås, 2016b, s. 32). Alt i alt kan vi seie at den kunstnariske etterresponsen til 22. juli-terroren har mykje av den same ideologiske bakgrunnen, og at terroren inneheld element av ideologiske

årsaksforklaringar. Dermed er det relevant å spørje seg om dei problemstillingane som syner seg i 22. juli-materiala, har same tendens mot politisering.

### 3.3.2 Debatten om 22. juli-debatten

På grunn av tiårsmakinga til massakren har debatten fått aktualitet og rom for refleksjon om den føregåande diskursen. Korleis har samfunnsdebatten vore dei siste ti åra? Historikar Hallvard Notaker har skrive boka *Arbeiderpartiet og 22. juli* (2021). I denne boka tar han for seg handteringa av terrorangrepet på fleire plan. I kapittelet «Hvem ble angrepet 22. juli?» tar Notaker for seg kompleksiteten kring terrorhandlingane. Høgblokka i sentrum av hovudstaden er eit symbol på det demokratiske Noreg, og på same tid var angrepet retta mot ideologiske- og politiske haldepunkt. Åtaka var retta mot Noreg som nasjon, men samstundes orientert mot Arbeiderpartiet og ungdomsorganisasjonen AUF. «(...) Ingen kan representere helheten og bare én halvdel samtidig, men slik er det likevel i historien om Arbeiderpartiet, 22. juli og alt som fulgte etter» (Notaker, 2021, s. 9).

Året 2021 markerte tydeleg at debatten var tatt inn i bokhyllene. SV-politikar og redaktør Snorre Valen skriv i boka *Utøyakortet* om i konsekvensar etter 22. juli. Han hevdar at AUF vart politisk isolert etter terroren, og dersom terroren vart nemnd av AUF, trakk dei det han presenterte som Utøyakortet. «Å trekkje Utøyakortet» vil seie at ein spelar politisk mynt til sin fordel på terroren. Valen meiner det ligg ei implisitt mistenkeleggjering av Arbeidarpartiet, og at det peiker på at det er eit spel om moglegheiter for polisering og partipolitisk gevinst (Valen, 2021, s. 25-26). På andre sida hevdar tidlegare Fremskrittspartileiar, Siv Jensen, at Støre polariserer debatten om terroren 22. juli. Direkte sitat frå Dagens Næringsliv står det at Jensen «irriterte seg grønn over 22. juli debatten», og at ho ser på det som om hendinga vert gjort om til partipolitikk (Gjerstad, 2020). Fremskrittspartiet sin noverande leiar, Sylvi Listhaug, følger opp dette ved å seie at markeringa er prega av det ho kallar brunbeising av partiet. Etter at noverande statsminister Støre ytra at den politiske høgrefløya måtte ta avstand frå høgreekstremisme (Røsvik, 2021). Ved å samanlikne ser ein at dei politiske motpolane står på kvar sin side, og peiker på nettopp det same, nemleg at den andre politiske fløya spelar politisk mynt på terroren.

Minne- og samfunnsforskar Claudia Lenz skriv i artikkelen «22. juli-fortellinger og forhandlingen om hva terroren skal bety for fremtiden», at det ikkje er ei fast minnekultur kring 22. juli-minne. Ho tar for seg ulike *fortolkingsrammar*, der ho etablerer fire ulike

typologiske forteljingar. Lenz ser på kva konsekvensar dette har. Kven blir adressert som «vi»-et i forteljinga? Kven fell utanfor? (Lenz, 2018, s. 90). Ho skil mellom fire ulike typologiske forteljingar, og dei går parallelt og er dynamiske. Dei ulike forteljinga set likevel tankegodset til gjerningsmannen Breivik, dei politiske fløyene, myndigheitene og den norske befolkning i ulike roller og har ulikt fokus. Den første forteljinga er at terroren var eit angrep mot demokratiet. *Demokratiforteljinga* krev eit nasjonalt samhald. Denne forteljinga har grobotn i at angrepet var mot det norske demokratiske ideala. Demokratiforteljinga vart etablert i ein tidleg fase etter terroren (Lenz, 2018, s. 96-97). Til dømes talane til Stoltenberg og Kong Harald V.

Den andre forteljinga er *kjærleiksforteljinga*. Her er det vondskap i møte med kjærleik, det er «alle» mot terroristen. Dei vondskapsfulle handlingane vart møtt av ei sterk samhaldskjensle i nasjonen. Demokratiforteljinga og kjærleiksforteljinga handlar begge om å vinne over kjensla av avmakt. Brutaliteten i terrorerfaring er svært destruktiv, og difor ønsker ein å kome sterkare ut på andre sida. Lenz refererer til Hannah Arendt, som seier at kjærleiksmotivet ikkje er tilstrekkeleg til å innlemme den politiske dimensjonen og samfunnsdiskursen i terroren. Ho ser kjærleik som eit pluralitetsprinsipp, som høver seg godt som meiningsdanningsfundament, og i solidaritetstanken som oppstod i kjølvatnet av terroren. Lenz problematiserer at kjærleiksforteljinga kan stå i vegen for å skape diskusjonsfundament (Lenz, 2018, s. 97-99).

Den tredje forteljinga er *mangfaldsforteljinga*, som ser på 22. juli som eit angrep mot det fleirkulturelle, opne og liberale Noreg. Dette inkluderer alle religionar og livssyn og denne forteljinga liknar mest på det Breivik sjølv presenterte. Mangfaldsforteljinga kom til syne under rettssaka. Breivik kom med ytringar som at det var indoktrinering av multikulturalisme og kulturmarxisme i den norske skulen. (Lenz, 2018, s. 99-100). Den fjerde og siste er *beredskapsforteljinga*. Den er i hovudsak orientert mot handteringa til myndigheitene, både i forkant og etterkant av terroren. Beredskapsforteljinga er på same tid kontrafaktisk. Denne forteljinga har plass i den aktuelle samfunnsdiskursen, og har prega norsk politikk (Lenz, 2018, s. 101-102).

Forteljingane har til felles at dei vil skape samanheng etter terrorhendinga. Nokre aspekt kan overlappe. Diskusjonen om 22. juli går på ulike arenaer og i ulike sjangrar, og dei har ulike utgangspunkt. Opprettinga av forvaltningsinstitusjonar av 22. juli-senteret bidrar til å skape

meir varige minne (Lenz, 2018, s. 103). Eit døme som viste at det framleis ligg kraft i minneforståinga av Utøya, er ytringa til Listhaug i 2018. Lenz argumenterer for at det kan bli tolka i retning av at beredskapsforteljninga stanga saman med demokratiforteljninga. Mange reagerte etter Facebook-innlegget med å seie at det er ideologiske motiv bak terroren. Desse ekstremistiske motiva må bli gitt riktig merksemd for å bli strukturelt motarbeidd (Lenz, 2018, s. 104).

Det er viktig å ha eit kritisk blikk på eige arbeid. Oppgåva handsamar eit svært samfunnsaktuelt tema, og å overstige linja til *betent sak* er svært nærliggande. I det ein rører seg inn på det politiske farvatnet, er det mange kritiske og potensielle fallgruver. Det handlar om å ta objektive val i møte med den komplekse politiske konteksten, som rommar langt fleire nyansar enn denne oppgåva klarer å kaste lys over.

For å summere opp teorikapittelet betyr *eit traume* sår eller skade. Denne skaden kan vise seg på ulike måtar hjå einskildmenneske, og reaksjonen på ei traumatisk hending handlar om tidlegare personlege opplevingar og erfaringar. Eit traumesår kan ha mange ulike framstillingar og utformingar. Det særskilde i ei terrorerfaring er at dette såret kan få ein kollektiv dimensjon. Denne balansen kjem til syne blant anna gjennom kommunikasjon, og dermed kan ein seie at eit vitnesbyrd ein betydeleg del av sjølve traumeerfaringa. Det karakteristiske med 22. juli-terroren er det ideologiske utgangspunktet som er nedfelt i 22. juli-dommen (RG 2012, s. 71).



## 4.0 Analyse

Dei fatale åtaka var spesielt retta mot *eit politisk parti*, samtidig som den ramma *einskildmenneske*. Ettermålet og sorga skylte til slutt over *heile nasjonen*. Det gjer den analytiske tilnærminga til boka særleg interessant, på grunn av at ho røyver ved så mange ulike aspekt på same tid. Eg vel å skilje desse delane opp i ulike underkapittel, som speglar kvart sitt analysespørsmål. Samla sett gir kapitla eit gunstig og heilskapleg overblikk over *22. juli – og alle dagane etterpå* som er eit 22. juli-vitnesbyrd. For å ytterlegare belyse analysen skal eg undervegs gjere tilvisingar til aktuelle sitat henta frå boka. Dette bidrar til å binde saman det valde empiriske materialet med relevant teoretisk fundament.

### 4.1 *Korleis fortel Brenna om det individuelle nivået i terrorerfaringa?*

I tråd med analysespørsmålet mitt «Korleis fortel Brenna om det individuelle nivået i terrorerfaringa?» skal eg undersøke *korleis* teksta gir form til det personlege og individuelle i ei traumeerfaring. Det er eit dynamisk og interessant samspel mellom det visuelle, språklege, kompositoriske, temporale og den tematiske vinklinga. Samla sett handlar dette kapittelet om framstillinga og form av den individuelle traumereaksjonen som syner seg i boka. Dette inneber framstillingar av subjektive og personlege reaksjonar både *under* og *etter* terrorhendingane.

#### 4.1.1 Det visuelle aspektet

Det individuelle traumet er som tidlegare nemnt eit sår eller ein skade som er frå ei tidlegare hendingserfaring. Eg vil argumentere for at Brenna allereie frå omslaget på boka skaper ein kontakt med lesaren. Denne kontakta kan vere ein inngang til å presentere det individuelle planet i ei traumeerfaring. Dette er i tråd med teori av Lejeune (1975/1989, s. 13). Omslaget til boka er eit fotoportrett med fokus på hovudet og overkroppen til Brenna. Ho har eit bestemt blikk som ser direkte inn i kameranlinse, og ho held armane i kryss. Biletet er med på å skape ein kontakt, og ein sjølvbiografisk pakt, med lesaren.

Portrettet er omringa av eit raudt fargespekter som står i sterk kontrast til dei kvite bokstavane i overskrifta «22. juli». Dei kvite bokstavane er omfamna av fleire raude roser, som er eit universelt symbolsk uttrykk for udøyeleg og endeleg kjærleik. I etterkant av terroren vart rosetog og rosehav sterke visuelle symboluttrykk for samhald, medkjensle og solidaritet. Ei av rosene på omslaget er sprunge ut og blømer, medan dei to andre er meir lukka. Dette kan vere

eit bilete på korleis eit terrortraume har mange ulike konsekvensar for dei det gjeld. Nokre av rosene dekkjer delar av bokstavane, som kan vere eit bilete på dobbelheit. Teksta «22. juli» viser til eit åtak prega av fatale konsekvensar og destruksjon. Bokstavane er blanda inn i rosehavet, og dei dekkjer til deler av bokstavane. Denne dobbelheita viser at det er eit von i form av samhaldsretorikk og tanke om fred.

Avtrykk og spor av terroren er synlege som bilete av destruksjon. Midt i dette visuelt og kjenslulada uttrykket har vi portrettet til Brenna. Med dette ser vi at dette skal handle om det individuelle menneske, i møte med den nasjonale rosehavsymbolikken. Eit anna nivå er at roser har vore eit partipolitisk symbol for Arbeiderpartiet lenge før terroren (Egge, 2011). På grunn av desse teknisk-visuelle grepa, og bruk av symbolikk på omslaget og framsida av boka, skaper ein allereie her to tilnærmingar til 22. juli. Den første er det individuelle og private planet, dernest det kollektive nivået. Dette er dei same nivåa ein kan finne att i boka, og den same raude nyansepaletten vert tatt opp att på baksida av boka. Baksida er omringa av bilete av fleire halve roser, i motsetnad til framsida der rosene var i heilprofil. Det er ei form for symbolikk som kan vise at det er fleire historier frå 22. juli som enno ikkje har kome heilt fram i lyset. Som vi finn i sitatet: «Så mange flere mennesker er preget av den dagen enn det dokumenter fra rettssaken eller bøker som gis ut, kan fortelle oss.» (Brenna, 2021, s. 188).

Rosene kan vere eit bilete på det Brenna meiner er mange historier som enno ikkje er fortalte, og kan samstundes få ein meir politisk orientert karakter. Brenna skriv at ho etterlyser ein debatt om terroren, og viser til at rett etter terroren stod Noreg meir samla. «Vi løftet rosene våre og lovet hverandre aldri å glemme, aldri å tillate at dette skal skje igjen» (Brenna, 2021, s. 149). At baksida av omslaget har ei halv rose, kan vere eit komplekst bilete på den politiske og offentlege diskusjonen som har oppstått etter 22. juli. Ei halv rose kan difor vere eit bilete på ein «halv» debatt og ein overflatediskusjon som berre pirkar i halve biletet av noko mykje større. Det kan vere eit symbol på eit ønske om å få alt opp frå det skjulte, og fram i lyset. Denne symbolikken heng saman med innhaldet i boka, som er at Brenna ønsker eit politisk oppgjør med ideologien bak terroren (Brenna, 2021, s. 180): «Jeg tror oppgjøret med gjerningsmannens holdninger og handlinger må handle om politikk».

#### 4.1.2 Dei temporale forholda

Dei første sakprosa bidraga brukte kronologi og tidsforhold for å skape eit forsonande fellesskap, på tvers av krisekretsar (Vold, 2020, s. 37, 40). Eg vil vise at dette parallellaspektet finn vi att i sakprosalitteraturen no ti år etter. Det temporale aspektet vert synleggjort gjennom fleire språklege og kompositoriske tekniske grep. Hendinga 22. juli har i seg sjølv eit temporalt aspekt ved seg, ved at dette namnet har sett seg som eit bilete på terrorhendinga. Det er ikkje tilfeldig at terrordatoen i seg sjølv ber eit temporalt aspekt ved seg. Dette kan vi blant anna seie er med på å skape strukturar mellom einskildindividua sine opplevingar, og til den større samfunnsresponsen etter terroren. I lys av teori om krisekretsar kan vi sjå at Brenna er nært involvert i terroren, og er i den inste krisekretsen (Vold, 2020, s. 36). Det vil seie at opplevinga hennar kan vere med å bidra til opplysing til dei som er i andre krisekretsar.

Korleis opptrer temporalitetsfokuset i boka? For det første er sjølve tittelen til boka terrordagen, for så å leggje fokus på dei neste ti åra. Det er ingen tvil om at lesaren skal følge traumeerfaringa frå terrordatoen. For det andre er boka inndelt etter hovudfokus på temporalitet, det vil seie at kapitla er titulert og kategorisert etter tid. Første kapittel handlar om tida før, titulert «Alle dagene før». Derneft kjem «22. juli 2011» og «Rettsaken», som kvar for seg tar føre seg relativt korte og isolerte tidsintervall. Etter dette hentar Brenna opp att hovudtittelen «Alle dagene etterpå». Brenna vel å bruke ei raud tråd ved å kalle eit kapittel i boka det same som hovudtittelen. Denne delen av boka tar for seg ei større refleksjonsrunde av dei siste ti åra, nettopp som tittelen *instruerer* lesaren gjennom bruk av ein tankestrek. Dette bidrar til å skilje desse to elementa frå kvarandre. Derneft kjem den politiske refleksjonsdelen «Avmakten etterpå», som skil seg frå oppsettet til resten sidan denne ikkje tar for seg tidsforhold. Til slutt har ho det framtidretta kapittelet «Alle dagene som skal komme».

Ho set opp eit oversikteleg tidsforhold og ei heilskapleg tidslinje gjennom kompositoriske og kronologiske grep. Vi kan hovudsakeleg seie at *22. juli – og alle dagene etterpå* er hennar personlege tidslinje, og at Brenna gjennom vitnesbyrd skaper ei heilskapleg formidling av hendinga. På denne måten kan det vere meir oversikteleg å ta inn over seg budskapet som lyttar av vitnesbyrddet (Vold, 2020, s. 37). I tillegg til å skape ein kontakt med lesaren, er dette på same tid eit grep som gjer det enklare for Brenna sjølv gjere greie for traumehendinga på

denne måten. Å samanfatta sitt eige vitnesbyrd, og samle sine eigne tankar, kan vere ein del av å prosessere sine individuelle kjensler. Det kan vere med på å skape strukturar, i eit elles kaotisk minne. Lothe skriv at ei så omfattande erfaring kan vere signifikant i «eiga livsforteljing», og å vidarekommunisere hendingserfaringa vil vere sentralt (Lothe, 2013, s. 164).

Språket i boka speglar det temporale fokuset. I kapittelet «22. juli 2011», skriv Brenna konsekvent i presens-form: «Jeg går opp bakken igjen, mot Kafébygget, og blir stående på plassen utenfor. Jeg hører smell fra kinaputter» (Brenna, 2021, s. 46). Dette gjer ho etter at åttaket startar. Tidlegare i kapittelet er det tempusskifte mellom presens og preteritum, for å gi lesaren konteksten frå livet hennar i preteritum, «På denne tiden bodde jeg i Westye Egebergs gate sammen med kjæresten min, Martin» (Brenna, 2021, s. 37). På denne måten set ho lesaren inn i hennar livshorisont. Ho skriv konsekvent i notidsform etter at skytinga byrjar på Utøya. Terroren går frå «noko som ein gong skjedde», til å vere «her og no». Verket er skriva frå hennar perspektiv, i intern synsvinkel og eg-person forteljing. Tempusendringa er med på å skape det Brenna viser til som eit ønske om å fortelje hennar augevitneforteljing (Brenna, 2021, s. 10-11).

I resten av kapitla viser ho til terrorerfaringa i preteritumsform: «22. juli 2011 ble Norge utsatt for to høyreekstreme angrep» (Brenna, 2021, s. 12). Temporalitet er eit viktig aspekt å syne, for å skape ei forståing av korleis traumeerfaring har vore (Langås, 2016b, s. 12-13). Dette kapittelet har altså ei form for tilbakeblikk og er eit langt retrospektivt *flashback*. Det er likevel påfallande lite andre former for anakroni eller flashbacks, det vil seie at det ikkje er bruk av dette i resten av kapitla (Bal et al., 1999, s. ix).

Kva vil denne retrospektive teknikken gjere for lesinga av augevitneutgreiinga? Effekten av *historisk presens* er at distansen mellom å oppleve, og gjennomleve i etterkant, vert mindre. Ho skaper ei markert «bru», eller kontakt, mellom seg sjølv og lesaren. Verknaden av «brua» modererer og reduserer avstanden mellom *der og då*, i møte med her og no. Ein vesentleg differanse frå tidlegare utgitt sakprosa, er at Brenna ikkje har like gjennomgåande konkretisering av tidspunkt. Det er ein signifikant skilnad frå tidlegare. Å tematisere tidsforhold i minutt, var tidlegare ein viktig del av å skape dei heilskaplege tidslinjene. Det var viktig å detaljfeste informasjon (Vold, 2020, s. 40).

Vi kan seie at det har vore eit skifte i tempusfokus samanlikna med tidlegare sakprosabidrag. No handlar det i større grad om å trekkje dei store linjene på grunn av at hendinga er over ti år sidan, og det gjer minuttkonkretisering meir eller mindre unødvendig. Brenna (2021) er i mindre grad *eit vitne om tid*, og på same tid, i aukande grad *eit tidsvitne*. Det er med andre ord eit skifte frå å detaljforklare augevitneforteljinga, til å skape ein tosidig distinksjon. Både ein forteljing om erfaringar frå terrorfredagen, og ein diskusjon om korleis denne erfaringa har følgt Brenna. Skiftet kjem allereie tydeleg fram i tittelen: *22. juli – og alle dagene etterpå*. Boka har eit tosidig tematisk haldepunkt. Ho ønsker å representere både ei augevitneforteljing, og på same tid vere ein personleg refleksjon om det siste tiåret. Dette demonstrerer for lesaren at boka har ein tematisk dobbelposisjon.

I det siste kapitlet i boka, «Alle dagene som skal komme», legg Brenna til noko heilt nytt til den ovannemnde tidslinja. Det skil seg frå tidlegare sakprosa om 22. juli, som konkretiserte i all hovudsak terrortimane (Vold, 2020, s. 37). Framtidshorisonten peiker framover. Det vert ein spørjande, men på same måte gjennomgåande tone: Kva skal vi gjere framover? Ein har likevel nye erfaringar som kan hjelpe andre på vegen, i møte med liknande erfaringar. Brenna bruker hovudsakleg anledninga til å kome med tilråding om terrorresponsar til lesaren, med andre ord kan vi seie det er ein drøftande metarefleksjon, som har eit moment av å ta lærdom i framtida, av desse refleksjonane. «Hvis en ungdomsorganisasjon hadde blitt utsatt for terror i dag og bedt meg om råd, ville det aller viktigste ha vært: Be om hjelp» (Brenna, 2021, s. 175). Kapitlet har difor ei klar effekt i å vise at historia til terroroffera ikkje er eit avslutta kapittel, men at det framleis er «dagar som skal kome», for å vise til kapitteltittelen. Dette er med på å skape ei heilskapleg tidslinje. Dette kan ein på same tid lese som eit temporalt fokus i boka, som syner seg som komposisjon.

Tempusskiftet i teksta mellom historisk presens og preteritum er viktig på grunn av at det skaper eit markant og signifikant skilje i boka. Dette er med på å gi boka to tematiske innhaldsaspekt. På eine sida eit augevitnesbyrd, og på andre sida leggje fokus på refleksjonar i eit perspektiv på ti år. Ved å skape dette tempusskiljet, vil ein som lesar på same måte forstå at boka har *to distinktive delar*. Det er augevitnedelen frå terroren, hendinga som har vore avgjerande for forfattaren, i tillegg til at den refleksjonsdelen vert framheva. I kapittel «22. juli 2011» har lesaren heller ingen framtidshorisont, eller får vite noko utover den personale synsvinkelen til Brenna. Som lesar vert ein ført tilbake til terrordøgnet, i eit isolert tempusregulert kapittelintervall.

Oppsummeringsvis kan vi seie at boka eit fokus mot temporale forhold, som syner seg gjennom form, tempusbruk, og via namna på titlane. Det at vitneutgreiinga frå Utøya er skriva i historisk presens gjer at lesaren får vere med «tilbake» til den bekmørke julidagen i 2011. Det neste hovudpunktet i kapittelet er det politiske perspektivet. Brenna skriv at ho forstår frykta for politisering av debatten, men ho sjølv har ambisjonar om ein politisk diskusjon. Som nemnt i sitatet nedanfor:

Jeg kan forstå både de som fryktet konsekvensene av å politisere debatten og de som ønsket et tydelig oppgjør med rasismen, hatet mot muslimer, kvinneforakten og stemplingen av de såkalte «kulturmarxistene». Det er ikke åpenbart hva som var rett å gjøre, og til hvilken tid, like etter en så stor terroraksjon. I dag, ti år etter, er mitt klare inntrykk at vi ønsker og er klare for en politisk diskusjon om konsekvensene.  
(Brenna, 2021, s. 177).

I det siste kapittelet ønsker ho velkommen ei framtidig debatt. Med desse orda set ho eit klart standpunkt for kva ho sjølv ønsker for framtida. Kapittelet har altså eit tosidig innhald, både retrospektiv tilbakeskodande refleksjon og prospektiv diskusjonsetterspurnad.

#### **4.1.3 Krisekretsar – «overlevande»**

Brenna skriv ei kronologisk forteljing med innslag av refleksjonar med politisk karakter. Korleis skriv ho om den personlege erfaringa? Perspektivet har utvikla seg frå dei akutte reaksjonane til drøfting og respons. Dette aspektet handlar om alt frå å leve og overleve, til å gjennomleve traumeerfaringa gjennom skriveprosessen.

Det meste av livet mitt har jeg levd før 22. juli 2011. Likevel kan jeg nesten ikke huske hvordan det var før. Før vi måtte gjemme oss, før vi ble skutt, før Oslo ble sprengt. Før alt ble alvor, før jeg måtte velge hvilke begravelser jeg skulle gå i, før jeg sluttet å være ung, og isteden ble en overlevende.  
(Brenna, 2021, s. 10).

Med dette kan vi sjå at 22. juli terroren er for Brenna både ei distinktiv traumeerfaring, som ho deretter må å leve vidare, i lys av teori av Erikson (1995, s. 184). Brenna skriv om å bli plassert i kategoribåsen *overlevande*. Det er ein tittel ho har fått tredd over seg, gjennom opplevingane på Utøya. Det var likevel etter at skytinga hadde stilna og roa hadde lagt seg, at gruppeinndelinga reelt byrja. Det er ei statisk og fastlåst inndeling som peiker på ei definert

gruppe menneske, som i dette tilfellet er dei som spesifikt overlevde eksplosjonen i Oslo og skytinga på Utøya.

Kvifor tek Brenna opp denne inndelinga? Truleg for å vise korleis det er å ha ei felles traumeerfaring. Det er dei unike einskildhistoriene frå dei som opplevde bileksplosjonen og massakren på nært hald. Desse erfaringane skil seg drastisk frå den felles og nasjonale opplevinga av 22. juli, eller den medialiserte opplevinga. Det er samstundes denne distinktive skilnaden eg vil plassere eit søkelys på, nemleg *erfaring* i møte med det andre har lært om gjennom mediedekning, samt interaksjon, utdanning, føredrag og litterære formar for uttrykk. Ved å trekkje fram at ein har opplevd å vere ein overlevande, vert traumeerfaringa frå 22. juli *individuell*, men samstundes vert det *ei gruppe overlevande*. Det er likevel ein klar skilnad frå dei som opplevde terroren i andre posisjonar, som til dømes pårørande og utanforståande. Her kan vi sjå til omgrepet *krisekretsar*. Menneske opplever terrorhendingar gjennom ulike ringmønster som opptrer i ulike fasongar (Vold, 2020, s. 36).

I det ein står samla saman i midten, heilt inst i ein slik krets, vert desse erfaringane både individuelle og gruppeorienterte. Som Brison skriv har traumeerfaring ein identitetskonstruerande effekt, og ikkje minst ein identitetsendrande effekt. Eit individ vil oppleve eit skifte av tidlegare erfaringar, i form av at minna overkøyer tidlegare kjenslemønster og reaksjonsmønster (Brison, 1999, s. 40-41). Som Brenna skriv: «før jeg sluttet å være ung, og istedenfor ble en overlevende» (Brenna, 2021, s. 10). Det vert konstruert ein ny form for sjølvidentitet, og ho skriv vidare at «22. juli er en viktig del av den jeg er – men hvordan forklarer man egentlig det (...)?» (Brenna, 2021, s. 24). Brison ser at det er eit brot med tidlegare oppfatning av seg sjølv (Brison, 1999, s. 39).

Du har ei tid før og ei tid etter terrorhendinga. Brenna ser på det som ei identitetskonstruerande oppleving, i den form av at ein ikkje kjenner seg sjølv att, og det har vore ei forandring av identitet. «Innen et år var gått, klippet jeg av meg håret og forsøkte å se annerledes ut enn like etter terroren» (Brenna, 2021, s. 93). I dette ligg altså at hendinga har dermed vore sopass endringsskapande at subjektet har blitt flytta til objekt. Brenna forklarar på to distinktive måtar at kategorien overlevande hatt teke over delar av identiteten hennar. Dette er både noko ho poengterer er hennar eigne kjensler, samstundes ei gruppering ho opplever i møte med andre.

På grunn av den massive mediedekninga av terroren, følte Brenna seg bunden saman med terroren, og at andre kunne vise emosjonelle reaksjonar i møte med henne, «I månedsvis etter 22. juli kunne mennesker jeg ikke kjente begynne å gråte bare ved synet av meg» (Brenna, 2021, s. 93). I dette ligg altså eit klart brot med det tidlegare «sjølv»-et, og opplevinga av at subjektivitet og vilje bleiknar i møte med det å kjenne seg som eit statisk objekt i ein større samanheng (Brison, 1999, s. 40-41). Brenna ser også på det å vere «ung» i motsetnad til «overlevande». I dette vil ho truleg legge eit aspekt av ansvar og kjensle av uro, samt av ikkje lenger å kjenne seg «ung». Brenna seier sjølv innleiingsvis at frykta har forandra ho, og at ho stadig kjenner på denne sporadisk tilbakekomande frykta (Brenna, 2021, s. 15). Med dette kan vi trekke linjer til teori av Caruth og Erikson. Den traumatiske hendinga har sett seg hos offeret, og ho kjenner stadig på tilbakevendande symptom (Caruth, 1995, s. 4-5; Erikson, 1995, s. 183-184).

Gjennom *22. juli – og alle dagene etterpå* kjem det fram at terrorhendinga heimsøker offeret. I spørsmålet om kor ofte Brenna tenker på åttaket, skriv ho: «Jeg tror svaret er at jeg tenker på det, i en eller annen form, hver eneste dag» (Brenna, 2021, s. 173). Opplevinga av frykt er gjennomgåande, og ho har vore der i ti år. I analysar av traumesymptom hjå ungdom etter Utøyaåttaket hadde nær halvparten av alle til stades eit så høgt nivå av posttraumatiske stressreaksjonar at det direkte påverka kvardagsaktivitetane. Det var seks gongar høgare enn hjå norsk ungdom som ikkje har opplevd Utøya tragedien (Dyb & Jensen, 2019, s. 22). Her kan vi peike på det Caruth kallar å vere heimsøkt, og at kjenslene ofte kjem tilbake til offeret i lang tid etterpå (Caruth, 1995, s. 4-5).

Erikson ser på traumeerfaringa som ei oppleving med fleire moment. Det å oppleve korleis konsekvensar av hendinga påverkar kvardagen og livet til offeret, er med på å definere handteringa av traumeerfaringa (Erikson, 1995, s. 184). Frykta ho ber på har hatt konsekvensar i det ho fekk barn sjølv. Ho har internalisert frykta for å oppleve det same som foreldra på Sundvolden.

Jeg kommer aldri til å glemme de ansiktene på Sundvolden.  
Mødre og fedre som leter og ikke finner. Fortvilelsen og frykten og angsten (...)  
at mitt barn en dag bare skal bli borte og at jeg blir som foreldrene på Sundvolden.  
(Brenna, 2021, s. 138).



Å oppleve eit traume kan ein plassere i ei kjede av tidlegare hendingar (Erikson, 1995, s.185). Van der Kolk og van der Hart ser at traumeerfaringar vert påverka av erfaringar (van der Kolk & van der Hart, 1995, s. 425-426), og dette ser vi i at Brenna kommenterer at ho gjekk på skule saman med Benjamin Hermansen. Han var ein femten år gammal gut frå Holmlia i Oslo som vart knivdrepen av ei gruppe nynazistar. Hermansen-knivdrapet var rasistisk motivert og utan provokasjon (Brenna, 2021, s. 14). Ein kan spegle seg i ei tidlegare erfart hending, og dermed kan eit menneske oppleve ei hending i lys av erfaringar. I dette tilfellet har Brenna tenkt gjennom politisk motivert drap frå tidlegare, og vi kan lese dette som ein del av sjølv traumeerfaringa (Kaplan, 2005, s. 3; Erikson, 1999, s. 185; Van der Hart & Van der Kolk, 1995, s. 425-426).

Brenna samanliknar motivet til Hermansen-drapet med 22. juli-åtaket, og med dette lagar ho ein kontekstuell referanse som krev sin plass i samfunnsdiskursen. Frå hennar ståstad heng desse to hendingane saman, særleg i form av bakgrunnsmotivasjon frå gjerningspersonane. Ti år skil Hermansen-knivdrapet og 22. juli-terroren, og Brenna peiker på likskapen mellom dei hatske haldningane (Brenna, 2021, s. 14). Gjennom å skape og peike på denne samfunnskontekstuelle referansen og eksplisitte samanlikninga, vert forteljinga meir individuell og personleg, men samstundes gir det ein kontekstuell og samfunnsaktuell dimensjon.

#### **4.1.4 Gjennomleve dei personlege minna i skriveprosessen**

Brenna opplevde å hente fram minne frå Utøya, i det ho byrja å skrive ned traumeerfaringa. Ved å velje å skrive om erfaringa i tempusforma presens, inviterer ho både seg sjølv og lesaren inn i terrordøgnet. Brenna poengterer at dette har vore ein erfaringsprosess som opna opp for ein minneprosess. Som LaCapra skriv involverer skriveprosessen å arbeide gjennom eiga traumeerfaring (LaCapra, 2001, s. 187). Det er ikkje berre ein rekonstruksjon av ei historisk hending. Det er den subjektive prosessen som er i sentrum. Ein skal analysere og gå gjennom personlege opplevingar gjennom skrive- og revideringsprosessen. Dette skil seg frå dokumentariske 22. juli-forteljingar. Van der Kolk og van der Hart skriv at ein kan ha ein vertikal fortreningsprosess der minna vert forskyve nedover (1995, s. 437). Gjennom skriveprosessen har Brenna opna opp for å gjennomleve minna. Ho skriv:

Mye av det jeg opplevde i ukene og månedene etter 22. juli 2011, har jeg glemt eller fortrenget. En del av meg har kommet tilbake mens jeg har skrevet denne boka, og gjennom samtaler med andre som husker ting bedre. (Brenna, 2011, s. 18).

I dette kan vi sjå at Brenna har hatt ein periode der ho har fortrenget minna, i tråd med teori om vertikal fortrenking. Som Langer skriv, at tida før og etter terroren var eit aspekt utan tidsuttrykk (Langer, 2007, s. 196). LaCapra kallar dette ein latensperiode, men han går bort frå det van der Kolk og van der Hart med at det er umogleg å kombinere desse momenta (LaCapra, 2001, s. 81) Det har vore ein latensperiode for Brenna, i det ho opplevde månadane til ho sjølv opplevde å kome tilbake til desse. Å skrive ned terrorerfaringa vil samstundes vere ein form for prosessarbeid, og for Brenna altså ein prosess på eit personleg plan (Vold, 2020, s. 37).

I dette ligg balansen mellom å la såra gro utan ytre påverknad, eller skal traumesåra syne korleis dette har vore for den einskilde? I dette ligg altså ei form for reaksjon på traumeopplevinga. Ho har dei siste ti åra valt å ikkje hugse på delar av traumeerfaringa, noko som er ei form for å stykke opp minne. Å splitte opp minne, altså å velje å berre ta inn over seg deler av hendinga, er ei form for å ta inn over seg og å prosessere hendinga (van der Kolk & van der Hart, 1995, s. 433). Vidare skriv ho: «Det er rart hvordan rekkefølgen på hendelser eller situasjoner rett og slett kan forsvinne fra hukommelsen, men så dukke opp igjen ved enkle påminnelser» (Brenna, 2021, s. 18). I tråd med teori av Bal, er traumatiske minner noko som opptrer utanfor narrativ samanheng, og som er lagra annleis i hjernen enn rutineminne og narrative minne (Bal et al., 1999, s. viii).

Eit interessant aspekt er korleis Brenna skriv om Breivik. Gjerningsmannen vert sjeldan namngitt, noko som ein kan lese som eit aktivt val sidan det er gjennomgåande. I kapittel «Rettsaken», vert han likevel nemnd med sitt fulle namn to gongar, og to gongar refererer ho til han som berre Breivik (Brenna, 2021, s. 97, 106, 111). I resten av kapittelet vert han berre kalla «han» eller «gjerningsmannen» (Brenna, 2021, s. 97, 100-109, 111). I dei andre kapitla vert Breivik nærast ikkje nemnd med namn, men vert oftare referert til som gjerningsmannen. To døme henta frå siste kapittel, «De kreftene som kunne bidra til å radikalisere *gjerningsmannen*, lever fortsatt i beste velgående» (Brenna, 2021, s. 188, min kursiv). «Jeg tror oppgjøret med *gjerningsmannens* holdninger og handlinger må handle om politikk» (Brenna, 2021, s. 180, min kursiv). Eg vil argumentere for at dette valet i lys av teori av

Lothe. Å utelate kan vere ein del av vitnesbyrdet, og vere ein del av sjølve forteljinga og vitnesbyrdet (Lothe, 2013, s. 166).

Eit unntak finn eg i kapittel «Alle dagene etterpå», der Brenna refererer til opplevinga i lys av å lese Gjørvtutredningsrapporten NOU 2012:14 i 2012. 22. juli-kommisjonen, med leiar Alexandra Bech Gjørvt, var oppnemnt for å samle kunnskap, for å trekkje lærdom om og frå terroren. Kommisjonen sitt mandat var å samle saman trådar frå terroren, og å undersøke kvifor ei slik terrorhending kunne skje i Noreg (NOU 2012: 14, s. 13). Her refererer ho til rapporten si utredning av hendingsløpet. Her skriv Brenna, «Det var ikke før jeg leste kommisjonens rapport at jeg tok inn over meg hvor lang tid det faktisk hadde tatt for politiet å stanse Breivik» og «Ifølge kommisjonens rapport parkerer Breivik litt over klokken 15 fredag 22. juli» (Brenna, 2021, s. 128). «Det er nesten absurd å lese om hvor lang tid de brukte på å komme seg over til oss (...) Fra politiet ankom landsiden og frem til Breivik blir pågrepet» (Brenna, 2021, s. 130). I alle desse tilfella viser ho til rapporten, og at den refererer til Breivik. Dermed kan ein likevel seie at Brenna i liten grad sjølv viser til Breivik i boka, men han vert likevel nemnd med etternamn jamleg.

For å summere opp kan eg slå fast at ein stor del av boka handlar om prosessen å forstå og leve vidare etter terroren. Samla svarar dette analysekapittelet grundig på første analyse spørsmål. På bakgrunn av teori av Lejeune (1975/1989, s. 13) viser eg at Brenna skaper ein kontrakt med lesaren allereie frå framsida på boka. Tematisk kan vi seie at ho tar for seg eit tosidig narrativ frå tida under og i etterkant av terroren. Deretter er det fokus på å gå frå å leve til å gjennomleve erfaringane undervegs i skriveprosessen. Det er eit svært tydeleg skilje mellom augevitneforteljinga frå terrortimane, og deretter konsekvensrefleksjonar i ettertid. Lesaren får stadig ei påminning om at Brenna ønsker å opplyse om hennar personlege opplevingar frå terroren. Bruken av formgrep, tempusendringar og historisk presens skaper ei markant grense som er med på å skilje mellom desse to aspekta. Det er likevel påfallande at sjølv om det er bruk av historisk presens er det ikkje bruk av andre språklege traumeavtrykk, som flashbacks eller andre former for anakroni eller fragmenterte deler i resten av forteljinga (Bal et al., 1999, s. ix). Eg har i kapittelet undersøkt korleis Brenna gir form til den individuelle terrorerfaringa, og viser at ho tar i bruk formgrep i teksta med fokus på ulike innhaldselement.

## **4.2 Korleis fortel Brenna om den kollektive dimensjonen i terrorerfaringa?**

I eit land med litt over fem millionar innbyggjarar, kjenner dei fleste nokon som har kjent på konsekvensar av 22. juli. Terrorhandlingar er bruk av vald retta mot sivile einskildmenneske for å skape frykt, og som ønsker å ha innverknad på samfunnet i ei bestemt retning eller orientering. Dette kapittelet speglar det andre analysespørsmålet mitt «Korleis fortel Brenna om det kollektive dimensjonen i terrorerfaringa?». Eg skal undersøke korleis forfattaren framstiller og gir form til det kollektive aspektet i boka.

### **4.2.1 Det kulturkontekstuelle møte mellom individ og samfunn etter 22. juli**

Korleis kan vi seie at 22. juli har eit kollektivt nivå? For å svare på dette skal eg først gjere greie for meg det kulturkontekstuelle miljøet. Gjennom talar om nasjonal fellesskap har hendinga fått eit aspekt av nasjonalt og kollektivt nivå. Denne kjensla av felles landesorg skaper samla sett kompleksitet kring traumehendinga. I oversiktsartikkelen *Pshyciatry* frå 2002 vart det peika på at terrorkatastrofar ofte har enda større helsekonsekvensar for familie og andre etterlatne enn andre typar traumeerfaringar (Norris, Friedman & Watson, 2002). Ein kan peike på at terror har store konsekvensar for både det sosiale og helsemessige, i dette ligg både konsekvensar for einskildindividet og storsamfunnet (Kristensen et al., 2019, s. 57). Det er med andre ord svært innfløkt å møte og navigere i denne kulturkonteksta, for dei individa som ber traumeerfaringar.

Terror er ei særeiga hending, som kan utløyse både eit individuelt og kollektivt sjokk. Det kollektive planet har ulike nivå. Det første nivået er at det er ei felles semje om å stå saman mot terrorisme og valdeleg åtak, og ei heidring av dei liva som vart rivne bort. Samhaldet er blant anna uttrykt gjennom offentlege talar og rosetog, i tillegg til dette så kjem det felles dikt, poesi, songar og andre kunstnariske former og kulturelle uttrykk. Desse uttrykka har vore med på å finne ord til å støtte kvarandre, sørge og summere innhaldet i terrorhendinga (Gjelsvik, 2020a, s. 9). Det andre nivået er at 22. juli har eit kollektivt nivå som er juridisk domfelt. Breivik detonerte ei bombe i regjeringskvartalet i sentrum av hovudstaden, og difor slo Oslo tingrett fast at dette var eit åtak mot demokratiske institusjonar og verdiar i Noreg. I dette ligg det ikkje berre eit kollektivt og nasjonalt nivå. Det er fastsett juridisk i 22. juli-dommen at åtaka 22. juli var retta mot landet Noreg, og norske demokratiske institusjonar (RG 2012, s. 71).

Etter terroren vart erklært at ingen parti skulle drive valkamp eller partipolitikk for regjeringsskifte og stortingsvalet hausten 2011 før alle gravferder var gjennomførte. Det vart difor tatt aktive tverrpolitiske grep for å vise at sorga var felles for Noreg (Notaker, 2021, s. 75). Traumeerfaringa skapte eit komplekst *sår* som ein kan argumentere for har ein kollektiv karakter som har plassert meir eller mindre permanente skader, og som har sin plass i den norske historia. Dette komplekse kulturkontekstuelle aspektet gir traumeerfaringa ein sosial dimensjon, og dermed har mange ulike konsekvensar for einskildmenneske (Erikson, 1995, s. 185). I dette er også det vi kan kalle eit medialisert traume (Kaplan, 2005, s. 2-3). Mange opplevde terroren 22. juli gjennom mediebilete, TV-skjermen og sosiale medium i sanntid, og gjennom dette fekk mange eit forhold til dei individa som uttalte seg offentleg.

Korleis kan eit vitnesbyrd både ha ein kollektiv og individuell dimensjon? Lothe tar for seg at «vitne» på latinsk har to variantar, *testis* og *supertes*. Desse variantane inneheld begge element i eit vitnesbyrd, og Lothe bruker denne forståinga for å sjå på forteljingar lagt fram av Holocaust-overlevande. Eg vil argumentere for at vitnesbyrd frå Utøyamassakren inneheld element frå både *testis* og *supertes*. Førstnemnde vil seie at ein vitnar om brutalitet utført av og mot andre (Lothe, 2015, s. 96-97). I kapittel «22. juli 2011» skriv Brenna detaljrikt om kva som skjer terrortimane på Utøya. «En gutt faller like ved meg. Han flyr gjennom lufta, ned fra Kjærlighetsstien. Han lander hardt på en stor stein, hodet hans like ved mitt. Han er død (...)» (Brenna, 2021, s. 55). I kapittel «Rettsaken», fortel Brenna om opplevingane i vitneboksen. Her fortel ho om alle erfaringane, både det ho har sett og opplevd av brutalitet utført mot andre, og sine eigne opplevingar. *Testis* viser seg som eit aspekt av å vitne *utovergåande*, den valdelege behandlinga av og mot andre.

*Supertes* viser til eiga opplevingar frå terrortimane (Lothe, 2015, s. 96-97). I tråd med *supertes*, fortel Brenna om opplevinga i kapittel «22. juli 2011». Her fortel ho om flukta hennar frå dei livsfarlege skotvekslingane. «Et skudd treffer like ved hodet mitt, det blir stanset av noen steiner som en av de som har falt ned har dratt med seg på veien» (Brenna, 2021, s. 56). *Supertes* inneheld eit aspekt av å vitne *innovervendt*, om eigne opplevingar, og *vitnet* er i sentrum av vitnesbyrdet. Dermed inneheld eit vitnesbyrd frå 22. juli-terroren, element frå begge dei latinske etymologiske forståingane av hovudordet «vitne». Eg vil argumentere for at i den latinske forståinga av ordet realiserer ein distinksjon mellom å vitne *utovergåande* og *innovervendt*. Denne distinksjonen er med på å binde det personlege og

individuelle vitnesbyrdet saman med samfunnet, på grunn av at vitnet kan identifisere element både hos seg sjølv og hos andre. Difor har vitnesbyrdet både ein individuell dimensjon og ein kollektiv dimensjon.

#### 4.2.2 Den sosiale dimensjonen i eit terrortraume

Brenna er ein del av fellesskapen som opplevde åtaket på Utøya. Ho prøver å finne ut av kven ho eigentleg er, i møte med forventningar og den sosiale dimensjonen av traumeerfaringane. I sitatet nedanfor ser ein at Brenna identifiserer seg sjølv, i samankopling med at ho kjenner seg identifisert av andre. I dette ligg kompleksiteten som oppstår i møte mellom subjektive personerfaringar og samfunnsreaksjonar (Kaplan, 2005, s. 2).

Og kanskje ble det ekstra vanskelig fordi de fleste av oss som overlevde, sto på terskelen til voksenlivet. Jeg skulle bli meg, finne meg selv, finne ut hva jeg ville og mente og tenkte. Og så ble jeg plutselig sterkt identifisert med veldig mange andre. Jeg bærer på et vis identiteten som overlevende med stolthet. Samtidig som jeg må minne meg selv på at jeg ført og fremst er meg, og så var jeg i tillegg heldig som overlevde.  
(Brenna, 2021, s. 21).

Vi kan sjå på dette som ein tosidig dobbeleffekt. Eigne forventningar er tett knytt saman med eit kontekstbunde forventningspress. I dette ligg dei kulturkontekstuelle forventningane forbundne med å vere «ein av få» og «ein av dei», samstundes i ein motstridande kontrast med «ein av oss alle». Det er motstridande forventningsnormer, men dei oppstår likevel parallelt. Dei menneska som er utsette for terrorisme, og ber på terrorerfaringar, har eit heilt spesielt utgangspunkt for å arbeide seg gjennom traumeerfaringane sine. 22. juli-terroren er ein del av ein traumekultur som oppstod i Noreg etter terroren (Langås, 2016b, s. 75). Som vi kan lese gjennom arbeid av Fassin og Rechtman, kan 22. juli gli inn i eit kulturelt traume i norsk moderne historie. Det er med på å forme identiteten *norsk/nordmann*, på same måte som identiteten *amerikanar* har vorte forma av åtaket 11. september i New York (Fassin & Rechtman, 2009, s. 15). Ved å sjå korleis det kollektive traumeaspektet og teori om utviklinga av det kulturelle traumet, vil ein få større forståing av korleis slike traumeerfaringar skaper rammer for forståing av kultur og samfunn.

Sitert nedanfor tar Brenna for seg si oppleving med dei ovannemnde forventningsnormene.

Det tok lang tid før jeg ikke bare var én av mange overlevende, men også meg selv. Kanskje har det hatt helt til nå, før jeg føler at jeg har plass til hele meg i forbindelse med 22. juli. Ennå

er jeg ikke helt fri fra følelsen av, eller ønske om, at vi som overlevde bør være enige om ting knyttet til terroren. (...) men du og jeg blir ikke borte som mennesker, selv om vi er flere som deler en opplevelse eller erfaring.  
(Brenna, 2021, s. 21).

Brenna seier at ho no ti år etter endeleg kjenner seg «heil». Denne kjensla av å vere fragmentert eller kutta opp, kan ein lese som å kjenne seg som ei eining eller del av ein heilskap (Erikson, 1995, s. 186). Ho ønska sterkt å vere ein del av eit fellesskap, og difor var det viktig at gruppa ikkje var usamd eller i konflikt. Å forstå traume som eit sosialt konsept, i tråd med teori av Erikson (1995, s.185), kan forklare kvifor Brenna ønska ei gruppe utan indre strid, usemje og konflikt. Ho ønska at dei skulle stå saman på ein heilskapleg måte, og nemner at diskusjonen kring å filmatisere terrorhendinga, eller dei motstridande meiningane kring plassering av minnesmerke, gjorde ho uvel, og var med på å svekkje fellesskapskjensla. «Det gjorde nesten fysisk vondt, fordi det vi har sammen, er så sterkt» (Brenna, 2021, s. 22). Eit samfunn kan anten verte fragmentert, eller så kan det oppstå eit sosialt klima med ønske om tilhøyrsløse (Erikson, 1995, s. 189-190). Det er utvilsamt gjerne ein kombinasjon som oppstår. Der nokre trekkjer seg bort, medan andre ønsker å halde så godt saman som mogleg.

Ei kjensle av å ønske seg tryggleik har grobotn i det kollektivt orienterte traumet. Ein kjenner på at samfunnet ikkje skaper dei beskyttande rammene som før (Erikson, 1995, s. 187-188). Brenna trekkjer sjølv opp eit scenario om at i det tryggleiken forlèt samfunnet, vert det meir rom, eller eit vakuum, for konspirasjonsteoriar og kjensle av mindre tilhøyrsløse (Brenna, 2021, s. 180-182). Dette handlar om personlege tankar om sikkerheit. Å miste tryggleika kan skape mistillit og misnøye i samfunnet, og hennar måte å møte dette aktuelle problemet på er gå inn i ei form for politisk refleksjon kring tillit og tryggleik. Den prospektive diskusjonsetterspurnaden er synleg.

I kjølvatnet av eit terrortraume kan samfunnsinstitusjonane handtere konsekvensane på ulikt vis. Som Erikson skriv kan kjensla av å miste von til samfunnet, på sikt skade tilliten til vener og familie. På same tid kan mistillit øydelegge forholdet til politiske samfunnsinstitusjonar og politiske system (Erikson, 1995, s. 197-198). Eit element som på same tid viser seg som gjeldande er kollektiv hukommelse. Brenna kommenterer, utan noko form for modalitet, at 22. juli var politisk motivert terror, sitert under:

Historien omskrives litt etter litt, slik gjerningsmannens politiske motivasjon og mål viskes ut. Det skal ikke være noe spesielt som forbinder vår felles hukommelse til det som skjedde 22. juli med Arbeiderpartiet, AUF eller venstresiden. Det er kanskje mer behagelig å huske 22. juli som en ulykke. Da København ble utsatt for terror i 2015, ble det sagt på NRK Dagsrevyen at «terroren rykker stadig nærmere». I 2017 ble en russisk mann fengslet og siktet, etter å ha plassert en bombelignende gjenstand på Grønlands torg. I saken på TV 2 ble det opplyst at det var mer enn ti år siden en person bosatt i Oslo ble tiltalt for terror (...) Begge deler viser at det ikke er spesielt høy bevissthet om at 22. juli var politisk terror (Brenna, 2021, s. 164-165).

Ho skriv om den felles hukommelsen som ho argumenterer for er i retninga *ulukke og katastrofe*. I ein traumediskurs vil det alltid vere spørsmål kring kven og kva som er til stades på dagsorden. Dette er på grunn av distinksjonen som Kaplan karakteriserte. I sitatet ovanfor er Brenna redd for det ho ser på som omskriving av historia eller minne om terroren, og at «den politiske motivasjonen og mål skal viskes ut» (Brenna, 2021, s. 164). Derfor kan det vere relevant å spørje seg om 22. juli er ein diskusjon i samfunnet eller ein offisiell diskurs (Kaplan, 2005, s. 66-67). Denne distinksjonen er sentral i diskusjonen til Brenna. Dette er noko ho er særleg opptatt av, som er med på å forklare kvifor ho ønsker å gi ut nettopp denne boka.

Brenna trekkjer også likskapslinjer mellom bakgrunnen til Hermansen-åtaket og 22. juli-åta, og skriv om motivasjonen og årsaksforklaringa til angrepa. Brenna skriv «Motivasjonen til drapsmennene var tett forbundet. Men jeg er ikke sikker på om vi som folk er like bevisste på det politiske motivet for terroren 22. juli» (Brenna, 2021, s. 14). Ved å trekkje denne samanlikninga gir Brenna 22. juli-åta ein svært markant og synleg politisk karakter, men mest av alt gjer dette det tydeleg til mottakaren ved at ho nemner eit så medieprofilert drap som Hermansen. Denne hendinga stikk seg ut blant anna gjennom at Benjamin-prisen vert utdelt kvart år, til skular som driv arbeid mot rasisme og diskriminering (HL-senteret, 2012). I tillegg til at drapet har vore svært omtalt, som til dømes gjennom podcast av NRK frå 2018 «Drapet på Benjamin Hermansen – Hele historien» (NRK Radio, 2018). I dette legg også Brenna til ein historisk resonans, ved å vise til Hermansen og bakgrunnen eit rasistisk motivert knivdrap i Noreg. Ho bruker altså denne tilvisinga for å skape meir forståing, og for å skape eit bilete av historisk parallellføring.

Brenna syner at det er ti år mellom 2001-drapet og 2011-terroren, og ti nye år til boka *22. juli – og alle dagene etterpå*. I dette sit lesaren igjen med spørsmålet «kva ideologiske krefter gjer



at desse hendingane oppstår med hyppige mellomrom». Å skape ei samanlikning til ei anna norsk hending, skaper eit slags usynleg raud tråd mellom hennar egne opplevingar, epokar ho sjølv har levd gjennom, hennar politiske standpunkt, og det politiske utgangspunktet ho ønsker å kaste lys over i boka. Ho skaper ei større nasjonal tidslinje ved å sjå tilbake i tid. Ho ser at ekstremhaldningar resulterte i eit valdeleg og fatalt åtak. Minnediskursen er ein pågåande forhandling i samfunnet (Rothberg, 2009, s. 11-12). Rothberg skriv at parallell minnediskurs kan skape produktive former for arbeid med å minnast, dersom ein gjer det med riktig etisk vinkling, såkalla produktive former for arbeid med minnediskursen (Rothberg, 2011, s. 525). Brenna peiker på hatsk vald som årsakssamanheng mellom åtaka i 2001 og 2011, og med dette ønsker ho å trekkje linjer mellom dei to åtaka med utgangspunkt i bakgrunnsmotiva.

Dette kapittelet svarer utfyllande på det andre analysespørsmålet mitt, som ser på korleis Brenna gir form den sosiale dimensjonen av ei terrorerfaring i teksta. Analysen kaster lys over samspelet og utfordringane mellom egne og andre sine forventningar, og å vere plassert i ein kategoribås som «overlevande». Eit moment ho fokuserer på er den kollektive hukommelsen i samfunnet etter terroren. Eit interessant aspekt er korleis ho tematiserer den kollektive hukommelsen ved bruk av tilvisingar parallelt til Hermansen-saken, og samanlikninga av dei to hendingane. Kapittelet viser fleire spenningar i møte mellom den individuelle dimensjonen og den kollektive dimensjonen etter ei terrorerfaring, og korleis Brenna fortel om denne særskilde erfaringa i lys av traumeteori.

### ***4.3 Kvifor skrive vitnesbyrd ti år etter terrorerfaringa?***

I den første perioden etter terroren bidrog vitnesbyrda til dokumentasjon, opplysning og fastsetting av tidslinjer (Vold, 2020, s. 40). Vi kan betrakte og forstå dette som den spontane terroreffekten, som lest i sitatet av Vold nedanfor:

Å lese bokutgivelser som utkom før Gjørsv-rapporten hadde fastlagt hendelsesforløpet, og før rettsaken hadde avgjort tilregnelighets- og straffespørsmålet, innebærer å vende tilbake til en periode der de mest umiddelbare terroreffektene/terroraffektene lar seg lese ut.  
(Vold, 2020, s. 48)

Dokumentasjonsbehovet endra seg etter utgreiingane frå Gjørsv-kommisjonen, som fastslo viktig detaljinformasjon om terrorhendinga. Vi kan forstå meir om korleis terroreffektane

påverkar overlevande no ti år etter, ved å lese refleksjonane til Benna. Uavhengig av kva refleksjonar ein kan lese ut frå boka, er *22. juli – og alle dagene etterpå* med på å gi eit bilete av korleis Brenna har opplevd tida etter terroren. Vi kan lese og forstå ho som ein del av eit pågåande 22. juli-narrativ. Dette kapittelet speglar det tredje analysespørsmålet «Kvifor skrive vitnesbyrd ti år etter terrorerfaringa?». For å svare på dette nyttar eg dei fire funksjonane til Vold i oppgåva, som karakteriserer den tidlege sakprosalitteraturen om 22. juli. Ho poengterer at ho finn desse funksjonane på tvers av sakprosasjangrar ho studerer, både i dokumentariske og sjølvbiografiske tekster (Vold, 2020, s. 49). Eg skal undersøke kva rolle desse funksjonane har i boka til Brenna. For å gjere dette på ein grundig måte må eg legge til grunn at det har vore ei tidsutvikling på ti år, og på denne måten møter eg aktuelle perspektiv i *22. juli – og alle dagene etterpå*.

#### 4.3.1 Dreining av siktemål

Allereie på omslaget av boka skriv Brenna at ho ønsker å gi lesaren ei viktig påminning om kva vi skal hugse, og kva vi aldri må gløyme. På grunn av det personlege fleirtalspronomenet «vi», skaper dette ei forventning om at boka skal strekkje seg utover det tekstinterne. Forfattaren skaper eit fellesskap mellom seg sjølv og lesaren, gjennom bruk av «vi»-pronomenet. På same tid er dette eit uttalt mål med både skrivinga og publiseringa av boka. Teksta har ein intensjon og ambisjon om å hjelpe lesaren å hugse terroren. Korleis syner denne ambisjonen seg i teksta?

Et av spørsmåla jeg får oftest, er hvordan 22. juli har forandret meg. Jeg syns det er et vanskelig spørsmål å svare på, for jeg har jo ikke levd et parallelt liv som ikke har inneholdt denne dagen [...] For å kunne svare på spørsmålet om hvordan 22. juli har forandret meg, så tror jeg at jeg må begynne der. Med frykten. Hvor grunnleggende den var, hvor stor den er, og at jeg fortsatt kan kjenne på den. *Derfor tror jeg denne boka bør skrives.*

(Brenna, 2021, s. 15, min kursiv).

I sitatet ovanfor ser ein at Brenna lever med kjensla av opplevinga frå Utøyamassakren. Ho set fingeren på konstante kjensler som kontinuerleg frykt. Desse kjenslene skriv ho sjølv har vore med på å forklare *kvifor* ho ønsker å leggje fram traumeerfaringa i bokform. I dette ligg altså at hennar eigne personlege kjensler, som har vore med på å skape ein eigen intensjon med utgivinga. Eit interessant aspekt i boka hennar er at ho sjølv forklarar kvifor ho ønska å gi ut desse sjølvbiografiske refleksjonane i bokform, no ti år etter terrorhendinga. Det er tydeleg at ho ser traumeerfaringane sine i direkte lenke til kvifor ho ønsker å gi ut boka. I

tillegg hevdar ho det er særleg viktig å vere med på fortelje om terroren, til dømes i sitatet under (Brenna, 2021, s.189): «denne boka er min lille brikke i det store puslespillet som til sammen utgjør minnet om denne dagen. Jeg håper mange andre vil bidra med sine i årene som kommer».

Denne intensjonsfokuseringa kan ein lese som eit forsøk på å få fleire til å opne seg opp og å fortelje. Det er ein intensjonsrik invitasjon, for å inspirere andre i liknande situasjon. Det er eit gjennomgåande ønsket om å forklare lesaren årsaka og intensjonen med utgivinga, og dette har ein sentral plass i boka. Til saman dannar dette grunnlaget for reisinga av det tredje analysespørsmålet mitt. Tidlegare var fokuset å plassere hendingar i tidsforhold for å gi ut dokumentasjon og informasjon (Vold, 2020, s. 38). Det var ikkje like stor intensjonsfokusering i sjølve teksta utover dette. Difor kan vi seie at boka har eit uttalt eksplisitt *dreining av siktemål* samanlikna med tidlegare 22. juli-prosa.

Det er likevel ikkje alltid slik at den nedskrivne intensjon har ein korrelasjon med den fortolkinga som vert gjort. Det er interessant å sjå *utover* den uttalte intensjonen i boka. Som nemnt tidlegare er mange traumeforteljingar bestseljarar på bokmarknaden (Luckhurst, 2008, s. 119). Brenna har tidleg ein sentral plassering i medietrykket etter 22. juli. Verdens Gang lagde ein nettartikkel med fleire djupneintervju av offentlege profilar som dei kalla «22. juli – PROFILENE». Her har Brenna eit portrettintervju med tittelen «Om å lede mens skytingen pågikk», som handlar om hennar posisjon i AUF under terroren, og om ansvaret hennar under og i etterkant (Hegvik, u.å.).

NRK hadde eit intervju med Brenna i 2012, der ho fortel om opplevinga som vitne i rettssaka mot Breivik, samt kvifor ho vel å ta ansvar både under terroren og i tida rett etterpå (Helljesen & Omland, 2012). Det interessante er at Brenna fekk eit markant profilstempel utdelt av media, allereie tidleg etter terroren. Medietrykket har difor utvilsamt allereie prega Brenna i over ti år, difor er det naturleg å spørje om publiseringa er heilt utan ytre press. Forteljingar om lidningar og tragediar er blitt svært populære, som kan forklare kvifor interessa rundt 22.juli-«profilane» er så stort (Modlinger & Sonntag, 2011, s. 1; Luckhurst, 2008, s. 119). Uavhengig av profil-stempelet beskriv Brenna *kvifor* ho ønsker å gi ut boka, og viser til fleire hensikter.

De fleste bøkene, og det er utgitt en hel del, er skrevet av mennesker som observerer oss utenfra: psykologer, statsvitere, journalister og historikere. Men vi selv, denne mengden av enkeltmennesker som overlevde, har skrevet lite om hva vi faktisk opplevde denne dagen (Brenna, 2021, s. 15)

Som Brenna skriv i sitatet ovanfor er den mest understrekte hensikta å vise den individuelle påkjenninga av terroren, og at boka er skriva av ho sjølv som er direkte involvert i hendinga. Vi kan seie ho er i den inste krisekretsen, og at ho ser dette som svært betydeleg i utgivinga av boka.

#### 4.3.2 Å skape ei felles tidslinje

På baksida av boka så er boka skriva «til» barn som ikkje var født i eller etter terroren 2011, ungdom som var barn under terroren, og til vaksne som ønsker meir kunnskap og informasjon. Boka instruerer allereie her at ho ønsker å drive ei form for arbeid med å opplyse og dokumentere. At det står på omslaget at boka er skriva med intensjonen om å nå ut «til» grupper for å drive aktivt med opplysning, gir boka eit nivå av den første funksjonen til Vold. Ho ønsker å dokumentere erfaringa, og hjelpe til med opplysningsarbeid (Vold, 2020, s. 49). Ein kan sjå på det som å jobbe for å opplyse om kva som har skjedd med terroroffera (Kaplan, 2008, s. 122-123).

I kapittel 4.2.2 «Dei temporale forholda» tar eg for meg at Brenna bruker temporalitet og kronologi for å skape ei tidslinje. Kvifor gjer Brenna akkurat dette grepet? Først og fremst er dette i tråd med å vitne *utovervendt*. Ved å skape den heilskaplege formidlinga, og dette fokuset på tidsforhold og tidslinje, vil vidareformidlinga treffe mottakaren slik at ho enkelt kan formidle vidare vitnedokumentasjonen (Vold, 2020, s. 37). Det held ikkje berre å fortelje om erfaringa, ein må møte autentisk forståing hos lyttaren (Laub, 1992, s. 70-71). Brenna argumenterer for at dess lenger tida går, dess fleire erfaringar vert viska ut:

Jeg tror at for hver gang en historie gjenfortelles, fortelles den litt enklere, og med litt færre detaljer. Om et par generasjoner vil kanskje fortellingen om 22. juli være en kronologisk gjennomgang av det som skjedde den dagen. Men det var så mye mer. (Brenna, 2021, s. 26-27).

Brenna underbyggjer dette temporalitetfokuset ved å seie at avstandshorisonnten til terroren stadig vert lenger, «Ti år er både kort og lang tid» (Brenna, 2021, s. 25). Dermed er dette grepet med på å skape ei form for heilskapleg tidslinje. Brenna ser på det å formidle eit

vitnesbyrd som å bere eit samfunnsansvar. Ho argumenterer for at det noko som kan vere direkte farleg å ikkje gjere (Brenna, 2021, s. 14). Vi kan med andre ord finne igjen den kollektive hensikta her, som er å forhindre gløymse og forsømming. Det er med andre ord å bringe kunnskap vidare, og å motverke negasjon (Kaplan, 2005, s. 123; Vold, 2020, s. 44; Lothe & Storeide, 2006, s. 12).

#### 4.3.3 Det «riktige» tidspunktet – for seg sjølv?

Kvifor gi ut ei augevitneforteljing no, ti år etter terroren? Kva er det rette tidspunktet for å gi ut denne boka?

Litt for lenge har jeg tenkt at jeg ikke kan skrive denne boka. Jeg tror det er fordi jeg ikke har orket at 22. juli skal være en så stor del av meg, (...) Jeg har snakket om 22. juli ofte, og jeg er ikke redd for det. Men jeg har samtidig ikke gått helt inn i det. Noe i meg har holdt meg tilbake. Det har vært en blanding av å ikke tørre og ikke å orke.  
(Brenna, 2021, s. 10-11).

I kapittel 3.1.3 «Å gjennomleve traumeerfaringa i skriveprosessen» tok eg for meg korleis Brenna fortel om traumeerfaringa og terrorhendinga. Det å opne opp for moglegheita til å gjennomleve erfaringa på nytt i skrivinga og utgivinga. Offeret kan oppleve å leve gjennom mykje av det same kjensleregisteret kring hendinga som tidlegare, gjennom eiga skriving og publisering. Å opne seg opp for ideen å skrive ned traumeerfaringa si er ein prosess i seg sjølv (Laub, 1992, s. 67). Ho skriv at ho og ønska ikkje at hendinga skulle ta så mykje plass både av og i kvardagen hennar (Brenna, 2021, s. 10). I dette vil eg seie at ho først valte det som gjorde ho best, nemleg å halde hendinga meir for seg sjølv. Seinare endra ho dette synet. Det er altså ein kompleks og hovudsakleg personleg måte å opne seg opp til ei traumeerfaring på. Å skrive ned traumeerfaringa, er å arbeide seg gjennom ei erfaring, og det vert kalla å *skrive ned traumet*. Det er direkte oversett frå omgrepa til LaCapra «writing trauma» i kontrast til «writing (about) trauma» (LaCapra, 2001, s. 187).

Eg vil likevel diskutere at i *22. juli – og alle dagene etterpå* så har den individuelle hensikta eit anna avtrykk enn dei tidlegare sakprosaetekstene. Vold skriv at den tidlege individuelle funksjonen var å vise dei personlege konsekvensane, som desperasjon, motlause og hat (Vold, 2020, s. 49). Det har gått frå å vere ei form for akutt respons på terroren, til i større grad eit ønske om å diskutere konsekvensar av terroren. Eit døme kan vere både å vise korleis terroren har påverka Brenna som mor (Brenna, 2021, s. 140-141, 146), og samstundes eit ønske om å

problematisere den politiske etterdiskursen av 22. juli (Brenna, 2021, s. 150-151, 153, 155-156, 163). Det er ein dobbel *dytte-og-dra effekt*, ein kombinert og samanfallande individuell og kollektiv hensikt. Det er ein korrelasjon mellom å hjelpe samfunnet å hugse, og sleppe å bere minne åleine, og dermed kan vi legge til grunn at det er kombinert å vitne *innover- og utovergåande*. Å både ønske å gløyme, men samstundes ønske å dele, vert kalla ein dobbel minne- og kommunikasjonssituasjon (Langås, 2016b, s. 10). Eit vitnesbyrd er ei spesiell form for forteljing, på grunn av du både er *deltakar* og *tilskodar* (Lothe, 2013, s. 164). Det er ingen tvil om at dette gjer den doble minne- og kommunikasjonssituasjonen enno meir kompleks, sidan det dermed vert ei fleirsidig omsynsvurdering.

Eit anna interessant moment Brenna tar opp, er omsynet ho har til politiske motstandarar, «I mange år har jeg følt det ikke er forenlig å snakke om 22. juli og samtidig være politiker» (Brenna, 2021, s. 16). Dette er ein ganske spesiell posisjon Brenna har, i kraft av eiga politisk og offentleg stilling. Dette handlar om reaksjonen til *lyttaren til vitnesbyrdet* som har ei svært viktige rolle i sjølve vitnesbyrdet. Ein kan halde vitnesbyrdet for seg sjølv, dersom ein fryktar å ikkje bli møtt av motparten (Laub, 1992, s. 67).

Korleis opptrer dette aspektet i den aktuelle politiske konteksten? Her oppstår det ein litt uklar rolle mellom avsendar og lyttar. På eine sida er boka gitt ut av privatpersonen Tonje, og på andre sida er vitnesbyrdet skriven av politikaren Brenna. Dette forholdet kan gjere at lyttaren til vitnesbyrdet vert påverka av dette uskarpe rolleskiljet. Kven er eventuelt lyttaren til vitnesbyrdet? Dersom lyttaren er ein politisk motpart, kan ein lese den politiske diskusjonen annleis enn ein privatperson. Eit døme finn vi blant anna i korleis ho ser på det å vere overlevande frå terroren og delta i valkampanjar, «Før et valg passer det ikke å snakke om det, for da kan man bli mistenkt for å ville slå politisk mynt på det» (Brenna, 2021, s. 16).

#### **4.3.4 Den politiske etterdiskusjonen i bokform**

Den tredje funksjonen til Vold er framstillinga av responsen til nasjonen. I dei tidlege sakprosabidraga vart den nasjonale sorgresponsen og etterreaksjonar problematisert (Vold, 2020, s. 49). 22. juli-diskusjonen har gått i over eit tiår, på ulike arenaer og gjennom fleire sjangrar (Lenz, 2018, s. 103). Brenna nyttar høvet til å uttrykke personlege erfaringar, i kombinasjon med eit meir kritisk blikk og vinkling. Som nemnt har *22. juli – og alle dagene etterpå* ein kompleks tosidig innhaldstematikk. Det vil seie at forfattaren ønsker på eine sida å gi ei personleg augevitneforteljing frå Utøya, og på andre sida å vie plass til etterrefleksjonar.

I tillegg til den parallellgåande innhaldstematikken, kan vi seie at desse etterrefleksjonane har to nivå. Det eine nivået er personlege refleksjonar, kring vitnesbyrd og individuelle resonnement. Til dømes diskuterer ho erfaringane som småbarnsmamma (Brenna, 2021, s.145-146).

Den andre nivået er refleksjonar som er politisk orienterte. Denne delen av boka handlar om refleksjonar kring førebygging av politisk radikalisme og ekstremisme, og debatten om 22. juli-debatten frå hennar ståstad. Denne ståstaden er påverka av hennar posisjon som aktiv politisk aktiv i Arbeidarpartiet. Det som hovudsakeleg vert diskutert, er korleis Brenna opplevde å vere politisk aktiv i AUF etter 2011, samt debatten kring å trekkje eller bruke Utøyakortet (Brenna, 2021, s. 150-151, 153, 155-156, 163). «Jeg har opplevd terror og at jeg bryr meg om politikk, men forventningen er at jeg skal være et politisk nøytralt offer» (Brenna, 2021, s. 153). Brenna skriv om forventningsrammer og normer som ikkje passer saman, og tankar om korleis radikale og ekstremistiske tankar har fått rom til å utvikle seg i Noreg. Her ser vi korleis litteratur som tematiserer traumeerfaringar inngår i sosiale og kulturelle kontekstar og prosessar, samt politiske konsekvensdiskusjonar (Langås, 2016b, s. 12-13).

Innleiingsvis fortel Brenna at ho i lang tid ikkje orka tanken på å skrive ei bok om erfaringane frå 22. juli (Brenna, 2021, s. 10). Ho har likevel eit ønske om å gjere dette no, for å det ho ser på som å skape eit felles språk, sitert under:

Med unntak av taler som holdes hvert år til markeringer av 22. juli, har vi egentlig ganske lite felles språk for å snakke om det som skjedde den sommeren. Både talene og ordene i dem er vakre. Men det er ikke et hverdagslig språk. Det er ikke et ærlig og direkte språk, som jeg tror vi trenger for å beskrive hvordan det var. Det gjør det kanskje at det blir vanskeligere å snakke om - og bli enige om – hva som egentlig skjedde.  
(Brenna, 2021, s. 11)

Dette er eit interessant aspekt ved refleksjonane til Brenna, og ho reflekterer kring språkbruk. Språket er eit viktig grunnlag for å skape eit fellesskap om hendingane, og dermed vert språkbruken om 22. juli det Brenna ser på som eit viktig *oppdrag* for boka (Brenna, 2021, s.11). I dette ligg det både ein vitnefunksjon som dreiar både *utover* og *innover*. I dette er det interessant å spørje kva Brenna meiner med «eit felles språk». I dette tilfelle kan ein sjå på ein fellesspråkleg ramme som ein analogi for å skape semje om handlingane som vart gjort. På andre sida kan ein sjå på det som ein større analogi om ein debatt om dei politiske og

ideologiske aspekta som var med på å forklare bakgrunnen for åtaka. I dette ligg den ekstremistiske ideologiske overtydinga til Breivik. Brenna argumenterer for at dette er særleg viktig for nyare generasjonar. Dei skal, utan forkunnskap, lære om terroren:

Om noen få generasjoner vi terroren vi opplevde den dagen kunne ha forandret seg til å bli en historie om en ulykke eller en tilfeldig katastrofe. Det tror jeg er farlig for et land. For vi må vite hva som truer oss, for å kunne være enige om hva som skal til for å være trygge. (Brenna, 2021, s. 14-15).

Eg ønsker å leggje til at ho dermed ser på det som ein distinksjon mellom å snakke om 22. juli som ein *nasjonal katastrofal hending*, i motsetnad til eit *partipolitisk mål, med ideologisk siktemål og augneméd*. Dette er noko som skil seg frå den tidlege augevitnesakprosaen om 22. juli, som i stor grad fortalte individuelle forteljingar som til saman skapte ei stor tidslinje (Vold, 2020, s. 51). Det er eit ønske om å bere vitne om bakgrunnen til *kvifor* den valdelege massakren skjedde.

I forkant av terroren delte Breivik ytterleggående høgreekstremistiske synspunkt på nett (NOU 2012:14, s. 341) Alt i alt skriv Brenna at ho ønsker å gi 22. juli ein karakter av det ho kalla *motiv*, «Jeg er ikke sikker på at folk er like bevisste på det politiske motivet for terroren 22. juli» (Brenna, 2021, s. 14). Dette gir teksta ein karakter av noko som strekker seg forbi von-, samhold- og kjærleiksretorikk, og ho vert meir ei kritisk og problematiserande stemme. Vi kan med dette seie at handteringsforteljinga stangar i møte med kjærleiksforteljingstypologien (Lenz, 2018, s. 97-99).

Brenna ser dermed på vidareformidlinga av hendingane 22. juli som ein deltaking i storsamfunnet (Vold, 2020, s. 37). Ho ser på å bere vitne vidare som ein del av eit større samfunnsansvar. Å skape dette felles språket, som ho gjentakande kallar det, er for henne å skape eit større heilskapleg bilete. «Felles for mange er at de aldri egentlig har forholdt seg til 22. juli som en helhet, men som bruddstykker» (Brenna, 2021, s. 16). I dette sitatet ser vi kjensla av å skape ein større og heilskapleg traumekultur. Ho ønsker å bidra til det Brenna meiner manglar frå debatten, eller er presentert i brotstykke, altså å leggje ut og skape eit felles språk. Med dette kan vi sjå til det Langås kallar ein «traumekultur», altså at tematikken vert meir nyansert og mangesidig ved at fleire fortel om traumeerfaringa si (Langås, 2016b, s. 75).



Kva meiner Brenna med eit felles språk? Eg ønsker å sjå på det med to forklaringar. Det første er nemnd ovanfor, nemleg at det er ei analogisk samanlikning til å opne for ein debatt om risikoen for ideologisk overtyding og radikaliserings i samfunnet. På andre sida er det sjølvstøtt interessant at Brenna nemner nettopp språket, sidan språket er så grunnleggande i strukturane i samfunnsdiskursane. Det handlar på same tid om den *inste krisekretsen i ei terrorerfaring*. Dei individuelle einskilderfaringane som skal navigere i reaksjonane frå storsamfunnet. I sitatet nedanfor ser vi at ho peiker ut det politiske motivet og dei ideologiske haldningane som eit punkt ho ønsker å setje meir på dagsorden, og det kjem fram at ho ønsker eit politisk utgangspunkt i debatten om 22. juli:

Selv finner jeg et slags håp og trøst i at verden går videre, samtidig som jeg er opptatt av at vi aldri må glemme det som skjedde den dagen. Både fordi det er en del av vår felles historie som land og folk, og fordi forståelsen av hva som skjedde 22. juli 2011 danner bakteppet for hva vi skal være på vakt mot. *Derfor mener jeg det politiske er viktig. Det var politisk motivasjon som førte til at 77 mennesker ble drept den dagen (...)* De kreftene som kunne bidra til å radikaliserer gjerningsmannen, lever fortsatt i beste velgående. Han bærer fullt og helt ansvaret for sine handlinger. Holdningene deler han derimot med tusenvis av andre. (Brenna, 2021, s. 188, min kursiv).

I kapittelet «Avmakten etterpå», namngir ho eksplisitt politikarar frå høgresida (Brenna, 2021, s. 153-158). Det er tilsynelatande lite som er filtrert bort. Dermed kan vi seie at ved at ho peiker på profilerte politikarar, ønsker Brenna å leggje opp til diskusjon i det politiske rom, og drøfting kring problemstillingar som er politisk orienterte.

Etter terroråtaket 11. september i 2011 at det var ei *politiseringsdreining i traumefeltet*. Dette kan bli lest gjennom den litterære kunstresponser på katastrofen, samt arbeidet med nytt materiale og nye problemstillingar. Dette handla i stor grad om det ideologiske utgangspunktet til terrora (Langås, 2016b, s. 32). *22. juli – og alle dagene etterpå* har fleire element som peiker i den retninga. Eit vitnesbyrd har eit nivå av sjølvframstilling, og dette vert særleg relevant på grunn av den politiske posisjonen til Brenna. Ho held fram det problematiserande sporet til dei tidleg utgitte sakprosaverka. Ved å gi ut ei bok som kombinerer augevitneforteljinga og den politiske diskusjonen, vert det ei kontrast til det offisielle progressive narrativet. Det tragiske narrativ kan på fleire måtar bli lest som ei kontrast til kjærleiksforteljinga som kan vere vanskeleg å kombinere med samfunnspolitisk diskusjon (Lenz, 2018, s. 99; Vold, 2020, s. 51).

Vold skriv at det er påfallande i kva grad dei tidlege sakprosabidraga problematiserer terrorkonsekvensane (2020, s. 49). Analysen viser at Brenna (2021) kombinerer det *forteljande aspektet* frå den tidlege vitnesbyrda med *etterdiskusjonen* i stor grad. Dermed kan vi seie at ho skriv seg inn i det tragiske narrativet, som gir lesaren eit innblikk i det som ligg bakom det offisielle progressive narrativet og samhaldsretorikken (Vold, 2020, s. 51). Boka har eit tydeleg utgangspunkt, som tidlegare sakprosa, med tanke på problematisering og diskusjon, men vi kan lese at politiseringsdreinga har vorte enno meir markant i *22. juli – og alle dagene etterpå*. Ho problematiserer kjærleiksforteljinga (Lenz, 2018, s. 97-99), og ønsker ei klarare handteringslinje om terroren løfta opp på dagsorden. Som lest ovanfor ønsker ho at denne linja skal vere politisk orientert (Brenna, 2021, s. 188).

Det er svært interessant at Langås finn i hennar gjennomgang av litterære fiksjonsresponsar på 22. juli, at kjærleiksretorikken har plassert djupe spor i alt frå lyrikk til lengre fiksjonsromanar. Ho tar for seg romanane *Velkommen til oss* (2014) av Eivind Hostad Evjemo og *Sju dagar i August* (2014) av Brit Bildøen, og begge romanane framhevar tematikk og budskap som optimisme og håp (Langås, 2016b, s. 75). Denne distinksjonen viser at sakprosatextar og fiksjonsromanar har ein tendens til *tematisk asymmetri*. Det er likevel viktig å poengtere at då dei to aktuelle skjønnlitterære tekstene kom ut i 2014, og at ein ikkje kan spå den framtidige skjønnlitterære responsen på terroren.

#### **4.3.5 Til minne**

Å gi ein sentral og oversiktleg plass til namna til dei omkomne i publiseringane, er i tråd med den fjerde funksjonen til Vold (2020, s. 49). Dette er ei form for arbeid med å minnst dei omkomne. I Brenna (2021) har ho to sider dedikert til namna til dei drepne, og ho kallar denne dedikasjonen «In memorian», som er eit omgrep frå latin som tyder *til minne*. Namna er alfabetisk ordna og plasserte på dei to siste sidene i boka (Brenna, 2021, s. 194-195). Sidene skil seg signifikant ut på grunn av den duse lysegrå bakgrunnsfargen. Til samanlikning har resten av boka kvitfarga bakgrunn. Dette grepet fangar lesaren, sidan grå er ein farge som framfor alt representerer sorg.

Framfor namna er det plassert ein kvit blom, som liknar mykje på vårblomen kvitveis. Å bruke blomar på denne måten har fleirsidig symbolikk. Det viser til rosehavet som samla nasjonen etter terroren, og korleis blomar spelte ei sentral rolle etter hendinga. Brenna vel

likevel ikkje å ha ei rose, noko som sjølvstund kan bli forstått på fleire måtar. Eit aspekt er at Arbeiderpartiet i lang tid har brukt roser i politisk valkamp. Å velje bort denne rosa, og heller bruke den kvite blomen, kan ein lese i at ein ikkje ønsker å politisere arbeidet med heidringa og å minnast dei som mista livet. Å velje den kvite vårblomen, som framfor alt representerer spiresong og vekst, viser til noko som gror. Fargen kvit representerer eit ønske om fred. Boka til Brenna har dermed eit klart element av arbeid til minne om dei omkomne. I sitatet under viser ho til ein samtale med sonen sin, om venen hennar Gunnar som mista livet på grunn av terroren.

Jeg svarer at det er mer enn ti år siden Gunnar lurte meg sist, fordi han ble skutt på Utøya og døde på sykehus dagen etter. Han spør hvor gammel Gunnar var da. Jeg svarer at han var 23 da han døde. Sønnen min spør meg om han er eldre nå, eller om han vil være 23 år for alltid. Jeg svarer at han for alltid vil være 23 år.

(Brenna, 2021, s. 174).

Brenna fortel sonen sin om venen Gunnar, og som ho poengterer i sitatet, så vert han ikkje eldre. Å namngi personar på denne måten, kan ein lese som potensielt å styrke arbeidet med å minne om dei som mista livet. Ho understreker poenget ved å seie dette til sonen sin. På denne måten peiker det tilbake til at ho skriv på baksida at boka er *til* barn som ikkje var fødd i 2011, eller barn som var for unge til å kome i hug terroren. Det viser seg som ein tosidig funksjon. På eine sida gjer ein det for å minnast dei einskildindividua som mista livet, og på andre sida for å drive opplysningsarbeid.

I denne delen av oppgåva er hovudfokuset å undersøke og å kaste lys over *kvifor* Brenna skriv om traumeerfaringane, no ti år etter 22. juli. I analysen av dei tidlege sakprosaabøkene finn Vold fire funksjonar, uavhengig av sakprosastrukturar. Eg har kartlagt og undersøkt korleis funksjonane utyller ei rolle i den sjølvbiografiske sakprosaeteksta *22. juli – og alle dagene etterpå*. For å møte tidsutviklinga i vitnesbyrda ti år seinare, må ein sjå funksjonane i lys av det aktuelle tidsperspektivet.

I *22. juli – og alle dagene etterpå* viser den kollektive hensikta seg på to ulike plan. Det første planet er å skape ei felles tidslinje av terroren, og det andre planet er å spørje etter ein felles språkbruk og forståingshorisont av bakgrunnsmotivene til terroren. Deretter tilbyr den individuelle dimensjonen av vitnesbyrda lesaren eit unikt innblikk i konsekvensrefleksjonane kring terroren, frå nokon som var direkte påverka. Ho fortel om korleis terroren har påverka

henne personleg gjennom dei siste ti åra. Vidare problematiserer Brenna etterresponsen til nasjonen. Refleksjonane hennar er prospektive, og at ho spør etter eit større politisk oppgjær i samfunnet (Brenna, 2021, s. 188). Boka har til slutt eit moment med arbeid til minne om dei omkomne, og det kan vi sjå ved at namna deira blir plasserte sentralt i verket. I tillegg til dette har eg sett at det er ei intensjonsdreining i teksta, som peiker på at ho ønsker å vere instruerande og forteljande for lesaren, og dette byrjar allereie på omslaget av boka. Vi kan forstå og lese innhaldet i boka som terroreffektar og subjektive tolkingar av både terrordøgnet og etterdønningane av hendinga.

## 5.0 Konklusjon

Å vere inst i ein krisekrets er å vere i ein svært særskild posisjon (Vold, 2020, s. 36). Difor vart eg interessert i å undersøke ei bok skriven av nokon som var, og framleis på nokre måtar er, direkte involvert i terroren. Oppgåva ønsker å undersøke og å synleggjere korleis *22. juli – og alle dagene etterpå* gir form til det individuelle nivået og den kollektive dimensjonen i terrorerfaringa. Det har eg realisert gjennom dei to første analysespørsmåla. Dette er særleg interessant på grunn av distinksjonen mellom at 22. juli-terroren ramma sivile einskildmenneske, og samstundes framkallar terroraksjonen ei frykt og redsle som får ringverknader i storsamfunnet.

Den individuelle dimensjonen vert synleggjort gjennom spørsmålet «Korleis fortel Brenna om det individuelle nivået i terrorerfaringa?». Det tematiske hovudfokuset er eit avgrensa intervall i boka som fokuserer på sjølve terrorhendinga og terrortimane på Utøya. Kapittel «22. juli 2011» viser tydeleg at boka har eit klart og markant skilje mellom augevitneforteljinga frå terrortimane, i kontrast til refleksjonane i ettertid. Det mest interessante grepet er korleis forfattaren bruker historisk presens og tempusskifte for å setje fokus på å skilje mellom opplevingane under og etter terroren. Vidare bruker ho direkte språkbruk, komposisjonsvariasjon og tematisk vinkling for å gi form til eigne kjensler. Samspelet mellom dei ulike momenta speglar korleis bokformatet gir forfattaren mange ulike moglegheiter til å framstille eiga traumeerfaring.

Eg undersøker den kollektive og sosiale dimensjonen i det andre analysespørsmålet «Korleis fortel Brenna om den kollektive dimensjonen i terrorerfaringa?». På latinsk har ordet «vitne» to variantar, og gjennom denne forståinga ser ein at eit vitnesbyrd har fleire nivå. Analysen viser at vitnesbyrdet har ei tosidigheit som er synleg gjennom distinksjonen at forfattaren peiker både innovervendt, om å fortelje eigne erfaringar, og utovergåande, å bringe vidare innsikt om erfaringane til andre. Ho tar for seg det kollektive nivået ved å skrive om refleksjonane hennar kring å vere i ein spagat mellom å vere «ein av få» overlevande, «ein av dei» mange involverte, og «ein av oss alle» i Noreg. Denne rollespagaten er ein signifikant del av det Brenna skriv om å navigere som einskildindivid, i møte med den kollektive dimensjonen i eit terrortraume.

Eg ønska å undersøke kvifor forfattaren skriv vitnesbyrd, i lys av den stadig aukande tidsavstanden til hendinga. Det har eg undersøkt gjennom det siste analysespørsmålet «Kvifor skrive vitnesbyrd ti år etter terrorerfaringa?». Forfattaren ønsker å etablere ei felles tidslinje frå terrordøgnet, men til skilnad frå tidlegare sakprosa er det eit større fokus på langtidsperspektivet. Det individuelle momentet syner seg ved at ho ønsker å fortelje om både timane under Utøyaåttaket, og alle dei personlege og nære resonnementa i ettertid. Ho ønsker vidare ein prospektiv politisk diskusjon, og ho kritiserer mangel på respons frå nasjonen, og særleg kjærleiksforteljinga som samhaldsnarrativ etter terroren (Lenz, 2018, s. 97-99). Ho driv med arbeid til minne om dei omkomne, gjennom å plassere namna sentralt i utgivinga.

22. juli-terroren står i ein unik særstilling i moderne norsk historie. Omgrepet *krisekretsar* meiner eg er eit godt og viktig bilete på korleis «alle» kan vere involverte, og å oppleve konsekvensar som følger av terroren, og samstundes vere i ulike kretsposisjonar. Det viser tydeleg at verknadane av terroren har eit komplekst avtrykk i samfunnet. Det ligg eit stort potensial i den litterære variasjonen i responsen som tematiserer etterverknader av terroren (Lothe, 2013, 171). Det er på grunn av dei fleirsidige og mangfaldsrike moglegheitene til å vinkle konsekvensar av terrorerfaringar, både på kort sikt og i eit langt perspektiv. Alle former for litterære reaksjonar kjem til å utvikle seg i takt med tida, og undervegs vil det bli innlemma nye synsvinklar og aktuelle problemstillingar.

Det blir interessant å lese framtidige augevitneforteljingar frå 22. juli, sidan vitnesbyrd skrivne av terroroverlevande tilbyr lesaren eit unikt innblikk i den inste krisekretsen. Dei siste åra har det vorte meir og meir aktuelt å sjå til langtidskonsekvensane av terroren, og korleis desse verknadene stadig er i utvikling. I markeringsåret 2021 kom det ei særskild bølge med bøker som tar for seg langtidsverknader, både på det personlege planet og på samfunnsnivå. Bøkene er difor svært dagsaktuelle, og skriv seg inn i ein pågåande dynamisk diskurs og veksande narrativ om 22. juli-terroren.

## Litteratur

22. juli-senteret. (u.å.-a). *10 år etter 22. juli*. Henta 14. november 2021 frå <https://22julisenteret.no/10-ar-etter-22-juli/>
22. juli-senteret. (u.å.-b) *Rettsak om prøveløslatelse - spørsmål og svar*. Henta 17. mars 2022 frå <https://22julisenteret.no/rettssak-om-proveloslatelse-sporsmal-og-svar/>
- Adorno, T. (1982). Commitment. I A. Arato & E. Gehardt (Red.), *The Essential Frankfurt School Reader* (s. 300-319). The Continuum Publishing Company. (Opphavleg utgitt 1962).
- Askeland, N. & Maagerø, E. (2014). *Om å utfordre vanen. Samtaler om litterær sakprosa*. Cappelen Damm Akademisk.
- Bal, M., Crewe, J. & Spitzer, L. (1999). Introduction. I M. Bal, J. V. Crewe & L. Spitzer (Red.), *Act of Memory. Cultural Recall in the Present* (s. vii-xvii.). Dartmouth College Press.
- Bildøen, B. (2014). *Sju dagar i august*. Samlaget.
- Blikstad-Balas, M. & Tønnesson, J. (2020). *Inn i sakens prosa*. Universitetsforlaget.
- Breivik, J. (2014). *Min skyld? En fars historie*. Juritzen forlag.
- Brenna, T. (2021). *22. juli - og alle dagene etterpå*. J. M. Stenersens Forlag AS.
- Brenner, H. O., Ekle, L., Hagen, A. K., Hoem, K. & Norheim, M. (2021, 22. juli) 13. anbefalte bøker om 22. juli. NRK. [https://www.nrk.no/kultur/anbefaling\\_gode-boker-om-22.-juli-1.15482583](https://www.nrk.no/kultur/anbefaling_gode-boker-om-22.-juli-1.15482583)
- Brison, S. (1999). Trauma Narratives and the Remaking of the Self. I M. Bal, J. V. Crewe & L. Spitzer (Red.), *Act of Memory. Cultural Recall in the Present* (s. 39-55). Dartmouth College Press.
- Bromark, S. (2012). *Selv om sola ikke skinner. Et portrett av 22. juli*. Cappelen Damm.
- Bromark, S. (2021). *Ingen fred å finne. 22. juli ti år etter*. Res Publica.
- Bond, L. & Craps, S. (2020). *Trauma*. Routledge.
- Böhnisch, S. (2020). Å gi Breivik en scene?. I A. Gjelsvik (Red.), *Bearbeidelser 22. juli ord og bilder* (s. 111-134). Universitetsforlaget.

- Caruth, C. (1995). Introduction. I C. Caruth (Red.), *Trauma. Exploration in Memory*. (s. 3-13). Johns Hopkins University Press.
- Caruth, C. (1996). *Unclaimed Experiences. Trauma, Narrative, and History*. The Johns Hopkins University Press.
- Christensen, M. (2014). *Moren. Historien om Wenche Behring Breivik*. Aschehoug.
- De Man, P. (1979). Autobiography as De-facement. *Comparative Literature*. 94(5), 919-930.  
<https://doi.org/10.2307/2906560>
- Det norske kongehus. (2021). *Tiårsmaking av 22. juli 2011: Kongens tale i Oslo Spektrum*.  
<https://www.kongehuset.no/tale.html?tid=188008&sek=26947&scope=0>
- Dyb, G. & Jensen, T. K. (2019). Å oppleve et overveldende traume - hvordan blir livet etterpå?. I G. Dyb & T. K. Jensen (Red.), *Å leve videre etter katastrofen. Stressreaksjoner og oppfølging etter traumer* (s. 15-33). Gyldendal.
- Dyregrov, K., Kristensen, P. & Dyregrov, A. (2019). Mestring av sorg. I G. Dyb & T. K. Jensen (Red.), *Å leve videre etter katastrofen. Stressreaksjoner og oppfølging etter traumer* (s. 69-85). Gyldendal.
- Egge, J. (2011). Ap fortsetter rosetradisjon i valgkampen. *NRK*. Henta 20. mars 2022 frå  
<https://www.nrk.no/norge/ap-fortsetter-rosetradisjonen-1.7745574>
- Europarådets konvensjon om forebygging av terrorisme. (2005). *Europarådets konvensjon om forebygging av terrorisme – ETS nr. 196* (TRA-2005-05-16-104). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/2005-05-16-104>
- Evjemo, E. H. (2014). *Velkommen til oss*. Cappelen Damm.
- Erikson, K. (1995). Notes on Trauma and Community. I C. Caruth (Red.), *Trauma. Explorations in Memory* (s. 183-200). Johns Hopkins University Press.
- Fassin, D. & Rechtman, R. (2009). *The Empire of Trauma. An Inquiry into the Condition of Victimhood*. Princeton University Press.
- FN-sambandet. (2022, 03. januar). Ekstremisme og terrorisme. *FN-sambandet*. Henta 13. januar frå <https://www.fn.no/tema/konflikt-og-fred/ekstremisme-og-terrorisme>
- Gimnes, S. (1998). *Sjølvbioграфiar. Skrift, fiksjon og liv*. Det Norske Samlaget.



- Gjelsvik, A. (2020a). Innledning. Bearbeidelser. I A. Gjelsvik (Red.), *Bearbeidelser. 22. juli i ord og bilder* (s. 7-17). Universitetsforlaget.
- Gjelsvik, A. (2020b). Vond, men nødvendig. Erik Poppes Utøya 22. juli. I A. Gjelsvik (Red.), *Bearbeidelser. 22. juli. i ord og bilder* (s. 199-213). Universitetsforlaget.
- Gjerstad, T. (2020). Siv Jensen: – Jeg har irritert meg grønn over 22. juli-debatten. *Dagens Næringsliv. DN+*. <https://www.dn.no/politikk/siv-jensen-jeg-har-irritert-meg-gronn-over-22-juli-debatten/2-1-1051316>
- Grepstad, O. (1997). *Det litterære skattekammer. Sakprosaens teori og retorikk*. Det Norske Samlaget.
- Skei, H. (2019, 10. mai) Memoarer. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/memoarer>
- Helljesen, V. & Omland, E. (2012). "22.7. Terroren som rammet Norge. - Hjertet datt ned i magen på meg da jeg fikk beskjed om å vitne nå". *NRK*. [https://www.nrk.no/227/artikler/\\_-hjertet-datt-ned-i-magen-pa-meg-1.8125406](https://www.nrk.no/227/artikler/_-hjertet-datt-ned-i-magen-pa-meg-1.8125406)
- Hegvik, G. K. (u.å.) "22. JULI - PROFILENE. Om å lede mens skytingen pågikk". *Verdens Gang*. Henta 26. April 2022 frå <https://www.vg.no/spesial/at/publish/generic-22-juli-profilene/story/tonje-brenna/8/>
- HL-senteret. (2012, 23. aug). *Benjaminprisen*. <https://www.hlsenteret.no/undervisning/benjaminpris/index.html>
- Hovdenakk, S. (2021, 27. mai). Sterk 22. juli-skildring! Bokanmeldelse: Tonje Brenna: "22. juli - og alle dagene etterpå". *Verdens Gang*. <https://www.vg.no/rampelys/bok/i/86nv1x/sterk-22-juli-skildring-bokanmeldelse-tonje-brenna-22-juli-og-alle-dagene-etterpaa>
- Jupskås, A. R. (2013). Et forsøk på å begripe det ubegripelige: Tolv perspektiver på 22. juli. I A. R. Jupskås (Red.), *Akademiske perspektiver på 22. juli*. (s. 11-30). Akademika forlag.
- Juvet, B. & Juvet, A. M. (2012). *Med livet som innsats. Historien om en redningsaksjon på Utøya 22. juli 2011*. Gyldendal.
- Kaplan, E. A. (2005). *Trauma Culture. The Politics of Terror and Loss in Media and Literature*. Rutgers University Press.
- Kristiansen, A. K. (2021, 14. oktober). De to ferske statsrådene overlevde Utøya-terroren:- Demokratiet vant. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/L5Wj9R/de-to-ferske-statsraadene-overlevde-utoeya-terroren-demokratiet-vant>

Kristensen, P. Dyregrov, K. & Dyregrov, A. (2019). Helsemessige konsekvenser for etterlatte etter terror. I G. Dyb & T. K. Jensen (Red.), *Å leve videre etter katastrofen. Stressreaksjoner og oppfølging etter traumer* (s. 57-65). Gyldendal.

Kunnskapsdirektoratet. (u.å.). *Kunnskapsminister Tonje Brenna (AP)*. Henta 8. februar 2022 frå <https://www.regjeringen.no/no/dep/kd/org/kunnskapsminister-tonje-brenna/id2877306/>

Kvale, H. (2020). 22. juli bidro til varig økt engasjement blant unge. *Institutt for samfunnsforskning*. Henta 18. januar 2022 frå <https://www.samfunnsforskning.no/aktuelt/nyheter/2020/22.-juli-bidro-til-varig-okt-engasjement-blant-ung.html>

LaCapra, D. (2001). *Writing History, Writing Trauma*. The Johns Hopkins University Press.

Langer, L. (2007). From Memory's Time: Chronology and Duration in Holocaust Testimonies. I M. Rossington & A. Whitehead (Red.), *Theories of Memory: A reader* (s. 192-198). Edinburgh University Press.

Langås, U. (2016a). "22. juli." Litterære konstruksjoner av et nasjonalt traume. *European Journal of Scandinavian Studies* 46(1), 81-101. <https://doi.org/10.1515/ejss-2016-0006>

Langås, U. (2016b). *Traumets betydning i norsk samtidslitteratur*. Fagbokforlaget.

Laub, D. (1992). Bearing Witness, or the Vicissitudes of Listening. I S. Felman & D. Laub (Red.), *Testimony. Crises of Witnessing in Literature, Psychoanalysis and History*. (s. 57-75). Routledge.

Lejeune, P. (1989). *On Autobiography* (K. Leary, Overs.). The University of Minnesota Press. (Opprinneleg utgjeva 1975).

Lenz, C. (2018). 22.juli-fortellinger og forhandlingen om hva terroren skal bety for fremtiden. *Tidsskrift for Kulturforskning*, (1). <https://ojs.novus.no/index.php/TFK/article/view/1539>

Leys, R. (2000). *Trauma. A genealogy*. The University of Chicago Press.

Lothe, J. (2013). Litteratur som bearbeiding av 22. juli. I A. R. Jupskås (Red.), *Akademiske perspektiver på 22. juli*. (s. 161-173). Akademika forlag.

- Lothe, J. (2015). Sjølvframstilling som vitnesbyrd: *Kvinnelige tidsvitner*. I A. K. Lande & S. Arneberg (Red.), *På flukt, på vent, på eventyr?: Kari Skjønberg-dagene 2015* (2. utg., s. 96-104). Nasjonalbiblioteket.
- Lothe, J. & Storeide, A. (2006) *Tidsvitner. Fortellinger fra Auschwitz og Sachsenhausen*. Gyldendal Norsk Forlag.
- Lothe, J., Refsum, C., & Solberg, U. (2007). *Litteraturvitenskaplig leksikon* (2. utg.). Kunnskapsforlaget.
- Lothe, J., Suleiman, S., & R. Phelan, J. (2012). Introduction "After" Testimony: Holocaust Representation and Narrative Theory. I J. Lothe, S.R. Suleiman & J. Phelan (Red.), *After Testimony. The Ethics and Aesthetics of Holocaust Narrative for the Future* (s. 1-22). The Ohio State University Press.
- Luckhurst, R. (2008). *The Trauma Question*. Routledge.
- Martinovic, E. (2011). *Lever. Utøya 22. 7*. Portal forlag.
- Melberg, A. (2007). *Selvskrevet. Om selvfremstilling i litteraturen*. Spartacus forlag.
- Melberg, A. (2019, 9. oktober). Selvbiografi. I *Store norske leksikon*.  
<https://snl.no/selvbiografi>
- Modlinger, M. & Sonntag, P. (2011). Introduction: Other People's Pain - Narrative of Trauma and the Question of Ethics. I M. Modlinger & P. Sonntag (Red.), *Other People's Pain. Narrative of Trauma and Question of Ethics* (s. 1-19). Peter Lang.
- Notaker, H. (2021). *Arbeiderpartiet og 22. juli*. Aschehoug.
- Norris, F. H., Friedman, M. J. & Watson, P. J. (2002). 60,000 disaster victims speak: Part II. Summary and implications of the disaster mental health research. *Psychiatry*. 65(3), 240-260. <https://doi.org/10.1521/psyc.65.3.207.20173>
- NOU 2012:14. (2012). *Rapport fra 22. juli-kommisjonen*. Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/bb3dc76229c64735b4f6eb4dbfcdbfe8/nou/pdfs/nou201220120014000dddpdfs.pdf>
- NRK Radio (Institusjon/selskap). (2018, 23. januar). *Drapet på Benjamin Hermansen. Hele historien. (1:3)* [Audio Podkast episode] NRK Radio.
- Omdal, S. E. (2021,10. juni). Stillheten etter rosetogene. *Stavanger Aftenblad*.  
<https://www.aftenbladet.no/kultur/i/nA8A7x/stillheten-etter->

rosetogene?code=pxQPqOggEKw5f4eQGhvtUCUYFvbgMNYaFVUYMDQH6MaOh  
A6kkDtIJCgsGPdAISxW

- Radstone, S. (2011). Trauma Studies. Contexts, Politics, Ethic. I M. Modlinger & P. Sontag (Red.), *Other People's Pain. Narratives of Trauma and the Question of Ethics* (s.63-91). Peter Lang AG, International Academic Publishers.
- Rasmussen, T. (2011) Selvbiografier til glede og nytte. I *Idunn*. 18(4), 364-370.  
<https://doi.org/10.18261/ISSN0805-9535-2011-04-05>
- RG (2012). 22. juli-dommen. Henta 26. april 2022 frå  
<https://lovdata.no/static/file/1276/toslo-2011-188627-24.pdf>
- Rothberg, M. (2009). *Multidirectional Memory. Remembering the Holocaust in the Age of Decolonization*. Standford University Press.
- Rothberg, M. (2011). From Gaza to Warszawa: Mapping Multidirectional Memory. *Criticism*. 54(4), 523-548. Wayne State University Press.
- Røsvik, E. (2021, 28. juli). Heftig 22. juli-krangel mellom Listhaug og Tajik. *Verdens Gang*.  
<https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/o6Or6a/heftig-22-juli-krangel-mellom-listhaug-og-tajik>
- Schau, K. (2012). *Rettsnotater: 22. juli-rettsaken, Oslo tinghus 2012*. No Comprendo Press.
- Seierstad, Å. (2014). *En av oss. En fortelling om Norge*. Kagge Forlag.
- Sitter, N. (2021). Terrorisme. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/terrorisme>
- Skjervø, G. B., Kjær, E. K., & Huitfeldt, A. (2021). *Aldri tie, aldri glemme. En bok fra AUF. Ti år etter terroren*. Red Publica.
- Statsministerens kontor. (2011, 24. juli). *Tale i Oslo Domkirke*. Regjeringen, historisk arkiv 22.7.2011. <https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/smk/taler-og-artikler/2011/tale-ved-statsminister-jens-stoltenberg-/id651789/>
- Strømmen, Ø. (2022, 22. april). Anders Behring Breivik. I *Store norske leksikon*.  
[https://snl.no/Anders\\_Behring\\_Breivik](https://snl.no/Anders_Behring_Breivik)
- Stønsteli, S. M. S & Stønsteli, E. (2011). *Jeg lever, pappa: 22. juli - dagen som forandret oss*. Schibsted.
- Tidsvitne (u.å.). I *Det Norske Akademis Ordbok*. <https://naob.no/ordbok/tidsvitne>

- Tretvoll, M. F. (2013). *Vitnebekjennelsens retorikk. En lesning av tre Utøya-fortellinger*. [Masteroppgave] Universitet i Oslo.
- Tønnesson, J. (2012). *Hva er sakprosa*. Universitetsforlaget.
- Tønnesson, J. (2022, 27. Januar). Sakprosa. I *Store norske leksikon*. [https://snl.no/sakprosa#-Sakprosaen\\_og\\_etterrettelighet](https://snl.no/sakprosa#-Sakprosaen_og_etterrettelighet)
- Valen, S. (2020). *Utøyakortet*. Cappelen Damm.
- Van der Kolk, B. A. & Van der Hart, O. (1995). The Intrusive part: The Flexibility of Memory and the Engraving of Trauma. I C. Caruth (Red.), *Trauma: Exploration in Memory* (s. 158-182). Johns Hopkins University Press.
- Vold, T. (2016). Enabling Testimonies and Producing Witnesses: Exploring Readers' Responses to two Norwegian post-terror blogs. I P. Rothbauer, K. I Skjerdingsstad, L. McKechnie & K. Otherholm (Red.), *Plotting the Reading Experience: Theory/Practice/Politics*. (s. 367-383). Wilfrid Laurier University Press.
- Vold, T. (2020). Tidsvitner. De første sakprosabearbeidelsene av 22. juli. I A. Gjelsvik (Red.), *Bearbeidelser. 22. juli i ord og bilder* (s. 35-57). Universitetsforlaget.
- Young, R. (2010). Terror Effects. I E. Boehmer & S. Morton (Red.), *Terror and the Postcolonial* (s. 305-328). Wiley-Blackwell.
- Østli, K. (2013). *Rettferdighet er bare et ord - 22. juli og rettssaken mot Anders Behring Breivik*. Cappelen Damm.
- Øyenvitne. (u.å). I *Det Norske Akademis Ordbok*. <https://naob.no/ordbok/øyenvitne>